

**BIOLOGISK MANGFALD I VANYLVEN KOMMUNE,
MØRE OG ROMSDAL**

Kartlegging av viktige naturtyper

av

Mattis Vidnes

Føreord

Underteikna utførte i 2002 og 2003 kartlegging av biologisk mangfald i Vanylven kommune. Arbeidet er utført på oppdrag for Vanylven kommune, men alle påstandar og vurderingar, samt eventuelle feil og manglar er forfattern ansvarleg for.

Denne rapporten skal vere eit oppslagsverk som gjev konkret informasjon om det biologiske mangfaldet i Vanylven kommune, og underteikna håpar at rapporten vil verte nytta i den daglege arealplanlegginga. Samstundes skal rapporten gje ei meir generell innføring i temaet biologisk mangfald, og den vil forhåpentligvis vere nyttig i arbeidet med Lokal Agenda 21, i skuleundervisninga og for alle interesserte.

Ein stor takk går til alle som har bidrege og hjelpt til under arbeidet. Ein spesiell takk går til Karl Johan Grimstad for feltassistanse og hjelp med kontrollbestemming av belegg. Takk også til Arnstein Nupen, Atle Arnesen og Randi Aarønæs for eit godt samarbeid med Vanylven kommune gjennom heile kartleggingsprosessen.

Lykke til med det vidare arbeidet med biologisk mangfald i Vanylven kommune!

Ski, 20.01.2004

Mattis Vidnes

Vidnes, M. 2003. *Biologisk mangfald i Vanylven Kommune, Møre og Romsdal. Kartlegging av viktige naturtypar*. Rapport utført for Vanylven Kommune.

Kontaktinfo:

Mattis Vidnes

Ruglandvn. 103
1358 Jar
Tlf (kontor): 64 85 55 53
Tlf (mobil): 924 09 096
E-post: mattis.vidnes@multiconsult.no

Samandrag

Vidnes, M. 2003. *Biologisk mangfald i Vanylven Kommune, Møre og Romsdal. Kartlegging av viktige naturtypar*. Rapport utført for Vanylven Kommune.

Noreg har ved å underteikne konvensjonen om biologisk mangfald forplikta seg til å bidra til vern og berekraftig bruk av biologisk mangfald. I stortingsmelding nr. 58 om "Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling" vert det gjeve nasjonale mål for å følgje opp forpliktingane i konvensjonen. Eit av dei nasjonale måla er at alle kommunene skal ha registrert og verdiklassifisert viktige areal for det biologiske mangfaldet innan 2004. Dette er samstundes eit ledd i ei statleg satsing på å auke kommunane sin kompetanse til sjølv å forvalte det biologiske mangfaldet. Direktoratet for Naturforvaltning har gjeve ut DN-håndbok nr. 13-1999 (DN-handboka) med metodikk og rettleiing for arbeidet.

På oppdrag frå Vanylven kommune har forfattern av denne rapporten starta arbeidet med å kartleggje viktige naturtypar i kommunen etter metodikken i DN-handboka. Figur 2 illustrerer korleis kartlegginga av naturtypar i Vanylven kommune er gjennomført. Arbeidet har omfatta litteratursøk for å finne eksisterande litteratur, samt feltarbeid for å kartleggje nye lokalitetar og å sjekke opp og avgrense allereie kjende lokalitetar. I arbeidet har mange lokale ekspertar og fagfolk bidrege med informasjon og råd.

I Vanylven kommune er det i denne omgong kartlagt 58 prioriterte naturtypelokalitetar frå 17 ulike naturtypar. Av desse er 6 vurdert som svært viktige (A), 33 som viktige (B) og 19 som lokalt viktige (C). Dei 58 lokalitetane utgjer til saman 7184 daa, eller 130 daa i gjennomsnitt. Her må ein vere klar over at nokre få, store lokalitetar dreg opp gjennomsnittet. Det totale arealet av dei prioriterte lokalitetane utgjer til saman litt i underkant av 2 % av det totale arealet til Vanylven kommune.

Denne kartlegginga gjev inga endeleg oversikt over det biologiske mangfaldet i Vanylven kommune, og bør oppfattast som byrjinga på ein prosess, ikkje som eit sluttprodukt. Det finnst heilt sikkert fleire viktige naturtypelokalitetar som forfattern har utegløymt. Vidare er det mange andre aspekt ved det biologiske mangfaldet som det ikkje er fokusert på i dette kartleggingsarbeidet, t.d. kartlegging og oppdatering av viktige viltområde. Vidareføring av dette arbeidet, t.d. informasjon til grunneigarar og interesserte, samt oppdatering og oppfølgande arbeid (sjå kapittel 7), må kommunen arbeide vidare med etter at denne rapporten er ferdig.

For å ta vare på det biologiske mangfaldet må informasjon om verdfulle naturtypelokalitetar nå forvaltarane av områda, inkludert private grunneigarar. Med ei oversikt over det biologiske mangfaldet i kommunen kan kommunale arealplanleggjarar og politikarar styre arealbruken på ein meir forsvarleg måte og sikre rett skjødse i størst mogleg grad. Gjennom avgjerslene sine kan desse aktørane ta omsyn til biologisk mangfald i den langsiktige arealplanlegginga eller direkte i handsaming av plan- og byggesaker.

Figurar, tabellar og tekstboksar

FIGURAR

Figur 1:	Biologisk mangfald	8
Figur 2:	Skjematisk modell over arbeidsprosessen	19
Figur 3:	Kart over Vanylven kommune	25

TABELLAR

Tabell 1:	Organismegrupper kor Noreg har ein relativt stor andel av artane på kloten	9
Tabell 2:	Internasjonale avtalar og konvensjonar knytt til biologisk mangfald	13
Tabell 3:	Den norske raudlista sine kategoriar for kor truga organismar er	20
Tabell 4:	Oversikt over registrerte raudlista artar i Vanylven kommune	21
Tabell 5:	Oversikt over kven som har delteke i kartleggingsarbeidet sommaren 2000	22
Tabell 6:	Ulike bergartar i Vanylven og førekomstar av desse	26
Tabell 7:	Dei viktigaste lausmassetypane i Vanylven	27
Tabell 8:	Meteorologiske data for Vanylven	27
Tabell 9:	Oversikt og skildring av dei ulike vegetasjonssonene som Vanylven ligg i	28
Tabell 10:	Oversikt over dei kartlagde naturtypane i Vanylven kommune	30
Tabell 11:	Oversikt over samla og gjennomsnittleg areal av dei kartlagde naturtypene	30
Tabell 12:	Lokalitetar i hovednaturtype myr	31
Tabell 13:	Lokalitetar i hovednaturtype fjell	31
Tabell 14:	Lokalitetar i hovednaturtype kulturlandskap	32
Tabell 15:	Lokalitetar i hovednaturtype ferskvatn	32
Tabell 16:	Lokalitetar i hovednaturtype skog	33
Tabell 17:	Lokalitetar i hovednaturtype havstrand/kyst	33
Tabell 18:	Andre viktige førekomstar	34

TEKSTBOKSAR

Boks 1:	Innførde artar i Vanylven	10
Boks 2:	Overhausting av rovdyr i Vanylven i eit historisk perspektiv	11
Boks 3:	Forureining i Vanylven	12
Boks 4:	Vanylven, Lokal Agenda 21 (LA21) og det biologiske mangfaldet	14
Boks 6:	Forholdet mellom kartlegging av biologisk mangfald og miljøregistreringar i produktiv skog	18
Boks 7:	Døme på verdsetjing av naturtypar i Vanylven	24
Boks 8:	Åramsholmen dyrelivsfredning	29
Boks 9:	Forklaring av faktaarka	35

Innhald

Føreord	ii
Samandrag	iii
Figurar, tabellar og tekstboksar	iv
Innhald	v
1 Innleiing	8
1.1 Definisjon av biologisk mangfald.....	8
1.2 Kvantifisering av det biologiske mangfaldet.....	8
1.3 Verdien av biologisk mangfald.....	9
1.4 Trugsmål mot det biologiske mangfaldet.....	9
1.4.1 Øydelegging, fragmentering og endring av habitat.....	9
1.4.2 Endra driftsformer i jord- og skogbruk.....	10
1.4.3 Spreiing av framande organismer.....	10
1.4.4 Overhausting.....	10
1.4.5 Forureining.....	11
1.4.6 Avl og foredling.....	12
1.4.7 Klimaendringar.....	13
1.5 Internasjonale konvensjonar.....	13
1.5.1 Rio-konvensjonen om biologisk mangfald.....	13
1.5.2 Nasjonal oppfølging av Rio-konvensjonen.....	14
1.6 Vern av biologisk mangfald i kommunene.....	16
1.6.1 Aktiv sikring.....	16
1.6.2 Passiv sikring.....	16
1.6.3 Grunneigaravtalar.....	16
1.6.4 Verkemiddel i jordbruket.....	16
2 Materiale og metodar	18
2.1 Arbeidsprosess.....	18
2.2 Definisjonar av omgrep.....	18
2.2.1 Naturtypar.....	20
2.2.2 Raudlister.....	20
2.2.3 Signalartar (indikatorartar).....	22
2.2.4 Ansvarsartar.....	22
2.3 Innsamling av materiale.....	22
2.4 Kartfesting, kartgrunnlag og digitalisering.....	23
2.4.1 BMK-database.....	23
2.5 Verdsetjing og prioritering av lokalitetane.....	23
2.5.1 Avvik frå metodikken.....	24
3 Naturgrunnet i Vanylven kommune	25
3.1 Landskap.....	25
3.2 Berggrunn.....	25
3.3 Lausmassar.....	26
3.4 Klima og biogeografi.....	27
4 Naturvernområde i Vanylven kommune	29
Helgehornvatnet naturreservat.....	29
Raudehaugen naturreservat.....	29
5 Naturtypar i Vanylven kommune	30
5.1 Myr.....	31
5.2 Rasmark, berg og kantkratt.....	31
5.3 Fjell.....	31
5.4 Kulturlandskap.....	31
5.5 Ferskvatn.....	32
5.6 Skog.....	32
5.7 Havstrand/kyst.....	33
5.8 Andre viktige førekomstar.....	33
6 Katalog over naturtypelokalitetane	35
6.1 Naturtypelokalitetane.....	35
Åheim: Grynnevatnet.....	36
Åheim: Sunndalvatnet /Grofsevatnet.....	36
Åheim: Grubseraudehaugen.....	37
Åheim: Halse.....	37

Åheim: Raudenausane.....	38
Åheim: Helgehornsvatnet.....	38
Åheim: Helgehornet.....	39
Åheim: Åhaugen.....	39
Åheim: Nygård.....	40
Åheim: Almklov.....	40
Åheim: Lia.....	42
Åheim: Hellebust.....	42
Åheim: Hellebostmyrane/ Gusdalselva.....	43
Åheim: Ekremseter.....	43
Åheim: Ekremseter.....	44
Åheim: Berge.....	44
Åheim: Gusdal Øvre.....	45
Åheim: Gusdal Nedre.....	45
Åheim: Gusdalsvatnet.....	46
Åheimselva.....	46
Åheim.....	47
Åheim: Holmen.....	48
Åheim: Tusshornet.....	49
Åheim: Torvik.....	49
Åheim: Vikabogen.....	49
Sylte: Ekremsdalen.....	50
Sylte: Syltehornet.....	50
Sylte: Ferehola.....	51
Sylte: Raudesanden.....	51
Sylte: Raudegrotet / Skinasvædet.....	52
Sylte: Videlva.....	53
Sylte: Støylsvatnet.....	53
Sylte.....	54
Sylte: Bøstranda.....	54
Sylte: Bøstranda.....	55
Fiskå: Tunheim.....	55
Fiskå: Tunheimshornet.....	56
Fiskå: Storeidsmyrane.....	56
Fiskå: Storeide.....	57
Fiskåelva.....	57
Fiskå: Øyra.....	58
Fiskå: Strand.....	58
Åram: Sandviksanden.....	59
Åram: Nystøylhornet.....	59
Åram.....	60
Åram: Brandalsfeltet.....	60
Åram: Brandal.....	61
Åram: Bjørlykke.....	61
Eidså: Sandnes.....	62
Eidså: Årstad.....	62
Syvde: Oselva.....	63
Syvde: Sjørdalen.....	64
Syvde: Vik.....	64
Syvde: Landsverk.....	65
Syvde: Skåraura.....	66
Syvde: Breiteig.....	66
Syvde: Breiteig.....	67
6.2 Uprioriterte, uteletne og ikkje-oppsøkte lokalitetar.....	68
6.2.1 Uprioriterte lokalitetar.....	68
6.2.2 Uteletne lokalitetar.....	69
6.2.3 Ikkje-oppsøkte lokalitetar.....	69
7 Tilrådingar.....	71
7.1 Tilrådingar for arealplanlegginga.....	71
7.1.1 Generelt for kommunal forvaltning og arealplanlegging.....	71
7.1.2 Skjødselsavhengige lokalitetar.....	71
7.2 Tilrådingar til vidare feltarbeid.....	71
7.2.1 Kunnskapsstatus.....	71


7.2.2	Vidare undersøkingar.....	72
8	Kjelder	73

1 Innleiing

1.1 Definisjon av biologisk mangfald

Populært sagt er biologisk mangfald jorda sin variasjon av livsformer (plantar, dyr og mikroorganismar), deira arvestoff og det kompliserte samspelet dei er ein del av. Variasjonen i naturen kan målast og estimerast på tre ulike nivå: gen-, arts- og økosystemnivå (DN 2002a).

Meir presist er det i konvensjonen om biologisk mangfald definert at: "*Biologisk mangfold er variabiliteten hos levende organismar av alt opphav, herunder bl.a. terrestriske, marine eller andre akvatiske økosystemer og de økologiske komplekser som de er en del av; dette omfatter mangfold innenfor artene, på artsnivå og på økosystemnivå.*" (MD 1992, sitert i DN 2002a). Ein illustrasjon av omgrepet er gjeve i Figur 1.



Figur 1: Biologisk mangfald er jorda sin variasjon av livsformer (plantar, dyr og mikroorganismar) og deira arvestoff, og samspelet mellom livsformene og det ikkje-levande miljø. Biologisk mangfald kan deles inn i 1) mangfald av naturtypar og leveområde, 2) mangfald av artar og 3) genetisk mangfald (Kjelde: MD 2001b).

1.2 Kvantifisering av det biologiske mangfaldet

Det er gjort mange forsøk på å kvantifisere det biologiske mangfaldet på kloten. Dei mest anerkjente anslaga varierer frå 1,4 - 6 millionar og heilt opp til 30 millionar avhengig av kva metodikk som vert nytta (Bryant 2002). Det er i dag sett namn på om lag 1,4 millionar artar, dei fleste av dei i tempererte strøk, og av dei ulike organismegruppene er det fuglar og pattedyr som er best undersøkt. Ein reknar difor med at dei fleste nye artane i verda vil verte funne utanfor dei tempererte strøka, og vil tilhøyre andre organismegrupper enn fugl og pattedyr (Bryant 2002).

Trass i dette vert det stadig funne nye artar i Noreg, om enn ikkje nye for vitskapen, så i alle høve nye for landet. I Noreg har Direktoratet for Naturforvaltning estimert at det truleg er kring 60 000 artar

dersom ein ser vekk frå planteplankton, bakteriar og virus (DN 1999b). Det er i dag registrert rundt 41 500 artar i Noreg, men i tillegg forventast det å finne rundt 25 000 nye (Hågvar og Berntsen 2001). Denne forventninga er basert på registreringar frå nabolanda, samt det ein veit om dei økologiske krava til artar som har vorte registrerte der. Generelt minkar talet på karplantar og dei fleste dyregrupper jo lengre nord og vekk frå ekvator ein kjem (Begon *et al.* 1996), men når det gjeld sopp, lav og mose ser dette ikkje ut å stemme (Tabell 1). Her er Noreg i verdssamanheng eit artsrikt land.

Tabell 1: Organismegrupper kor Noreg har ein relativt stor andel av dei kjende artane på kloten (Kjelde: Sandlund 1992, Jordal og Gaarder 1995).

Gruppe	Kjende artar i verda	Kjende artar i Noreg	Norske artar i prosent
Sopp	51 000	6 050	11,9
Lav	18 000	2 000	11,1
Mose	16 600	1 038	6,3

1.3 Verdien av biologisk mangfald

Miljøverndepartementet (2001a) knyter desse verdiane til biologisk mangfald:

- **Direkte bruksverdi:** Verdi som realiserast gjennom bruk av biologiske ressursar til t.d. medisinar, kunst, klede, byggverk og brensel, samt bruk av natur til lek, rekreasjon, friluftsliv, turisme, undervisning og forskning.
- **Indirekte bruksverdi:** Verdi i form av livsberande prosessar og økologiske tenestar som biologisk produksjon, jorddanning, rensing av vatn og luft, vasshushaldning, lokalt og globalt klima, karbon-, nitrogen- og andre stoff sine kretsløp, økologisk stabilitet og miljøet si evne til å dempe effektar av påkjenningar som forureining, flom og tørke. Desse verdiane er ein forutsetning for menneskeleg eksistens og økonomisk aktivitet.
- **Potensiell verdi:** Verdi som ikkje er utnytta eller kjent. Slike verdier omfattar både direkte og indirekte verdier nemnt ovanfor og er blant anna knytt til bruk av uutnytta genetiske ressursar både når det gjeld tradisjonell foredling og genteknologi for framstilling av nye produkt med direkte bruksverdi.
- **Immateriell verdi:** Verdi som er etisk og moralsk forankra t.d. knytt til ønsket om å vite at ein art eksisterer, til kommande generasjonar sine moglegheiter og livskvalitet, og til ønsket om å ta vare på landskap og natur som del av vår kulturarv og opplevingsverdi.

Til dei moralske og etiske verdiane høyrer også naturen sin eigenverdi (Hågvar 1995a, DN 1999a). At naturen har eigenverdi bygger på tanken om at alle livsformer og urørt natur har verdi i seg sjølv, og difor ikkje treng sjåast på som eit middel, men som eit mål i seg sjølv (Hågvar 1995a). Tanken om at framtidige generasjonar skal overta kloten med like stor moglegheit for ressursutnytting og naturoppleving som vi har, er identisk med ei berekraftig utvikling slik Brundtland-kommisjonen definerte det (MD 1997b).

1.4 Trugsmål mot det biologiske mangfaldet

1.4.1 Øydelegging, fragmentering og endring av habitat

"Uvettig arealutnyttelse er den viktigste årsaken til tap av biologisk mangfold."

Børge Brende, miljøvernminister i Noreg, til Dagbladet (Brende 2002)

Øydelegging, fragmentering og endring av naturområde er den største trusselen mot det biologiske mangfaldet (DN 1998). Særleg viktig er endra driftsformer i jord- og skogbruk (DN 1999b), samt fysiske inngrep med fragmenterande verknad (DN 1995a). Store utbyggingar har ofte store konsekvensar, men det er summen av dei små inngrepa som over tid vil avgjere om vi klarar å ta vare på grunnlaget for biologisk produksjon og det biologiske mangfaldet. Der utbyggingspresset er stort, vert det i dag ofte gjeve dispensasjonar i område av interesse for naturvern og friluftsliv (MD 1997a).

1.4.2 Endra driftsformer i jord- og skogbruk

Utviklinga i jordbruket resulterer i intensivering, spesialisering og rasjonalisering av drifta, men også fråflytting, brakklegging og gjengroing. Den største driftsendringa i jordbruket har skjedd de siste 50 åra (MD 2001a, SFT 2002) og mange kulturskapte naturtypar, m.a. slåtteenger og naturbeitemarker er i ferd med å forsvinne (Fremstad og Moen 2001, MD 2001a). Mykje av det lysopne, mosaikkprega landskapet frå det tradisjonelle jordbruket gror i dag igjen og vert til skog. Dette medfører at planteartar som er avhengige av mykje lys og lite konkurranse går attende. På den andre sida medfører sjølv moderat gjødsling til at ein del artar går sterkt attende eller forsvinn heilt (Fremstad 1997). Omsetninga av kunstgjødsel var svært lav fram til 2. verdskrig. Etter krigen auka bruken av nitrogen sterkt fram til 80-tallet (SFT 2002). Grunna desse endringane vil truleg ei lang rekke plante- og insektsartar forsvinne eller verte svært sjeldne (SFT 2002, DN 1999b) for over 30 % av dei norske raudlista artane er i dag knytt til kulturlandskapet (DN 1999b).

1.4.3 Spreiing av framande organismer

Menneskeskapt spreieing av organismar som ikkje høyrer naturleg heime i økosystema er et aukande problem - både for vern av biologisk mangfald og med omsyn til verdiskaping (MD 2001a). Innførde artar er ikkje tilpassa dei naturlege økosystema, og mange vil døy ut etter kort tid. Men dei som greier å etablere seg, har ofte ikkje naturlege fiendar som regulerer populasjonane, eller dei kan ha andre konkurransefordelar som fører til at populasjonane aukar kraftig (MD 2001a). Dette kan føre til at dei utkonkurrerar andre artar, og at heile økosystem endrast (DN 2002b). Gjennom signering og ratifisering av Riokonvensjonen, har Noreg forplikta seg til m.a. å hindre innføring av, kontrollere eller utrydde framande artar som truar økosystem, habitat eller artar (MD 1992: artikkel 8h).

Boks 1: Innførde artar i vanylven

Under er somme inførde planteartar i Vanylven omtala. Dette er berre eit utval av artar som er lett synlege og som er i spreieing i kommuna. Nokre av desse kan komme til å fortrenge heimlege artar, og vil i so høve ha ein negativ innverknad på det biologiske mangfaldet i Vanylven.

Sitkagran kjem opprinneleg frå vestkysten av Nord-Amerika. I Noreg er den planta i stor stil på Vestlandet og i kyststrøka, særleg under den store skogreisinga på 1960-talet (Lid og Lid 1998, Levende Skog 1998). Det samme er tilfelle med vanlig **Gran**, som heller ikkje er naturleg forekommande i vestlandske økosystem. Når område på Vestlandet vert planta til med gran, vert økosystema endra dramatisk. Begge artane førformeirar og speier seg i tillegg godt (Wesenberg 2000). **Platanlønn** er eit innført treslag frå Tyskland, og treet vart innført som pryde- og tuntre for rundt 250 år sidan (Fremstad og Elven 1996). I dag har platanlønn etablert seg dei fleste stadar i Vanylven, og er observert heilt opp i øverste fjellbjørkeskogsbelte. Platanlønn er svært konkurransesterk og vil truleg utkonkurrere mange andre lauvtreslag, m.a. hassel (Fremstad og Elven 1996), men vil truleg ikkje ha store økologiske effektar utanom endring i artssamansetnad av tresjiktet (Wesenberg 2000). **Parkslirekne** kjem opprinneleg frå Aust-Asia, men har vorte nytta i lang tid som hageplante. Har vorte spreidd med hageavfall, og er i etablert mange stadar i Vanylven, i sær på skrotemark, i randsoner og langs elver og bekkar. Set truleg sjeldan eller aldri frø i Noreg, men spreiar seg sterkt vegetativt på vekseplassen (Lid og Lid 1998, Fremstad og Elven 1997).

1.4.4 Overhausting

Trass i at hausting av naturressursar er eit gode så lenge det føregår innanfor økologisk forsvarlege rammer, kan overhausting ha alvorlege konsekvensar. Overhausting har ført til utrydding av

populasjonar og endringar av heile økosystem. Overhausting oppstår når det over ein lengre periode vert hausta meir enn populasjonen produserer. Dersom aktiviteten råkar artar med nøkkelfunksjonar, kan ringverknadane verte store. Overhausting av ein truga eller sårbar art vil vere ein alvorleg trussel mot desse artane sin vidare eksistens.

I Noreg er døma på overhausting i nyare tid særleg marine ressursar. Til dømes vart populasjonen av norsk vårgytande sild fiska heilt ned i slutten av 1960-åra. Først frå midten av 1980-tallet auka gytepopulasjonen igjen. Fødetilbodet for fisk, sjøfugl og sjøpattedyr vart sterkt redusert og enkelte sjøfuglartar fekk i dette tidsrommet sterkt redusert sine populasjonsstørrelsar (DN 1998). Enkelte artar er i dag truga av ulovleg jakt, fangst eller eggroveri (SFT 2002), men mange artar, spesielt av rovdyra våre, er truga grunna overhausting for mange tiår og hundreår sidan (DN 1999b).

Boks 2: Overhausting av rovdyr i Vanylven i eit historisk perspektiv

I gamle dagar hadde ein mange rovdyr i Vanylven, men av di desse gjorde mykje skade vart dei utsette for hard skatting. Tidlegare var det særleg bjørn, ulv, gaupe og ørn, men seinare, då desse ikkje var vanlege lengre, var det særleg raudreven ein prøvde å komme til livs. Under er nokon døme på korleis jakta på desse rovdyra arta seg i Vanylven (Kjelde: Fiskaa 1965, DN 1999b).

Bjørn (V) har det vore jakta på i lange tider, og alt i 1750 var det ein slags skotpremie på den. Ein av dei siste bjørnane observert i Vanylven vart skoten i Revsdalen i Syvde i 1897. **Ulv** (E) fanst det truleg ikkje på Sunnmøre før 1715, då store flokkar kom nordfrå og slo seg til her. I 1748 vart det vedteke ein slags skatt som skulle løne to jegerar for å rydde ut ulven, men så seint som i 1860-70 åra var det framleis vanleg å høyre ulven ule oppe i bergsidene i Syltefjorden. I 1870-åra forsvann truleg den siste ulven frå Vanylven. **Gaupe** (DM) var vanlegare enn ulv på Sunnmøre i 1750-åra, og sjølv om det gjekk atters med denne heller fort, vart det i 1833 rapportert om ei gaupe som vart slått i hel då den heldt på å drepa ein sau. Det var frå tid til annan mykje **Ørn** (R/DC) i Vanylven. Ho var lei til å drepa småfe og fugl, og i 1933 sette heradstyret opp premiar for dei som felle denne rovfuglen. Elles var det mykje **rev**. I 1850 rådde heradstyret til at ein skulle betale premie for kvar drepen rev, og i 1892 løyvde dei ein mindre sum til å kjøpe revegift, og peikte ut fire mann til å dele ut gifta og instruere folk i bruken av ho. Andre artar det vart jakta på var m.a. **mår**, **oter** (DM) og **hønehauk** (V).

Av artane skildra over er i dag alle unnateke rev og mår raudlista. Felles for alle desse raudlisteartane vi anten hadde eller framleis har i Vanylven, er at tidlegare uregulert jakt har vore ein svært viktig faktor for at dei har gått slik attende (DN 1999b). I tillegg har ulovleg reirplyndring også vore eit problem, og rundt 1950 vart t.d. eit kongeørnreir påvist plyndra i Vanylven (Fylkesmannen i Møre og Romsdal 2000).

1.4.5 Forureining

Forureining kan opptre både i form av lokale punktutslipp og i form av langtransportert forureining som sur nedbør og radioaktivitet.

Langtransportert forureining frå andre land fører og til forsuring og eutrofiering av innsjøar og elver i Sør-Noreg, spesielt på Sørlandet, og resultatet har vore fiskedød og redusert kvalitet på vatnet i mange norske vassdrag. Forskning viser også at langvarig eutrofiering grunna nitrogenutslipp utarmar floraen i rikare barskog slik at den vert meir artsfattig (DN 1998, Fremstad og Kålås 2001).

Noreg har rikeleg med reint ferskvatn samanlikna med dei fleste andre land, men utslipp frå busetjingar og landbruk påverkar kvaliteten på vatnet i norske innsjøar og elver. Forureining av vassdrag kan blant anna føre til dårleg drikkevatt, fiskedød eller redusert rekreasjonsverdi knytt til bading og anna friluftsliv. Overgjødsling i ferskvatn kan og føre til eutrofiering og algeoppblomstring (SFT 2002).

Langs kysten står fiskeoppdrett for veksende utslepp av nærings salt (SFT 2002). Fleire hamneområde og fjordar er forureina av miljøgifter frå industrien (Relling og Otnes 2000a). Akutte utslepp av olje og kjemikaliar kan føre til skader på sjøfugl, fiskeyngel og andre marine dyreartar, samt tilgrising av verdfull kystnatur (SFT 2002).

Auka UV-stråling er resultatet av ei svekking av ozonlaget grunna menneskeleg forureining. Dette kan ha negativ verknad på plankton, algar og yngel, og vil kunne skade næringsgrunnlaget for livet i havet. Skader på plantar vil kunne gje reduserte avlingar og svipt i matvareproduksjonen. På grunn av planteplanktonet si evne til å ta opp CO₂, kan skader på planteplankton kunne bidra til global oppvarming (SFT 2002).

Boks 3: Forureining i Vanylven

Under er nokre døme på forureiningstilstanden i Vanylven. Døma er tekne frå ulike overvåkingsprosjekt der lokalitetar i Vanylven har vore med.

Vanylven er truleg ikkje råka så hardt av sur nedbør som område lengre sør. Blæjevatnet har sidan 1986 blitt prøvetatt kvar haust i samband med den nasjonale overvakinga av forsuringstilstanden i utvalde norske innsjøar. Sjølv om verdiane for når det ikkje er forventa skade på ferskvassorganismar er overskridne, er det likevel ikkje påvist forsuringsskadar i Blæjevatnet, men tålegrensa er truleg låg (Relling og Otnes 2000b).

I samband med nasjonale og fylkesvise kartleggingar av miljøkvalitet i fjord- og kystområda, vart det på 80-tallet teke prøver fleire stadar i Vanylvsfjorden og Syvdsfjorden. Resultata syner at terskelfjordane i Vanylven (Syvdsfjorden, Syltefjorden og Kjødepollen) ofte har reduserte oksygentilhøve i djupområda innanfor tersklane. Dette har mykje å gjere med naturgjevne forhold som påverkar utskiftinga av djupvatnet, men nitrogentilførsel frå kloakk og landbruket kan forværre tilstanden. Dei øvre vasslaga og hovudfjordbassenget i Vanylvsfjorden framstår som ein naturleg og upåverka vestlandsfjord (Relling og Otnes 2000a).

Fem vassdrag i Vanylven har vore undersøkt i samband med fylkesmannen si overvaking av landbrukspåverka vassdrag (Fiskåelva, Åheimselva, Oselva, Vikelva, Ripsdalselva). Fiskåelva er den markert mest påverka av dei fem undersøkte elvane i Vanylven. Elles var Vikeelva noko belasta og det vart registrert eit høgt bakterieinnhald i Åheimselva (Relling og Otnes 2000b).

1.4.6 Avl og foredling

Moderne avlsarbeid har resultert i større og meir produktive dyr, og det er i dag ikkje lønnsamt å nytte dei gamle husdyrrasane. Både her i Noreg og i mange andre land har mange av dei gamle rasane forsvunne, og mange finst i dag i berre svært små populasjonar (Norsk Landbruksmuseum 1998, NGH 2001).

Den arvelege, eller genetiske, variasjonen hjå dei gamle husdyrrasane er grunnlaget for alt avlsarbeid. Dei gamle husdyrrasane har andre arveanlegg (gener) enn dei moderne rasane, og av di tapte gener aldri kan gjenskapast bør vi ta vare på dei. Dei gamle husdyrrasane kan vere berarar av eigenskapar som ikkje er viktige i dag, men som kan verte viktige i framtida m.a. av di dei er særleg tilpassa dei lokale klima- og naturtilhøva (Jordal og Gaarder 1998a, NGH 2001). I Møre og Romsdal kan ein nemne utegangarsau (villsau, steinaldersau), utegangargeit (villgeit, kystgeit) og gråkolle (vestlandsfe) (Jordal og Gaarder 1998a).

På eit anna område kan utvikling av genmodifiserte produkt som t.d. sprøytemiddel- og insektsresistente plantar på kort sikt redusere bruken av sprøytemiddel, men dei langsiktede økologiske konsekvensane er usikre (Bioteknologinemda 2002).

1.4.7 Klimaendringar

Klimaet på jorda har alltid vore i endring. Mange klimatiske endringar har naturlege årsaker, men andre er i dag truleg grunna menneskeleg aktivitet ved at vi endrar mengda av visse gassar i atmosfæren og dermed påverkar strålingsbalansen og atmosfæren sin tilstand (UNEP og WCMC 2002, SFT 2001).

Slike endringar kan få store negative konsekvensar for det biologiske mangfaldet. Heile økosystem kan endrast grunna klimaendringar. Mange artar er tilpassa heilt spesielle klimatiske forhold, og ein klimaendring kan såleis ha ein stor negativ innverknad på ei rekke levande organismar (UNEP and WCMC 2002).

I Noreg må syner prognosar at det vil verte meir nedbør, særleg på Vestlandet og i Nord-Noreg. Temperaturen vil truleg stige over heile landet, men mest i Nord-Noreg. Stormar vil verte meir vanleg, og då mest på kysten av Møre og Trøndelag (CICERO 2002).

For artane i Noreg vil verknadene vere størst for dei artane som har grense for utbreiinga si i Noreg. Artar som har si sørlege grense i Noreg kan få leveområda reduserte ved at artane vert pressa til kaldare område i fjella eller nordover. Artar som har si nordlege grense i Noreg, t.d. mange varmekjære plantar, vil kunne få ei større utbreiing (CICERO 2002)

1.5 Internasjonale konvensjonar

I tillegg til det generelle internasjonale miljøvernssamarbeidet er Noreg også part i ei rekke internasjonale avtalar og konvensjonar knytt til biologisk mangfald (Tabell 2).

Tabell 2: Internasjonale avtalar og konvensjonar knytt til biologisk mangfald som Noreg er part i. Merk at konvensjonane i daglegtale ofte vert omtala etter kvar dei vart inngått (Kjelde: SFT 2002).

Konvensjon	Opphav
Bernkonvensjonen: Konvensjon om vern av ville europeiske plantar og dyr og deira naturlege leveområde	Bern, 1979
Biologisk mangfald: Konvensjon om biologisk mangfald	Rio de Janeiro, 1992
Bonnkonvensjonen: Konvensjon om trekkande artar av ville dyr	Bonn, 1979
CITES: Konvensjon om internasjonal handel med truga plante- og dyreartar	Bonn, 1979
Flaggermusavtalen: Avtale om bevaring av flaggermus i Europa	London, 1991
Isbjørnavtalen: Avtale om vern av isbjørn	Oslo, 1973
Laksekonvensjonen: Konvensjon om vern av laks i det nordlege Atlanterhavet	Reykjavik, 1982
Ramsarkonvensjonen: Konvensjon om vern av våtmarksområde av internasjonal betydning, særleg som tilhaldsstad for vassfuglar	Ramsar, Iran, 1971

1.5.1 Rio-konvensjonen om biologisk mangfald

Konvensjonen om biologisk mangfald, kort kalla Rio-konvensjonen, vart underteikna av over 150 land under "Earth Summit", FN-konferansen om miljø og utvikling i Rio de Janeiro i 1992, og trådte i kraft som internasjonal lov 29. desember 1993 (CBD 2002a). Per mars 2002 er 183 nasjonar tilslutta Rio-konvensjonen (168 har underteikna avtalen) (CBD 2002b), men land som USA og Thailand står utanfor.

Tilslutning til konvensjonen om biologisk mangfald medfører eit nasjonalt ansvar for å:

- Verne biologisk mangfald
- Sikre ein berekraftig bruk av mangfaldet og
- Arbeide for ei rettferdig fordeling av gode frå bruk av genetiske ressursar
(CBD 1992a: Artikkel 1)

1.5.2 Nasjonal oppfølging av Rio-konvensjonen

"Alle kommuner skal kartlegge sitt biologiske mangfold. Målet er at kommunene skal ta hensyn til det biologiske mangfoldet gjennom kommuneplanleggingen."

Børge Brende, miljøvernminister i Noreg, til Dagbladet (Brende 2002)

Noreg ratifiserte konvensjonen om biologisk mangfold 9. juli 1993, etter at den var teken opp til politisk handsaming gjennom St. prp. nr. 56 (1992-93) (UD 1993). Dermed har Noreg forplikta seg til m.a. å få oversikt over den nasjonale tilstanden, overvake den og drive regelmessig rapportering (CBD 1992, MD 1998).

Nedanfor er ulike stortingsmeldingar følgjer opp Rio-konvensjonen (Boks 4). Teksten er utdrag frå dei respektive stortingsmeldingane om ikkje anna er nemnt.

Boks 4: Vanylven, Lokal Agenda 21 (LA21) og det biologiske mangfoldet

I tillegg til konvensjonen om biologisk mangfold var eit av resultatane frå FN-konferansen om miljø og utvikling i 1992 Agenda 21, ein handlingsplan for ei berekraftig utvikling i det 21. århundrede. Ei av tilrådingane i denne handlingsplanen (kapittel 28) er at lokale styresmakter skal gå saman med innbyggjarane og lage ein lokal implementering av Agenda 21 – LA21 (Prosus 2002).

I arbeidet med LA21 spelar omsynet til det biologiske mangfoldet ei viktig rolle, og ein tenkjer seg ofte at det å ta vare på det biologiske mangfoldet er ein av komponentane som inngår i ei berekraftig utvikling.

I Noreg vart det i 1998 arrangert Landskonferansen for Lokal Agenda 21. Fredrikstaderklæringa, eit resultat av denne konferansen, er en invitasjon til alle kommuner, lokalsamfunn og organisasjonar om å gjere ein innsats for ei berekraftig utvikling (MD 2002). I punkt 5e heiter det at "*...innsatsen særleg skal rette seg mot å sikre en lokal ressursforvaltning som både bevarer det biologiske mangfoldet og gir grunnlag for livskraftige lokalsamfunn.*" (Agenda21 2002).

Sidan starten i 1998 har til no 267 kommuner (pr. 09.05.2002), samt ei rekke andre organisasjonar i Noreg slutta seg til Fredrikstaderklæringa om LA21 (Agenda21 2002). Vanylven kommune har starta opp LA21-prosessen og slutta seg til Fredrikstaderklæringa (Vanylven kommunestyre 2001), og har på den måten vist at dei tek utfordringane om å skape ei meir berekraftig utvikling, samt å ta vare på det biologiske mangfoldet på alvor.

St. meld. Nr. 29 (1996-97) - Regional planlegging og arealpolitikk

Regjeringa markerer i denne meldinga at biologisk mangfold skal tillegast større vekt i den regionale planlegginga, samt at føre-var-prinsippet må leggest til grunn for arbeidet med å ta vare på det biologiske mangfoldet.

Områdeforvaltning etter naturvernlova og arealplanlegging etter plan- og bygningsloven (Pbl) er viktig for forvaltninga av det biologiske mangfoldet i Noreg. Det gjer at kommunene har ei nøkkelrolle i dette arbeidet gjennom sitt ansvar for arealplanlegginga etter Pbl. Det er viktig at avgjerdslar vert fatta ut frå kunnskap om lokale verdiar av mangfoldet, samt at regionale og nasjonale omsyn vert tillagt tilbørleg vekt.

Regjeringa ynskjer difor å effektivisere planprosessen ved ei spesiell satsing for å styrke vedtaksgrunnlaget for kommunene si arealplanlegging når det gjeld biologisk mangfald. Satsinga vil fokusere på naudsynt informasjon for betre forvaltning av det biologiske mangfaldet.

St meld. Nr. 58 (1996-97) - Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling

I samsvar med forpliktingane i Konvensjonen om biologisk mangfald er det Regjeringa sin målsetnad ”...å bevare mangfoldet og sikre dets fortsatte utviklingsmuligheter. Verdiene som framkommer gjennom samspillet mellom samfunn og biologisk mangfold skal realiseres til beste for samfunnet, samtidig som kostnadene, f.eks. ved iverksetting av særskilte tiltak, skal fordeles rettferdig.” (MD 1997b: kap. 5.1.)

Regjeringa vil vidare styrke vedtakssgrunnlaget om det biologiske mangfaldet for å sikre ei effektiv og økologisk forsvarleg utvikling av samfunnet. M.a. vil regjeringa gjennomføre eit femårig statlig-kommunalt utviklingsprogram som vil bidra til at alle nivå, frå lokalt via regionalt til nasjonalt, og alle relevante sektorer, får et betre vedtaksgrunnlag for å forvalte mangfaldet, og vil dermed også bidra til at de ulike nivåa kan vidareutvikle sitt ansvar i forhold til biologisk mangfald. Utviklingsprogrammet har følgjande fasar:

- Identifisering av nasjonalt, regionalt og lokalt kunnskapsbehov og eksisterande informasjonstilfang
- Kartlegging og verdiklassifisering av biologisk mangfald
- Etablering av et nasjonalt overvåkingsprogram for biologisk mangfald.

St. meld. Nr. 8 (1999-2000) og 24 (2000-2001) - Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand

Det er regjeringa sitt strategiske mål at naturen skal forvaltast slik at naturleg førekommande artar som sikrast i levedyktige populasjonar og slik at variasjonen av naturtypar og landskap oppretthaldast og gjer det mogleg å sikre det biologiske mangfaldet utviklingsmoglegheiter også i framtida.

Dei nasjonale resultatmåla er:

- Et representativt utval av norsk natur skal vernast for komande generasjonar
- I trua naturtypar skal ein unngå inngrep, og i omsynskrevjande naturtypar skal viktige økologiske funksjonar oppretthaldast
- Kulturlandskapet skal forvaltast slik at kulturhistoriske og estetiske verdiar, biologisk mangfald og tilgjenge oppretthaldast
- Hausting og anna bruk av levende ressursar skal ikkje føre til at artar eller populasjonar vert utrydda eller truga
- Menneskeskapt spreiding av organismar som ikkje høyrer naturleg heime i økosystema skal ikkje skade eller avgrense økosystema sin funksjon
- Trua artar skal oppretthaldast på eller gjenoppbyggast til livskraftige nivå

St meld. Nr. 42 (2000-2001) - Biologisk mangfold – Sektoransvar og samordning

Regjeringa sin hovudkonklusjon i meldinga er at det må etablerast eit nytt, kunnskapsbasert forvaltningssystem. Tre innsatsområde på tvers av sektorane er svært viktige for å sikre at verdiane det biologiske mangfaldet representerar vert ivareteke. Regjeringa vil særleg prioritere desse innsatsområda for åra 2001-2005:

- Nasjonalt program for kartlegging og overvaking
- Samordning av juridiske og økonomiske verkemiddel
- Informasjon, forskning og kompetanse

1.6 Vern av biologisk mangfald i kommunene

Om lag 7,5 % av fastlandsarealet i Noreg er verna (MD 2001a). Når barskogplanen, nasjonalparkplanen og dei fylkesvise verneplanane er gjennomførde innan 2008 vil om lag 13 % av fastlandsarealet vere verna (MD 1998, 1999, 2001a).

Heilt eller delvis innanfor Vanylven kommune sine grenser er det to verneområde, samt eit område med artsvern etter naturvernlova. For meir detaljar om desse, sjå kapittel 4. Det samla arealet til dei to verneområda er om lag 70 daa, eller 0,018 % (18 ‰) av kommunen sitt totale areal. Det er i dag Fylkesmannen som har forvaltningsansvaret for verneområda, men dette ansvaret kan på sikt gradvis overførast til kommunen.

På dei resterande 99,982 % av areala i Vanylven kommune er landbruket, kommunen, samt bergverksbedrifta A/S Olivin viktige aktørar. kommunen har ei sentral overordna rolle fordi den er ansvarleg for ei samla og langsiktig arealdisponering (MD 1997a). I tillegg kan den ekspropriere, og er lokal skog- og landbruksmyndigheit med ansvar for planlegging, rettleiing og informasjon.

Dei lokalitetane som ikkje er verna etter naturvernlova må fyrst og fremst den kommunale arealforvaltninga ta vare på gjennom bruk av Plan- og bygningsloven (PBL) (MD 1996, 1999). I arealplanlegginga har kommunen eit ansvar for kartlegging og forvaltning av biologisk mangfald (MD 1997a, Brende 2002). Difor er det viktig å få kunnskap om og oversikt over kvar i kommunen det er verdifulle område som krev at ein tek særlege omsyn. Meir kunnskap gjev eit betre grunnlag for a vise miljøansvar når avgjerdsler om utnytting av naturområder skal takast.

1.6.1 Aktiv sikring

Kommunane har dei juridiske verkemidla som trengst for å verne viktige område, men tradisjonelt har evna og viljen til å nytte desse vore lita (Støen 1995). Det viktigaste verktøyet for sikring av naturverdiar er ein aktiv bruk av PBL. Område med lokal eller regional verdi fell vanlegvis utanfor dei nasjonale verneplanane og vert difor kommunane sitt ansvar (Hågvar 1995c). Hovudårsaka til at PBL nyttast så sjeldan, og då særleg §25-6 for regulering til spesialområde naturvern, er ei frykt for å påføre kommunen eit erstatningsansvar ovanfor grunneigarar og rettighetshaverar (Røhnæk 1995).

1.6.2 Passiv sikring

Kommunen kan styre unna dei viktigaste områda for biologisk mangfald når ein skal bygge ut eller foreta naturinngrep. Ofte har ein alternative plasseringar for tiltak, og ein bør då velje det som har minst negativ innverknad for det biologiske mangfaldet. Viktige område for biologisk mangfald skal vere retningsgjevande for planlegginga i kommunane (1997a).

1.6.3 Grunneigaravtalar

Frivillige avtalar har den fordel at konfliktgraden ofte er lav og at ein unngår erstatningskrav. Men slike avtalar er ikkje juridisk bindande og gjev inga forsikring mot negative endringar. På lang sikt er avtalane usikre, mellom anna i samband med grunneigarskifte eller ved endra økonomiske vilkår (Hågvar 1995c).

1.6.4 Verkemiddel i jordbruket

Stortingsmelding nr. 29 (1996-97) (MD 1997a) vektlegg at ein ytterlegare reduksjon av mangfaldet i jordbrukslandskapet kan stoppast med ein medviten bruk av tilskotsordningane ein har i dag. Fleire tilskotsordningar er i dag tilgjengelege for tiltak som tek vare på det biologiske mangfaldet. For å oppnå areal- og kulturlandskapstillegg er det ikkje høve til å foreta større endringar eller inngrep i

kulturlandskapet. Dette er tatt inn i § 3 i Forskrift om produksjonstillegg i landbruket, men kommunen kan gjere unntak frå krava (Fylkesmannen i Møre og Romsdal 2000a, 2002a). I tillegg vert det gjeve økonomisk støtte til tiltak som går ut over det ein reknar som vanleg landbruksdrift, t.d. skjøtsel og gjensking av kantsoner langs bekkar og vassdrag (Fylkesmannen i Møre og Romsdal 2000a).

2 Materiale og metodar

Metoden for kartlegginga tek utgangspunkt i DN handbok 13-1999 (DN 1999a) som legg opp til ein trinnvis prosess for å auke kommunen sitt kunnskapsnivå. Ansvar for førebuing og gjennomføring er delt og meint som eit samarbeid mellom Vanylven kommune og Fylkesmannens miljøvernabdeling. Kommunen har sjølv ansvaret for kartlegginga og også ansvar for å lage kart. Fylkesmennene gjev tilskot og har i tillegg eit veiledingsansvar overfor kommunene. Fylkesmannen utarbeidar ein såkalla "startpakke" som er tilrettelagde data for den enkelte kommune. Fylkesmannen har også ansvar for kvalitetssikring av data som leggst inn i Naturbasen (DN 2002d).

2.1 Arbeidsprosess

Figur 2 illustrerer korleis kartlegginga av naturtypar i Vanylven kommune er gjennomført. Vidareføring av dette arbeidet, t.d. informasjon til grunneigarar og interesserte, samt oppdatering og oppfølgande arbeid (sjå kapittel 7) må kommunen arbeide vidare med etter at denne rapporten er ferdig.

2.2 Definisjonar av omgrep

Omgrepa nytta i kartlegginga av naturtypar som er verdfulle for det biologiske mangfaldet baserer seg på praksis hjå Direktoratet for Naturforvaltning (DN 1999a, DN 1999c), men arbeid med kartlegging og verdiklassifisering hadde føregått før DN-handboka (DN 1999a) vart teken i bruk.

Gruppa Siste Sjanse, knytt til biologimiljøet ved Universitetet i Oslo, har etter svensk modell etablert ein metodikk for kartlegging av nøkkelbiotopar i skog (Bredesen *et al.* 1993). Denne er godt innarbeidd og vert framleis mykje nytta. Ein ny metode kalla "Kartlegging av livsmiljø i skog" har kome til gjennom prosjektet Miljøregistreringar i skog (sjå Boks 6) (NISK 2002).


Nedanfor er nokre av dei mest sentrale omgrepa nytta i dette arbeidet definert og utdjupa.

Boks 6: Forhaldet mellom kartlegging av biologisk mangfald og Miljøregistreringar i skog

Kartlegging av biologisk mangfald, som dette arbeidet er ein del av følger retningslinene i DN-handboka (DN1999a) og gjeld i utgangspunktet i heile kommuna. Dette er ei systematisering av allereie eksisterande kunnskap supplert med feltarbeid og ei grovare registrering enn opplegget for Miljøregistrering i skog.

Samstundes har Landbruksdepartementet i samarbeid med Norsk Institutt for Skogforskning (NISK) starta prosjektet Miljøregistreringar i skog. Dette prosjektet legg opp til at kvar skogeigar skal registrere ulike livsmiljø i den produktive delen av skogen sin, t.d. substrattyppe, fukt og næringstilgong. Miljøregistreringane skal integrerast i skogbruksplanane og er på denne måten tenkt å sikre ei mest mogleg berekraftig forvaltning av skogressursane.

(Kjelde: Fylkesmannen i Møre og Romsdal 2000b)



Figur 2: Skjematisk modell over arbeidsprosessen ved kartlegging av naturtypar i Vanylven kommune.

2.2.1 Naturtypar

Omgrepet naturtype er i DN-handboka definert som: ”*En ensartet, avgrenset enhet i naturen som omfatter plante- og dyreliv og miljøfaktorer.*” (DN 1999a: Vedlegg 5).

DN-handboka omtalar ikkje alle naturtypar, men opererer med omgrepet **prioriterte naturtypar** som er naturtypar som på ein eller annan måte er viktige i biologisk mangfald-samanheng (sjå DN 1999a: 3.1.1). Mange av dei prioriterte naturtypene er truga og står i fare for å forsvinne (Fremstad og Moen 2001, MD 1999, DN 2002e, 2002f).

2.2.2 Raudlister

Ei raudliste er ein oversikt over plante- og dyreartar som på ein eller annan måte er truga av utrydding eller er utsett for markant reduksjon. Raudlister omfattar ikkje berre artar som går attende i dag, men også artar som er i framgang frå ein tidlegare sterkt redusert populasjon, samt naturleg sjeldne artar som er sårbare for menneskeleg aktivitet (DN 1999b). Artane er ordna i kategori etter kor truga dei er (Tabell 3).

Tabell 3: Den noverande norske raudlista sine kategoriar for kor truga organismar er (Kjelde: DN 1999b).

Utrydda Ex (Extinct)	Artar som er utrydda som reproduserande i Noreg. Det vil vanlegvis omfatte artar som er forsvunne for meir enn 50 år sidan. Ex? angjev artar som er forsvunne for mindre enn 50 år sidan.
Direkte truga E (Endangered)	Artar som er direkte truga og som står i fare for å døy ut i næraste framtid dersom dei negative faktorane fortset å verke.
Sårbar V (Vulnerable)	Sårbare artar med sterk tilbakegang som kan gå over i gruppa direkte truga dersom dei negative faktorane fortset å verke.
Sjeldan R (Rare)	Sjeldne artar som ikkje er direkte truga eller sårbare, men som likevel er i ein utsett situasjon grunna små populasjonar eller med spreidd og sparsam utbreiing.
Hensynskrevjande DC (Declining, care demanding species)	Hensynskrevjande artar som ikkje høyrer til kategori E, V eller R, men som grunna tilbakegang krev spesielle omsyn og tiltak.
Bør overvakast DM (Declining, monitor species)	Kategorien omfattar artar som har gått attende, men som ikkje reknast som truga. For desse artane er det grunn til overvaking av situasjonen.

Det er gjeve ut to nasjonale raudlister (DN 1992b, 1999b), samt to regionalt tilpassa nasjonale raudlister for Møre og Romsdal (Jordal og Gaarder 1998b, Gaarder og Jordal 2001). Tabell 4 gjev ei oversikt over nasjonalt raudlista artar som er registrerte i Vanylven kommune.

Det er også gjeve ut ei regional raudliste for Møre og Romsdal (Gaarder og Jordal 2003). Denne gjev ei oversikt over kva planteartar i Møre og Romsdal som er sjeldne og/eller truga og som difor bør viast spesiell merksemd i arealforvaltninga.

Tabell 4: Oversikt over raudlista artar av gruppene sopp, lav, mose, kranssalgar, plantar og sommarfuglar som er registrerte i Vanylven kommune. (Kjelde: Gaarder og Jordal 2001, Fylkesmannen i Møre og Romsdal 2002).

Norsk namn	Latinsk namn	Kat99	Lokalitetsnamn	Funn dato	Finnar	Dokumentasjon	UTM
Sopp							
Raud honningvokssopp	<i>Hygrocube splendissima</i>	V	Bastrand	11.10.1995	GGa & JBU	Jor 95-353, Jor 95-354	LP 235 873
Raud honningvokssopp	<i>Hygrocube splendissima</i>	V	Landverk	11.10.1995	GGa & JBU	Jor95-356, Jor95-357	LP 331 878
	<i>Hygrocube flavipes/lacmus</i>	DC	Brelteig	22.09.1993	GGa & JBU	Jor93-181	LP 275-276 946-948
Kranssalgar							
Glansglattrans	<i>Nitella flexilis</i>	DC	Grubbevatnet	29.07.1973	L. Malme	O	LP 21 79
Glansglattrans	<i>Nitella flexilis</i>	DC	Gusdalsvatnet	29.07.1973	L. Malme	O	LP 20 80
Plantar							
Solblom	<i>Arnica montana</i>	DC	Eidså I mængde (if. J. R Landmark)				LP 26-91 - 92
Solblom	<i>Arnica montana</i>	DC	Ånaugen	xx.xx.2001	GGa	?	LP 214-220 803-805
Solblom	<i>Arnica montana</i>	DC	Åneim: Hellebust	17.07.2002	MV, SS	DF	LP 237 792
Brunburkne	<i>Asplenium adnigrinum</i>	R	Sylte: Raudesanden	19.07.2003	KJG, MV	DH	LP 239-242 820-822
Hinnebregne	<i>Hymenophyllum wilsonii</i>	V	Nær Årø, på klippestykker i kratt ved veggen til Bryggja	28.07.1907	Kaalaas	O	LP 19 82
Hinnebregne	<i>Hymenophyllum wilsonii</i>	V	Sylteford	30.09.1997	K. Hassel, G. Løe		LP 17 83
Hinnebregne	<i>Hymenophyllum wilsonii</i>	V	Tusselhornet	29.09.1997	K. Hassel, G. Løe		LP 17 82
Hinnebregne	<i>Hymenophyllum wilsonii</i>	V	Nystelhornet	27.09.1997	K. Hassel, G. Løe		LP 16 99
Kvitkurle	<i>Leucorchis albida</i> ssp. <i>albida</i>	DC	Søvde i Sundmøre Koppemæsvingen	xx.07.1888	Bj (Bjørlykke?)	O	LP 24-25 97
Kystengkall	<i>Rhinanthus minor</i> ssp. <i>monticola</i>	DM	Mellom Koparnes og Aram ved utstrøymande grunnvatn og artsrik vegetasjon	20.07.1970	M. & R. Nordhagen	O	LP 18-24 97-99
Kystengkall	<i>Rhinanthus minor</i> ssp. <i>monticola</i>	DM	Overgangen Syvdsbotn-Sylte, høgt oppe i vedsvingen ved ein kleidebekk	22.07.1970	M. & R. Nordhagen	O	LP 25-27 82-83

Kat99 = Raudlistekategori i DN (1999b)

O = Belegg i Oslo

DF = Dokumentasjon i form av digitalt bilete hjå finnarane

DH = Dokumentasjon i form av herbariebelegg hjå finnarane

GGa = Geir Gaarder

JBU = John Bjarne Jordal

KJG = Karl Johan Grimstad

SS = Sofie Skåra

MV = Mattis Vidnes

2.2.3 Signalartar (indikatorartar)

Ein signalart er ein art som på grunn av strenge krav til miljøet berre er til stades der ein har visse kombinasjonar av miljøforhold. Slike artar kan på denne måten gje informasjon om staden dei lever på (Haugset *et al.* 1996, Jordal 2000, Nitare 2000).

2.2.4 Ansvarsartar

Ansvarsartar er ingen eigen kategori i raudlista, men er meint som eit supplement. Lista over ansvarsartar skal dekke artar som m.a. har ein relativt stor andel av totalpopulasjonen innanfor Noreg sine grenser og som Noreg difor har eit spesielt stort ansvar for å forvalte (DN 1999b).

Nasjonal raudliste for trua artar i Noreg (DN 1999b) definerer ansvarsartar ut frå følgjande kriterier:

- Endemiske artar for Noreg eller Norden
- Artar som førekjem med minst 25% av den europeiske populasjonen i Noreg
- Artar som er omfatta av europeiske eller globale raudlister

Oversikt over nasjonale ansvarsartar finn ein i nasjonal raudliste (DN1999b), i regionalt tilpassa nasjonal raudliste for Møre og Romsdal (Gaarder og Jordal 2001) og i regional raudliste for Møre og Romsdal (Gaarder og Jordal 2003).

2.3 Innsamling av materiale

For å innhente informasjon om naturforholda i Vanylven kommune er det søkt i ulike databasar. Av dei ulike databasane var databasen over litteratur om naturen i Møre og Romsdal (Jordal og Gaarder 2001) den klart beste, og ved søk på Vanylven var det 315 treff. Andre nyttige databasar var sopp- og lavdatabasane (Botanisk Museum 2002b, 2002c), Sommarfugldatabasen (2002) og Bibsys (2002), sjølv om det her var mindre å hente. I tillegg er fleire typar kart nytta, m.a. ulike kartblad av ØK, M711 (UTM(EUREF89(WGS84)), N50 digitalt vektorkart, raster av N250 berggrunnskart, samt 1:250 000 kvartærgeologisk kart. Fugleinteresserte har vore kontakta i samband med kartlegging av lokalitetar der fuglelivet er eit av kriteria for vurdering av verdi. I samband med registrering av solblom har grunneigarar i aktuelle delar av kommunen vorte kontakta. Elles visast det til kapittel 8 for ei komplett liste over skriftlege og elektroniske, samt muntlege kjelder nytta i dette arbeidet.

Det vart føreteke feltarbeid sommarane 2002 og 2003. Målet med besøk av potensielle lokalitetar var å:

- Fastslå om forholda framleis er slik dei har vorte skildra i eventuell litteratur, samt å vurdere korleis lokalitetane kan innarbeidast i metodikken til DN-handboka (1999a)
- Registrere nye lokalitetar etter DN-handboka (1999a)
- Avgrense alle potensielle lokalitetar
- Dokumentere spesielle funn med herbariebelegg eller digitale foto

Det meste av feltarbeidet har vore utført av underteikna (Mattis Vidnes), men eg har i delar av arbeidet hatt assistanse frå andre (Tabell 5).

Tabell 5: Oversikt over kven som har delteke i kartleggingsarbeidet sommaren 2002 og 2003, samt forkortingane som er nytta på faktaarka.

Namn	Forkorting
Mattis Vidnes	MV
Sofie Skåra	SS
Svein Haugen	SH
Karl Johan Grimstad	KJG

Til identifisering av karplantar er Lid og Lid 1998 nytta, og namnsetjinga følgjer denne. Identifisering av lav er gjort ved hjelp av Krog *et al.* (1994), og namnsetjing følgjer arbeidet til den norske namnekomiteen (Botanisk Museum 2002a). Namnsetjing av fugl følgjer Gjershaug *et al.* (1994). Elles er namngjevinga i eksisterande litteratur gjennomgåande nytta.

2.4 Kartfesting, kartgrunnlag og digitalisering

Kartfesting og avgrensing er gjort i felt med utgangspunkt i eventuell eksisterande litteratur. Avgrensing av lokalitetane er gjort på manuskart som er printa ut frå ØK-raster (målestokk 1:5000 – 1:10 000). Vidare er UTM-koordinatar oppført på faktaarka. UTM-koordinatane er så langt mogleg oppgjeve i den nye norske UTM-standarden EUREF89(WGS84) (blått rutenett i M711-serien), men enkelte eldre kartfestingar er oppgjeve i den gamle UTM-standarden ED50 (svart rutenett i M711-serien). Digitalisering er gjort på skjerm i Gislne/ArcView med ØK-rasterbakgrunn og N50 vektor og følgjer gjeldande SOSI-standard (Statens kartverk 2002). Datasetta vart konverterte mellom SOSI- og SHAPE-format for utveksling og kartpresentasjon.

Metodikken nytta til avgrensing og digitalisering fører til problem både når det gjeld målemetode og nøyaktigheit, men av di det i dei fleste tilfella er snakk om lokalitetar utan ei absolutt grense må avgrensingane uansett sjåast på som rettleiande. Av di avgrensing og digitalisering er utført av samme person er kvalitetssikringa enklare.

Ved kartpresentasjon er fargane for dei prioriterte naturtypelokalitetane valt etter DN-notat 2000-5 (DN 2000a).

2.4.1 BMK-database

Informasjon om lokalitetane er lagd inn i databasen BMK-base versjon 2.1 som er ein database for å handtere eigenskapsdata i biologisk mangfold-kartlegginga. Der er lokalitetane gjeve ein lokal ID som går frå 1 og oppover. Lokalitetar som allereie ligg i Naturbasen, er i tillegg oppgjeve med naturbasenummer. I BMK-base er kvar observasjon av vilt, prioriterte naturtypar, plantar, virvellause dyr og ferskvassfisk tilordna ein lokalitet med eit unikt nummer. Data i dei ulike modulane knytast til digitaliserte kartobjekt ved ein ein-til-ein-relasjon, mens ein lokalitet kan vere knytt til fleire postar i dei ulike modulane gjennom ein ein-til-mange-relasjon.

2.5 Verdsetjing og prioritering av lokalitetane

For å lette innarbeidinga i arealforvaltninga er lokalitetane verdsett etter kor viktige dei er for det biologiske mangfaldet (DN 1999a). Metoden for verdsetjing følgjer DN-handboka (DN 1999a: kap 6), brev frå DN (1999c) om registrering av lokalitetar med lokal verdi, samt fylkestilpassa faktaark for Møre og Romsdal (Jordal *et al.* 2001). Dei aktuelle verdiane etter denne metodikken vert:

- A** - Svært viktig. Område av regional og nasjonal (evt. internasjonal) verdi
- B** - Viktig. Område av lokal og delvis regional verdi
- C** - Lokalt viktig. Område av lokal verdi

Alle naturtypene som vert skildra i handboka er viktige for biologisk mangfald. For arealforvaltninga er det derimot viktig med ei prioritering både innan ein naturtype og mellom naturtypar. Som kriterier for ei rangering av lokalitetane innan ein naturtype er desse eigenskapane lagt til grunn:

- Størrelse
- Kor velutvikla dei er
- Grad av tekniske inngrep
- Forkomst av raudlisteartar og signalartar (indikatorartar)
- Kontinuitet
- Nasjonalt eller regionalt sjeldne utformingar

Boks 7: Døme på verdsetjing av naturtypar i Vanylven

Metodikken til DN-handboka (1999a) er meint å fange opp det spesielle, ikkje det vanlege, og fokus er difor på naturtypar som er sjeldne eller som har gått attende. Dette arbeidet registrerer difor ikkje alle **kulturmarkene** i Vanylven, berre dei artsrike, godt skjøtta kulturmarkene. Vidare vert ikkje fattig **blåbær-bjørkeskog** kartlagt, mens **edellauvskog** vert kartlagt. Av edellauvskog er dei mest artsrike og største forekomstane av størst interesse. Eit lite **hasselkratt** kan difor få verdien lokalt viktig (C) mens ein større skog med hassel og alm, samt mange signalartar kan få verdien viktig (B) eller svært viktig (A).

Dette vil ikkje sei at naturtypane som ikkje er kartlagde ikkje er viktige, men at metodikken nytta i dette arbeidet prøver å fange opp dei naturtypane som er sjeldnast, eller som står i størst fare for å forsvinne.

Signalartar nytta i verdsettinga av lokalitetane følgjer Jordal *et al.* (2001), Nitare (2000) og Haugset *et al.* (1996). Opplysningar om forkomst av raudlista organismar er teke inn i avgrensa naturtypar der desse gjennom kjelder og undersøkingar har vore moglege å lokalisere. Forkomst av raudlisteartar i ein lokalitet gjev den verdien svært viktig (A) eller viktig (B) avhengig av raudlistekategori der raudlisteartar er kriterium for avgrensing og prioritering. Etter DN-handboka (1999a) gjev kategoriane E, V eller R verdien svært viktig (A), mens DC eller DM gjev verdien viktig (B), men her vert Gaarder *et al.* (2001) fylgt der desse har laga ei regional tilpassing som skil seg frå DN-handboka.

Ei oversikt over uprioriterte, uteletne og ikkje-oppsøkte lokalitetar er gjeve i kapittel 6.2. Grunnar til at ein lokalitet ikkje er teke med kan vere:

- Det er ikkje funne tilstrekkelege biologiske verdiar
- DN-metodikken i DN-handboka (1999a) klarar ikkje å verdsette ein lokalitet sjølv om den heilt klart er viktig for det biologiske mangfaldet. Slike lokalitetar må difor fangast opp gjennom andre kartleggingar, t.d. gjennom viltkartlegginga
- Lokaliteten er ikkje oppsøkt i denne omgong

Vidare burde enkelte lokalitetar ha vore undersøkt nærare for særskilde organismegrupper. Desse har i dette arbeidet fått ein føreløpig verdi, men med kommentar om at verdien kan vere aktuell å endre etter nærare undersøkingar. I kapittel 7 er det gjeve tilrådingar for vidare arbeid.

2.5.1 Avvik frå metodikken


Eit av problema med DN-handboka (DN 1999a) er at den prøver å fanne heile landet. I dei fylkestilpassa faktaarka (Gaarder *et al.* 2001) er det gjort lokale tilpassingar av verdsettingskriteria for å skilje betre mellom lokalitetane, særleg for naturtypane naturbeitemark og rik edellauvskog. Der det er konflikt mellom DN-handboka (DN 1999a) og dei fylkestilpassa faktaarka (Gaarder *et al.* 2001) følgjer dette arbeidet sistnemnde.

Vidare er det i dei fylkestilpassa faktaarka (Gaarder *et al.* 2001) skilt ut naturtypar for Møre og Romsdal (t.d. olivinfuruskog og nordvendte kystberg) som ikkje er eigne naturtypar etter DN-handboka (DN 1999a). Desse vert ført under "Andre viktige førekomstar". Nokre naturtypar er i dei fylkestilpassa faktaarka (Gaarder *et al.* 2001) slått i saman (t.d. sandstrender og sanddyner).

Lokalitetar som ikkje vert fanga opp av metodikken til DN-handboka (1999a) eller av dei fylkestilpassa faktaarka (Gaarder *et al.* 2001) (i dette arbeidet innsjøar på olivingrunn), vert kategorisert under hovednaturtypen "Andre viktige førekomstar" som ein lokalt tilpassa naturtype – **Innsjøar på olivingrunn**.

3 Naturgrunnlaget i Vanylven kommune

Vanylven har om lag 3 900 innbyggjarar (per 1.1.2002) og eit areal på 386 km²¹. Vanylven kommune ligg i Møre og Romsdal fylke, på grensa til Sogn og Fjordane. I nord grensar Vanylven til Sande, og i aust Volda. I sør grensar Vanylven til kommunane Eid, Vågsøy og Selje (Figur 3).



Figur 3: Kart over Vanylven kommune, Møre og Romsdal. (Kartgrunnlag: N50 Statens Kartverk og Vanylven kommune.)

3.1 Landskap

Naturgrunnlaget i Vanylven kommune er mangfaldig og variert, og landskapet spenner frå rolege fjordar til utsett kyst og frå breie dalføre til spisse fjell. Resultatet vert ei stor spennvidde i naturtypar. Mange av landskapsformene i Vanylven er skapt under dei siste istidene, og ei detaljert skildring av denne er gjeve i Fiskaa (1965: 5 -13) og Follestad *et al.* (1994).

3.2 Berggrunn

Vanylven ligg i "Gneisregionen" og berggrunnen i Vanylven består hovudsakleg av næringsfattige og sure gneis-bergartar (NGU 2002). Gneis er hard, forvitrar seint og gjev eit litt surt jordsmonn. Gneisen er kompleks i samansetnad, og alderen er omdiskutert (Holten *et al.* 1986a). Gneisen i Møre og Romsdal har eit varierende innhald av hovedmineralerna kvarts, feltspat og mørk glimmer (biotitt). Biotitt

¹ Arealet etter samanslåinga mellom Vanylven kommune og Åram krins (tidlegare Sande kommune)

er interessant i botanisk samanheng, sidan denne inneheld ein del kalsium, og amfibolitt forvittrar ofte lett og gjev då eit godt substrat for plantevekst (Holten *et al.* 1986a).

Det finnast også ein del førekomstar av bergarten olivin i Vanylven. Små og store klumpar av olivinstein finnast spreidd i gneisen over heile Møre og Romsdal, og førekomstane i Vanylven er av dei største i fylket. På overflata teiknar desse førekomstane seg som gulbrune rabbar, ofte med ein karakteristisk rasmarksvegetasjon, eller skarpt avskilte område med furuskog kor det elles stort sett er lauvtre. To mineralførekomstar med dunit og eklogitt, Raudehaugen og Helgehornsvatnet, er verna som geologiske naturreservat (Lovdata 2002a, 2002b).

Den dominerande bergarten i Vanylven er ein biotittaldig granittisk gneis, med innslag av andre bergartar, særleg augnegneis og olivin, serpentinit og kleberstein (NGU 2002). Tabell 7 syner dei ulike bergartane i Vanylven og stadar i Vanylven der dei finnast. Meir detaljert informasjon finn ein på internett (elektronisk rasterutgåve av N250, berggrunn-kartblada Ulsteinvik og Florø (NGU 2002).

Tabell 6: Ulike bergartar i Vanylven og førekomstar av desse (Kjelde: NGU 2002).

Bergart	Førekomst i Vanylven
Olivinstein, serpentinit, kleberstein	Almklovdalen, Skjevvatn, Kilebrekka, Vikebogen, Olaliheia, Takset, Brandal, Ringefjellet, Kilebrekka
Biotittaldig granittisk gneis	Åram, Sandnes, Syvde, Rovde, Tunheim, Åheim
Amfibolitt	Olaliheia, Sjørdalen, Eidså
Anortositt	Kvistfjellet, Fiskå
Augnegneis	Sandnes, Sør i Vanylven, Sandnes, Hundsnes, Håberg, Ringefjellet, Krokeneshornet
Kvartsitt	Hundsnes
Muskovittgneis	Eide, Strand, Norddalen
Eklogitt	Sundnes, Almklovdalen, Sundalen
Sillimanittgneis	Beksle, Norddalen, Vidnesfjella, Syltedalen
Anortositt	Kvistfjellet
Mylonittisk gneis	Slagnes, Småstranda

3.3 Lausmassar

I Vanylven varierer type og mengd av lausmassar mykje, med ein mosaikk mellom ulike typar lausmasser og bert fjell (Follestad *et al.* 1994). Ei oversikt over type, førekomst og dannelsesmåte av dei viktigaste typane lausmasser i Vanylven er gjevne i Tabell 8.

Somme stadar er strandflata i Vanylven dekkja av mektig lausmasse, hovudsakleg morenemateriale med ei "hud" av strandvaska materiale. Andre stadar er strandflata lite eller ikkje overdekkja. Dette kjem an på kor eksponert strandflata er (Larsen og Longva 1994).

I dalane i Vanylven finn ein elve- og bekkeavsetnadar, samt moreneavsetnadar. Morenemasse finst i tillegg på dei slakke partia på fjella, t.d. på Vanylvschalvøya, men her har ein også truleg innslag av preglasialt (prekvartært) forvittringsmateriale. Tjukke endemoreneavsetnadar i lavlandet elles finst i Sandviksdalen på Vanylvschalvøya (Larsen og Longva 1994), i fjordtersklane i kommunen, samt ein rekke stadar oppover mot Myrkevatt og Sundnesdalen danna av ein bre som låg ovanfor Rovde. Denne vart danna under ein kald periode for rundt 10 000 år sidan (Blikra *et al.* 1994).

Tabell 7: Dei viktigaste lausmassestypene og deira dannelsesmåte, samt førekomst i Vanylven (Kjelde: Fiskå 1965, Holten *et al.* 1986, Follestad 1994).

Type lausmasse	Danningsmåte	Førekomst i Vanylven
Skredavsetningar	Danna ved snøgge masserørsler drive av eiga tyngd, t.d. snøskred og steinskred.	Vanleg i bratte li- og fjellsider i heile Vanylven.
Morenemateriale	Morenemateriale, mest frå siste istid då isbreane skura gjennom dalane i Vanylven. Massane kan vere frå både botn-, side- og endemorene av isbrear.	I dalane, fjordtersklane, samt slake parti på fjellet. (Fiskå, Brekke, Sylte, Rovde, Sandvik).
Elve- og bekkeavsetningar	Elvetransportert materiale anten avsett av breelv, med morene-materiale som opphav, eller av elv med morenavsetningar, breelvvavsetningar eller marine avsetningar som opphav.	I dalane langs dei fleste vassdraga i kommunen, mest i elvedelta (Åheim, Sylte, Fiskå, Syvde, Rovde).
Strandavsetningar	Marine avsetningar er hav- og strandavsetningar, der materialet anten har vorte avsett i sjøen og sidan vorte tørrlagt grunna landheving, eller har vorte avsett som strandavsetningar der bølger har påverka massane.	På strandflata dei fleste stadar i kommunen.
Flygesand	Eolisk sand, vindskapt.	Sanddynene i Sandvik

Fleire stadar er vegnettet og busetnaden langs fjordane i Vanylven knytt til ei hylle eller utflatning som kan vere opptil nokre timeter brei. Den er oftast danna av lausmassar, men kan også vere utforma i fjell. Dette er gammal strandline som vart danna under den tusen år lange klimaforverringa for rundt 10 000 år sidan. På avstand ser den ut som ei tilnærma lik horisontal, usamanhengane line som på grunn av større landheving i innlandet, heller svakt mot nordvest (ca 1 m per km) (Blikra *et al.* 1994). Over stranda ved Kvanndals- og Børevatnet kan ein sjå strandmerker etter ei periode med høgare vasstand. Dette var truleg ein bredemd sjø under isavsmeltinga (Larsen og Longva 1994).

3.4 Klima og biogeografi

Klimaet i Vanylven er oseanisk og har følgjeleg høg årsnedbør og vintertemperatur (Fremstad 1997, Moen 1998). Tabell 9 syner data frå klimastasjonen i Fiskåbygd i perioden 1970-1985, samt for åra 2000 og 2001. I Vanylven går fjordane oftast i retning nord-sør, og det er difor færre sørvendte lier enn aust-vestvendte fjordsystem. Dette har innverknad på dei lokalklimatiske forholda. Om sommaren dominerer dei nordlege og nordvestlege vindane i Vanylven (sommarmonsunen), og om vinteren dominerer dei søraustlege (vintermonsunen) (Holten *et al.* 1986a).

Tabell 8: Meteorologiske data for Vanylven. Gjennomsnittleg nedbør (mm) og middeltemperatur (°C) ved klimastasjonen i Fiskåbygd i perioden 1970-1985, samt for åra 2000 og 2001 (Kjelde: Meteorologisk Institutt 2002).

Gjennomsnittleg nedbør (mm)													
År	Jan.	Feb.	Mars	Apr.	Mai	Juni	Juli	Aug.	Sept.	Okt.	Nov.	Des.	I året
1970-1985	169	116	118	115	76	94	110	163	280	257	272	237	1986
2000	379,4	301,	291,6	80,6	100,8	237,5	43,7	160,1	94,4	78,1	31,2	223,8	2023
2001	50,9	182,0	54,1	114,0	149,0	170,9	169,4	304,1	122,2	210,3	443,2	243,2	2214
Middeltemperatur (°C)													
År	Jan.	Feb.	Mars	Apr.	Mai	Juni	Juli	Aug.	Sept.	Okt.	Nov.	Des.	I året
1970-1985	0,7	1,0	2,4	4,5	9,5	11,9	13,4	13,3	10,0	7,3	3,5	1,7	6,6
2000	2,8	1,9	2,1	6,3	10,2	10,7	12,9	12,7	11,9	10,4	6,9	2,9	7,6
2001	2,1	-1,5	1,1	5,1	8,6	11,1	13,8	13,7	11,0	9,6	4,1	1,3	6,7

Det er laga mange ulike system for klassifisering av korleis naturtilhøve varierer geografisk. Nordisk Råd har delt Skandinavia inn i **naturgeografiske regionar**, og her er Vanylven plassert på grensa mellom regionane "Vestlandets lauv- og furuskogregion" og "Vestnorske lyngheiregion" (Fylkesmannen i Møre og Romsdal 1998a). Vidare har NIJOS delt kulturlandskapet i Noreg inn i

landskapsregionar. Her ligg Vanylven på grensa mellom regionane "Ytre fjordbygder på Vestlandet" og "Kystbygder på Vestlandet" (Fylkesmannen i Møre og Romsdal 1998b). Ved inndeling i **vegetasjonsseksjonar** ligg Vanylven i "O3h – Sterkt oseanisk seksjon, humid underseksjon". Denne underseksjonen er karakterisert av vestlege vegetasjonstypar og artar som er avhengige av fuktig luft. Nordboreal sone manglar, og dei alpine sonene er artsfattige ved at dei manglar ei rekke fjellartar som krev stabile vinterforhold (Moen 1998). Tabell 10 gjev ei oversikt over dei ulike **vegetasjonssonene** som Vanylven ligg i.

Tabell 9: Oversikt og skildring av dei ulike vegetasjonssonene som Vanylven ligg i (Kjelde: Moen 1998).

Vegetasjonssone	Skildring
Boreonemoral sone	Edellauv- og barskogssone som dannar overgong mellom den nemorale sona og dei typiske barskogområda. Edellauvskogar med eik, ask, alm, lind og hassel, samt andre varmekrevjande artar dominerar i solvendte lier med godt jordsmonn. Bjørke-, gråor- eller barskog dominerar resten av skoglandskapet.
Sørboreal sone	Sørleg barskogsone der barskog dominerar, men der ein også finn oreskog og høgmyr, samt populasjonar av edellauvskog og tørrengvegetasjon. Typisk for sona er at ein finn sterkt innslag av artar som krev høg sommartemperatur.
Mellomboreal sone	Barskog dominerar, og typisk lavutgranskog, velutvikla gråor-heggeskog og ei rekke varmekjære samfunn og artar har nordgrense i denne sona. Myr dekker store område, og typiske bakkemyrer opptre i denne sona og oppover til lavalpin.
Lav-, mellom- og høg-alpin sone	Dei alpine sonene dekker areala over den klimatiske skoggrensa. Lavalpin sone er karakterisert av blåbærhei, erinerdvergbjørkkkratt og vierkratt. Mellomalpin sone er dominert av grasheier og snøleier, mens høg-alpin sone manglar samanhengande dekke av karplantar.

4 Naturvernområde i Vanylven kommune

Dette kapitlet tek føre seg områda i Vanylven som er verna i medhald av lov om naturvern av 19. juni 1970 nr. 63 (Naturvernlova). I tillegg har ein i området rundt Åramsholmen dyrelivsfredning heimla i naturvernlova (Boks 8). For ei generell innføring i vern av biologisk mangfald, sjå kapittel 1.6. Dei verna områda i Vanylven er:

- Helgehornvatnet naturreservat
- Raudehaugen naturreservat

Verneforskriftene er tilgjengelege elektronisk frå Lovdata sine nettsider (URL <http://www.lovdata.no/for/lf/index-kommu.html>). Vidare er kartmateriale og noko informasjon tilgjengeleg på Fylkesmannen sine heimesider (URL: <http://www.fm-mr.stat.no/gislink/web-kart/hoved.htm>). Areal, nummer og skildring er gjeve etter Naturbasen (utskrift 15.04.1997) (Fylkesmannen i Møre og Romsdal 1997). Begge naturvernområda fell inn under naturtypelokalitetar skildra i kapittel 6. Det er referert til tilhøyrande naturtypelokalitet i faktaboksen til naturvern-området.

Helgehornvatnet naturreservat

Helgehornvatnet naturreservat	1511 00014
Dato: 16.11.1984 nr. 1895	Reservattype: Geologisk reservat
Ikrafttreding: 16.11.1984	Areal: 18 daa
UTM (EUREF89): LP 226 792	Naturtypelokalitet: Inngår i lok.nr. 5, Raudenausane

Områdeskildring: Den spesielle bergarten eklogitt finnast her i ein større dunittmasse. Dunitt er ein bergart som inneheld hovudsakleg mineralet olivin. Dunitten si utstrekning og form kan lett sjåast i terrenget, dels grunna særst liten overdekning av vegetasjon, dels grunna at den ved forvitring får ein sterk brunleg til gul farge på overflata. Førekomsten gjev også eit innblikk i korleis slike bergartar vert danna, og korleis bergartar er sett saman i dei undre delar av jordskorpa ned mor grensa til mantelen. Området har stor verdi for forskning og undervisning

Raudehaugen naturreservat

Raudehaugen naturreservat	1511 00180
Dato: 16.11.1984 nr. 1896	Reservattype: Geologisk reservat
Ikrafttreding: 16.11.1984	Areal: 52 daa
UTM (EUREF89): LP 241 797	Naturtypelokalitet: Inngår i lok.nr. 10, Almklovdalen

Områdeskildring: Markert knaus i dalsida som inneheld den olivinrike bergarten dunitt. Den forvitra dunitten gjev knausen ein sterk brunraud farge. I området er det fleire steiltstående lag av eklogitt. Førekomsten gjev også eit innblikk i korleis slike bergartar vert danna og korleis bergartar er sett saman i dei undre delar av jordskorpa ned mor grensa til mantelen. Området har stor verdi for undervisning. Det er tydelege spor etter steinsamling på lokaliteten.

Boks 8: Åramsholmen dyrelivsfredning (del av Storevik dyrelivsfredning, naturbasenr. 1514-224)

Samtidig med opprettelsen av Storevik naturreservat i Sande kommune fekk ein eit område med dyrelivsfredning (artsvern) som grensar inn til naturreservatet. Heile området med dyrelivsfredning låg tidlegare innanfor Sande kommune, men då Åram krins gjekk over til Vanylven vart delar av området rundt Åramsholmen liggande i Vanylven. Grunnen til dyrelivsfredninga er det rike fuglelivet i området, m.a. toppskarv, storskarv og ærfugl (Fylkesmannen i Møre og Romsdal 1997).

5 Naturtypar i Vanylven kommune

Under følgjer ein kort og kommunetilpassa presentasjon av dei ulike naturtypene som er prioriterte i DN-handbok 13-99. Berre naturtypar som er registrerte i Vanylven er omtala. For utfyllande opplysningar sjå DN (1999a) og Jordal *et al.* (2001). I Vanylven kommune er det i denne omgang kartlagt 58 prioriterte naturtypelokalitetar frå 17 ulike naturtypar. Av desse er 7 vurdert som svært viktige (A), 32 som viktige (B) og 19 som lokalt viktige (C). Tabell 11 gjev ei oversikt over dei kartlagde naturtypane i Vanylven kommune med talet på lokalitetar og tilhøyrande verdi for biologisk mangfald.

Tabell 10: Oversikt over dei kartlagde naturtypane i Vanylven kommune med talet på lokalitetar og tilhøyrande verdi for biologisk mangfald.

Hovednaturtype	Naturtype	Verdi			Totalt
		A	B	C	
Myr	Intakt låglandsmyr		1	1	2
	Rikmyr		2		2
Fjell	Kalkrike område i fjellet	1	2	2	5
Kulturlandskap	Slåtteeeng	1	3	2	6
	Naturbeitemark	1	5	4	10
	Hagemark			1	1
Ferskvatn/våtmark	Kroksjøar, flomdammar og meandrearande elveparti		1	1	2
	Viktige bekkedrag	1		1	2
	Rike kulturlandskapssjøar			1	1
Skog	Rike edellauvskogar		6	5	11
Havstrand/kyst	Sanddyner og -strender		1		1
	Brakkvassdelta		3		3
	Brakkvasspollar		2		2
Andre viktige førekomstar	Nordvendte kystberg ²		5		5
	Olivinfuruskog ³	1			1
	Innsjøar på olivingrunn ⁴	1	2	1	4
Totalt		6	33	19	58

Til saman er det kartlagt 58 lokalitetar som til saman utgjer 7184 daa, eller 130 daa i gjennomsnitt. Her må ein vere klar over at nokre få, store lokalitetar dreg opp gjennomsnittet. Det totale arealet av dei prioriterte lokalitetane utgjer i underkant av 2 % av det totale arealet til Vanylven kommune. I tabell 12 er det ei oversikt over samla og gjennomsnittleg areal av dei kartlagde naturtypene fordelt på hovednaturtype.

Tabell 11: Oversikt over samla og gjennomsnittleg areal av dei kartlagde naturtypene fordelt på hovednaturtype.

Hovednaturtype	Talet på lokalitetar	Gjennomsnitt (daa)	Totalareal (daa)
Myr	4	92	367
Fjell	5	127	637
Kulturlandskap	17	21	349
Ferskvatn/våtmark	5	66	330
Skog	11	95	1045
Havstrand/kyst	6	171	1023
Andre	10	343	3431
Totalt	58	130	7184

² Ny naturtype etter Gaarder *et al.* (2001)

³ Ny naturtype etter Gaarder *et al.* (2001)

⁴ Lokal tilpassing av DN-handbok (1999a)

5.1 Myr

Myrer er økosystem med høg grunnvasstand der nedbrytinga av dødt organisk materiale går så langsamt at det skjer ei opphoping av delvis omdanna organisk materiale (DN 1999a). Myr vert ofte danna på morenemateriale, og i Vanylven er dalane, samt dei flate områda over skoggrensa ofte dekkja av fattige myrer. I botnen av dalane var det tidlegare mykje **låglandsmyr**. Dei fleste av desse er i dag oppveita og omgjort til dyrkamark. Mindre område med framleis intakte låglandsmyrer finn ein i dag på Storeide, Syltedalen og i Ekremsdalen. **Rikmyrer** har eit vesentleg større mangfald av artar enn fattigmyrer (DN 1999a). Under kartleggingsarbeidet har det vorte identifisert to rikmyrer (på fjellet mellom Syltedalen og Almklovdalen, samt i Almkovdalen). Begge har tilsig frå olivinforekomstar.

Tabell 12: Lokalitetar i hovednaturtype myr.

Nr.	Lokalitetsnamn	Naturtype	Verdi
25	Sylte: Ekremsdalen	Intakt låglandsmyr	B
37	Fiskåbygd: Storeidsmyrane	Intakt låglandsmyr	C
16	Almklovdalen: Berge	Rikmyr	B
27	Syltedalen: Ferehola	Rikmyr	B

5.2 Rasmark, berg og kantkratt

Denne hovednaturtypen omfattar naturtypar som er knytt til både tresett og ikkje- tresett vegetasjon under skoggrensa (DN 1999a). DN-handboka (1999a) legg vekt på sør-, søraust- eller vestvendte lokalitetar. **Sørvendte berg og rasmarker** er oftast en del av ein større mosaikk av naturtypar og er difor vanskeleg å skilje ut som eigne naturtype. I Vanylven finn ein ofte desse i samband med rike kysthasselkratt og er på fleire lokalitetar teke med i den øvre avgrensinga av desse. Vidare er rike berg og rasmarker ofte knytt til olivinforekomstar og er i slike tilfelle oppført som kalkrike område i fjellet, olivinfuruskog⁵ eller som ultrabasisk og tungmetallrik mark i låglandet⁶.

5.3 Fjell

Med fjell reknast her område over den klimatiske skoggrensa. Følgjeleg høyrer mykje av arealet til Vanylven inn under denne hovednaturtypen. **Kalkrike område i fjellet** inneheld erfaringsmessig eit større biologisk mangfald enn fattigare fjellområde. DN (1999a) nyttar denne naturtypen som ein samlesekk der det inngår mange ulike typar vegetasjon som kan vere mosaikkprega og omfattande å kartlegge. I Vanylven er rike naturtypar i fjellet oftast olivinforekomstar med olivinblokker og ein særeigen rasmarkvegetasjon. Etter DN (1999a) og Jordal *et al.* (2001) skal olivinforekomstar over tregrensa først under kalkrike område i fjellet.

Tabell 13: Lokalitetar i hovednaturtype fjell.

Nr.	Lokalitetsnamn	Naturtype	Verdi
5	Åheim: Raudenausane	Kalkrike område i fjellet	B
24	Åheim: Vikebogen	Kalkrike område i fjellet	C
28	Sylte: Raudesanden	Kalkrike område i fjellet	A
29	Sylte: Raudegrøte	Kalkrike område i fjellet	B
45	Åram: Brandalsfeltet	Kalkrike område i fjellet	C

5.4 Kulturlandskap

Kulturlandskap er i vid forstand alt landskap påverka av menneske, men i DN (1999a) vert omgrepet definert som: "Områder der dagen kulturmarkstype eller arealtype og artsutvalg er betinget av tidligere

⁵ Ny naturtype etter Gaarder *et al.* (2001), men ført under andre viktige forekomstar.

⁶ Definert som naturtype i revidert utgåve av oversikt i St. meld. Nr. 8 (1999-2000), men skal inntil vidare først under andre viktige forekomstar.

og nåværende arealbruk og driftsformer.” (DN 1999a: Vedlegg 5). **Ugjødsla slåtteeuger** og **naturbeitemarkar** høyrer til dei mest artsrike naturtypene vi har, og skiljast etter om graset vert slått og fjerna på ettersommaren eller ikkje. I Vanylven er det i dag få av desse naturtypene som framleis vert hevda, eller som ikkje vert gjødsla og drive intensivt. Slåtteeuger er kartlagt eit par stadar i Almkloddalen, og naturbeitemarkar er kartlagt spreitt rundt i kommunen. Lokaliteten Holmen på Åheim er ført som **hagemarksskog**. Ein del av desse lokalitetane har vore undersøkt for beitemarkssopp (Jordal og Gaarder 1993, 1997).

Tabell 14: Lokalitetar i hovednaturtype kulturlandskap.

Nr.	Lokalitetsnamn	Naturtype	Verdi
21	Åheim: Holmen	Hagemark	C
3	Åhiem: Grubseraudehaugen	Naturbeitemark	C
8	Åheim: Åhaugen	Naturbeitemark	A
15	Åheim: Ekremseter	Naturbeitemark	B
33	Sylte: Bøstrand	Naturbeitemark	B
35	Fiskå: Tunheim	Naturbeitemark	C
44	Åram	Naturbeitemark	B
46	Åram: Brandal	Naturbeitemark	C
47	Eiså: Årstad	Naturbeitemark	C
51	Syvde: Landsverk	Naturbeitemark	B
53	Syvde: Breiteig	Naturbeitemark	B
4	Åheim: Halse	Slåtteeug	C
11	Åheim: Lia	Slåtteeug	B
12	Åheim: Hellebust	Slåtteeug	A
14	Åheim: Ekremseter	Slåtteeug	B
17	Åheim: Gusdal Øvre	Slåtteeug	B
58	Åhiem: Gusdal Nedre	Slåtteeug	C

5.5 Ferskvatn

Denne hovednaturtypen omfattar alle naturtypar som er betinga av ope ferskvatn, t.d. innsjøar og rennande vatn (DN 1999a). I Vanylven er det mange vatn, elvar og bekkar av ulik størrelse. Dei fleste vatna ligg oppe på fjellet, men nokre vatn ligg i låglandet. Viktige naturtypar som er kartlagt er **rike kulturlandskapssjøar**, **viktige bekkedrag**, samt **kroksjøar**, **flommdammar** og **meandrearane elveparti**. Stølsvatnet på Syltedalen er ein rik kulturlandskapssjø, Åheimselva og Fiskåelva passar best inn i kategorien viktige bekkedrag, mens Hellobstmyrane og Videlva er kategoriserte som kroksjøar, flommdammar og meandrearane elveparti. Innsjøar på olivingrunn er ført under andre viktige førekomstar av di desse fell utanfor metodikken til DN-handboka (DN 1999a).

Tabell 15: Lokalitetar i hovednaturtype ferskvatn.

Nr.	Lokalitetsnamn	Naturtype	Verdi
1	Åheim: Hellebstmyrane	Kroksjøar, flommdammar og meandrearane elveparti	B
3	Sylte: Videlva	Kroksjøar, flommdammar og meandrearane elveparti	C
4	Åheim: Åheimselva	Viktig bekkedrag	A
7	Fiskå: Fiskåelva	Viktig bekkedrag	C
2	Sylte: Støylsvatnet	Rik kulturlandskapssjø	C

5.6 Skog

Skog omfattar alle område kor tre er dominerande (DN 1999a). I Vanylven er det for det meste lauvskog, men på olivinforekomstane finst det naturleg utbreidd furuskog. Elles har det vorte planta mykje vanleg gran og sitkagran. **Rik edellauvskog** er skog av varmekjære lauvtre, i Vanylven representert ved hasselkratt med innslag av ask og alm. Rike utformingar krev eit varmt sommarklima

med veldrenert og næringsrik jord. Desse er i Vanylven knytt til sørvendte bergveggar og underliggjande rasmark, t.d. på Strand, utanfor Oppsal (Skåraura) og i Sjørdalen.

Tabell 16: Lokalitetar i hovednaturtype skog.

Nr.	Lokalitetsnamn	Naturtype	Verdi
9	Åheim: Almklov	Rik edellaauvskog	B
57	Åheim: Nygård	Rik edellaauvskog	C
23	Åheim: Torvik	Rik edellaauvskog	C
34	Sylte: Bøstranda	Rik edellaauvskog	B
36	Fiskå: Tunheimshornet	Rik edellaauvskog	C
38	Fiskå: Storeide	Rik edellaauvskog	C
41	Fiskå: Strand	Rik edellaauvskog	B
55	Eidså: Sandnes	Rik edellaauvskog	C
49	Syvde: Sjørdalen	Rik edellaauvskog	B
52	Syvde: Skåraura	Rik edellaauvskog	B
54	Syvde: Breiteig	Rik edellaauvskog	B

5.7 Havstrand/kyst

Havstrand/kyst omfattar alle naturtypar som er knytt til saltvatn eller saltvasspåverka miljø, både under vatn og på land (DN 1999a). Vanylven har ei lang kystlinje med mange ulike naturtypar, frå utsette steinstrender til rolege viker. Mykje av strandsona er dominert av stein og berg, men i dette kartleggingsarbeidet er ulike typar av lausmassestrender prioritert. Desse har ofte høgt biologisk mangfald samstundes som dei har vorte eller står i fare for å verte utbygd (DN 1999a). I Vanylven har ein lokalitet, Sandviksanden, velutvikla **sandstrender** og **sanddyner**. Der dei største elvene i Vanylven renn ut finn ein oftast **brakkvassdelta** (Vikelva, Oselva og Sylteelva) eller **brakkvasspollar** (Åheimselva og Fiskåelva). Desse naturtypepane er høgproduktive økosystem, og er difor viktige mataukområde for fuglar, spesielt i trekktidene, men også elles i året (DN 1999a). Fleire av lokalitetane i Vanylven er skildra i "Fylkesdelplanen for elveoslandskap i Møre og Romsdal" (Fylkesmannen i Møre og Romsdal og Møre og Romsdal Fylkeskommune 1994).

Tabell 17: Lokalitetar i hovednaturtype havstrand/kyst.

Nr.	Lokalitetsnamn	Naturtype	Verdi
32	Sylte	Brakkvassdelta	B
48	Syvde: Oselva	Brakkvassdelta	B
50	Syvde: Vik	Brakkvassdelta	B
20	Åheim	Brakkvasspoll	B
40	Fiskå: Øyra	Brakkvasspoll	B
42	Åram: Sandvik	Sanddyner og sandstrender	B

5.8 Andre viktige førekomstar

Gaarder *et al.* (2001) føretekk nokre lokale tilpassingar av DN-handboka og inkluderer **nordvendte kystberg** som ein viktig naturtype. I Vanylven er den raudlista bregna hinnebregne registrert på fleire lokalitetar av nordvendte, kystnære berg, m.a. på Åheim, i Syltefjorden og på Åram. Utforminga nordvendte kystberg er relativt vanleg i Vanylven, og ved nærare undersøkingar vil ein truleg finne hinnebregne fleire stadar (K. J. Grimstad pers. medd.). Vidare skal det i denne hovednaturtypen først lokalitetar som ikkje fell naturleg inn i metodikken i DN-handboka (DN 1999a). **Innsjøar på olivgrunn** passar ikkje inn i metodikken til DN-handbok (1999a). Dette er eit problem av di slike innsjøar på nasjonal og regional skala er uvanlege, samt at det er registrert ein raudlista kransalge i fleire av dei kartlagde lokalitetane i Vanylven. Lokalitetane GUSDALSVATNET, SUNNDAHSVATNET, GRYNNEVATNET og HELGEHORN VATNET er i dette arbeidet difor ført under andre viktige førekomstar som ein lokalt tilpassa naturtype.

Tabell 18: Andre viktige førekomstar.

Nr.	Lokalitetsnamn	Naturtype	Verdi
1	Åheim: Grynnevatnet	Innsjø på olivingrunn	A
2	Åheim: Sunndalsvatnet	Innsjø på olivingrunn	B
6	Åheim: Helgehornsvatnet	Innsjø på olivingrunn	C
18	Åheim: Gusdalsvatnet	Innsjø på olivingrunn	B
7	Åheim: Helgehornet	Nordvendt kystberg	B
22	Åheim: Tusshornet	Nordvendt kystberg	B
26	Sylte: Syltehornet	Nordvendt kystberg	B
43	Åram: Nystølhornet	Nordvendt kystberg	B
56	Åram: Bjørlykke	Nordvendt kystberg	B
10	Åheim: Almklovdalen	Olivinfuruskog	A

6 Katalog over naturtypelokalitetane

6.1 Naturtypelokalitetane

I dette kapitlet er dei ulike prioriterte naturtypelokalitetane presenterte. For at det skal vere praktisk å slå opp er lokalitetane ordna etter kva del av kommunen dei ligg i. Innan kvar del er dei så igjen ordna etter plassering. På denne måten vil faktaarka til nærliggande lokalitetar stå tett saman. Boks 8 inneheld forklaringar eller referanse til forklaringar av dei ulike felta som er nytta på faktaarka i resten av dette kapitlet.

Boks 8: Forklaring av faktaarka

Lokalitetsnamn: Namna følger ØK og M711. Der det er konflikt mellom desse er begge namna nemnt for å unnga forvirring.	Lokalitetsnummer: Lokal ID/ Naturbase-nummer, sjå kapittel 2.4.1
Naturtype: Følger DN-handboka (1999a) og Gaarder <i>et al.</i> (2001). Sjå også kapittel 2.2.1.	UTM (EUREF89(WGS84)/ED50): Sjå kapittel 2.4.
Vegetasjonstypar: Følger Fremstad (1997).	Kartblad M711: 1119 III, 1119 II, 1118 I eller 1218 IV
BM verdi: Sjå kapittel 2.5.	Areal: Gjeve i talet på dekar (daa) = mål Høgde (m.o.h.): Etter ØK eller M711 Besøkt i felt: Angjeve med dato og bokstavkode, sjå kapittel 2.3.

Områdeskildring: Samanstilling av informasjon basert på skriftlege og muntlege kjelder, samt egne observasjonar. Der andre sine skildringar i stor grad er nytta, er det referert til desse.

Spesielle artar: Her først raudlista artar etter DN (1999b) eller Gaarder og Jordal (2001), nasjonale ansvarsartar etter DN (1999a) og Gaarder og Jordal (2001), signalartar etter Gaarder *et al.* (2001), Haugset *et al.* (1996) og Nitare (2000), fredlyste artar i Noreg, regionalt raudlista artar etter Gaarder og Jordal (2003), samt andre spesielt interessante artar, t.d. artar med egne rasar.

Avgrensing og prioritering: Avgrensing av lokalitetane er basert på skriftlege og muntlege kjelder, samt egne observasjonar. Avgrensingane på faktaarka er meint å vere orienterande, og er mindre presise enn dei digitaliserte avgrensingane. Det er prøvd å argumentere for verdsettinga, og der det er tvil om verddivurderinga er det opplyst om dette.

Truslar/konflikt og forvaltning: Skildrar faktiske, samt potensielle framtidige truslar mot lokaliteten sitt biologiske mangfald. Skjøtsel- og forvaltningstiltak er anbefalt.

Muntlege kjelder: Muntlege informasjonskjelder om lokaliteten.

Skriftlege kjelder: Skriftlege informasjonskjelder om lokaliteten. Generelle kjelder er referert i teksten, men ikkje teke med her.

Åheim: Grynnevatnet		1/ 1511-1- 0
Naturtype: Andre viktige førekomstar: Innsjø på olivingrunn	UTM (EUREF89): LP 20 78	Kartblad M711: 1218 IV
Vegetasjonstypar:	Areal: 126 daa	Høgde (m.o.h.): 152
BM verdi: Svært viktig (A)	Besøkt i felt: 25.06.02 MV	

Områdeskildring: Lokaliteten ligg øverst i Sunndalen, og er ein svært frodig og grunn innsjø med olivin i berggrunnen rundt. Innsjøen er svært interessant både når det gjeld limnologiske forhold og fugleliv, men truleg også når det gjeld insektsfaunaen. Lokaliteten er eit viktig hekkeområde for våtmarksfugl.

Spesielle artar: Viktig viltområde.

Avgrensing og prioritering: Avgrensinga er gjort slik at dei rike vegetasjonskantane er teke med. Fylkesmannen i Møre og Romsdal har vurdert at lokaliteten har lokal verneverdi (Fylkesmannen i Møre og Romsdal 1997), men grunna forkomst av raudlista art (kategori R - Sjeldan), samt stort potensiale for andre funn av raudlista artar, vert verdien vurdert som svært viktig (A).

Truslar/konflikt og forvaltning: Grunna det rike fuglelivet er truleg lokaliteten truga av forstyrningar frå menneskeleg aktivitet. Lokaliteten bør undersøkast av ekspertar, m.a. for kransalgar og augnestikkarar.

Muntlege kjelder: Magne Myklebust

Skriftlege kjelder: Fylkesmannen i Møre og Romsdal 1997

Åheim: Sunndalvatnet /Grofsevatnet		2/1511-2-0
Naturtype: Andre viktige førekomstar: Innsjø på olivingrunn	UTM (EUREF89): LP 205 79	Kartblad M711: 1119 III Vanylven
Vegetasjonstypar:	Areal: 240 daa	Høgde (m.o.h.): 143
BM verdi: Viktig (B)	Besøkt i felt: 08.06.02 MV	

Områdeskildring: Lokaliteten ligg i Sunndalen, og er ein oligotrof innsjø på olivingrunn. Vatnet har vore undersøkt av Malme (1974, 1978) og Gaarder (A/S Olivin 2002). Av registrerte artar er den raudlista kransalgen glansglattkrans (DC), samt vanlegare artar som kvit nøkkerose, tjønnaks og flotgras.

Spesielle artar: Den raudlista kransalgen glansglattkrans *Nitella flexilis* (DC - omsynskrevjande).

Avgrensing og prioritering: I avgrensinga er dei frodige vegetasjonskantane i sørenden av vatnet teke med. Lokaliteten har ifølge Malme (1978) fleire langskotsplantar enn GUSDALSVATNET (lok. nr. 18). Fylkesmannen i Møre og Romsdal har vurdert at lokaliteten har lokal verneverdi (Fylkesmannen i Møre og Romsdal 1997). G. Gaarder vurderer potensialet for interessante miljø og artar som fortsett til stades (A/S Olivin 2002). Innsjøar på olivingrunn er ein sjeldan naturtype, og av di det er registrert ein raudlista kransalgeart i vatnet får lokaliteten verdien viktig (B).

Truslar/konflikt og forvaltning: Vestsida av innsjøen er teken i bruk som dagbruddsområde for A/S Olivin. Det er ein fyllplass ned mot vatnet, og ein veit i dag lite om olivindriften sin innverknad på lokaliteten. Den raudlista kransalgen er knytt til oligotrofe innsjøar, og eutrofiering grunna tilførsel frå landbruket er følgeleg ein trussel mot det biologiske mangfaldet. Innsjøen bør undersøkast nærare.

Muntlege kjelder:

Skriftlege kjelder: Malme 1974, 1978, Fylkesmannen i Møre og Romsdal 1997, A/S Olivin 2002

Aheim: Grubseraudehaugen	3
Naturtype: Naturbeitemark	UTM (EUREF89): LP 208 792
Vegetasjonstypar:	Kartblad M711: 1119 III Vanylven
	Areal: 9 daa
	Høgde (m.o.h.): 150-170
BM verdi: Lokalt viktig (C)	Besøkt i felt: 24.07.02 MV og KJG

Områdeskildring: Lokaliteten ligg nord for Grubsevatnet i Sunndal, opp mot olivinbrotet, og er ei sørvendt beitemark på olivingrunn. Lokaliteten vart undersøkt for beitemarkssopp tidleg i soppsesongen, og det vart funne mellom anna gul vokssopp, grøn vokssopp, kjeglevokssopp, tua køllesopp og ein ubestemt raudskivesopp (ikkje kontrollbestemte).

Spesielle artar:

Avgrensing og prioritering: Avgrensinga følgjer gjerda som er sett opp rundt lokaliteten. Lokaliteten kunne først som naturtypen ultrabasisisk og tungmetallrik mark i låglandet, som av DN (2002) er kategorisert som livskraftig til noko truga (LC-VU), men lokaliteten er i staden ført som naturbeitemark, der naturbeitemarkar på olivingrunn er ei sjeldan utforming. Grunna gjødsling av beite får ikkje lokaliteten større verdi enn lokalt viktig (C).

Truslar/konflikt og forvaltning: Skal ein ta vare på det biologiske mangfaldet må ein ta opp att tradisjonell skjødse med sauebeiting, samt slutte å gjødsle meir enn det som husdyra tilfører lokaliteten. Beiterykket er bra, men kan haldast litt jamnare gjennom beitesesongen. Det er uvisst om lokaliteten vert påverka av bergverksdrifta i området.

Muntlege kjelder: Landbrukskontoret i Vanylven

Skriftlege kjelder:

Aheim: Halse	4
Naturtype: Slåtteeeng	UTM (EUREF89): LP 205 795
Vegetasjonstypar:	Kartblad M711: 1119 III Vanylven
	Areal: 0,3 daa
	Høgde (m.o.h.): 150-155
BM verdi: Lokalt viktig (C)	Besøkt i felt: 25.05.02 MV

Områdeskildring: Lokaliteten ligg ovanfor vegen ved Halse, mellom hovudvegen og ein traktorveg som går oppover bakken, Slåtteeenga er truleg ikkje gjødsla på lenge av di det er vanskeleg å komme til med traktor. Lokaliteten har eit tydeleg slåtteeengpreg.

Spesielle artar:

Avgrensing og prioritering: Slåtteeenga er ein del av ei større eng som vert gjødsla, men den utvalde lokaliteten er brattlendt og inneklemd mellom hovudvegen og ein bjørkeallé som går langs ein traktorveg oppover skråninga. Lokaliteten kunne også ha vore ført under naturtypen vegkant, men er i dette arbeidet ført under naturtypen slåtteeeng. Lokaliteten vert framleis hevda, med grunna liten størrelse og det relativt låge talet på registrerte naturengartar får den verdien lokalt viktig (C).

Truslar/konflikt og forvaltning: For å ta vare på det biologiske mangfaldet må ein oppretthalde tradisjonell skjødse med lite gjødsling og sein slått, Både jordarbeiding og gjødsling, men også opphøyrte hevd og gjengroing vil ha ein negativ innverknad.

Muntlege kjelder:

Skriftlege kjelder:

Åheim: Raudenausane	5
Naturtype: Kalkrike område i fjellet	UTM (EUREF89): LP 218-228 788-792
Vegetasjonstypar: Ultrabasisk og tungmetallforgifta mark, ultrabasisk utforming (F6a)	Kartblad M711: 1119 III Vanylven
BM verdi: Viktig (B)	Areal: 295 daa
	Høgde (m.o.h.): 300-382
	Besøkt i felt: 17.06.02 MV

Områdeskildring: Lokaliteten ligg kring sør- og austsida av Helgehornvatnet (lok. nr. 6) og omkransar Helgehornvatnet naturreservat (sjå kapittel 4). Det er ein del furuskog på lokaliteten, og elles fattige myrer og lite forvitra olivinknausar, med innslag av karakteristisk rasmarkvegetasjon.

Spesielle artar: På olivin er det ein heilt spesiell flora av plantar som er genetisk tilpassa til å vekse på berggrunn med eit høgt innhald av tungmetall, t.d. serpentinvariantar av aurskrinneblom (nasjonal ansvarsart), fjellarve og fjelltjereblom.

Avgrensing og prioritering: Sidan lokaliteten ligg i tregrensa kan den førast både under kalkrike område i fjellet, olivinfuruskog og ultrabasisk og tungmetallrik mark i låglandet. Av di mesteparten av lokaliteten ikkje er tresett, vert den i dette arbeidet ført under kalkrike område i fjellet. Denne naturtypen er av DN (2002) vurdert som hensynskrevjande til noko truga (LR-VU). At det er olivinfuruskog på lokaliteten aukar verdien, av di dette er ein sjeldan naturtype, men av di lokaliteten er relativt artsfattig, vert han under tvil berre vurdert som viktig (B).

Truslar/konflikt og forvaltning: Utbygging av hytter kan verte ein trussel for lokaliteten. I Vanylven er olivinområda utsett for bergverksdrift med uttak av olivinstein. Vidare er lokaliteten utsett for skogsdrift og treslagsskifte til gran.

Muntlege kjelder:

Skriftlege kjelder: Bjørlykke 1938, Fylkesmannen i Møre og Romsdal 1997, A/S Olivin 2002

Åheim: Helgehornsvatnet	6
Naturtype: Andre viktige naturtypar: Innsjø på olivingrunn	UTM (EUREF89): LP 220 791
Vegetasjonstypar:	Kartblad M711: 1119 III Vanylven
BM verdi: Lokalt viktig (C)	Areal: 90 daa
	Høgde (m.o.h.): 333
	Besøkt i felt: 14.06.02 MV

Områdeskildring: Lokaliteten ligg i mellom Almklovdalen og Sunndalen, delvis omkransa av Raudenausane (lok. nr. 5), og er ein innsjø som hovudsakleg ligg på olivingrunn. Vatnet har ikkje vore undersøkt, men er høgst truleg oligotroft.

Spesielle artar:

Avgrensing og prioritering: Kransalgen glansglattkrans *Nitella flexilis* (DC - omsynskrevjande) er funne i to andre innsjøar på olivingrunn i nærleiken, og sjansen for å finne arten også her vert vurdert som relativt stor. Innsjøar på olivingrunn er ein sjeldan naturtype, men grunna manglande datagrunnlag får lokaliteten i denne omgong verdien lokalt viktig (C). Det kan verte aktuelt å endre verdien etter nærare undersøkingar.

Truslar/konflikt og forvaltning: Dersom det er kransalgar på lokaliteten, er lokaliteten truga av næringstilførsel frå hytter ved vatnet. Lokaliteten bør undersøkast av ekspertar på kransalgar.

Muntlege kjelder:

Skriftlege kjelder:

Åheim: Helgehornet	7
Naturtype: Nordvendt kystberg	UTM (EUREF89): LP 220 799
Vegetasjonstypar: Bergsprekk og bergvegg (F2)	Kartblad M711: 1119 III Vanylven
	Areal: 18 daa
	Høgde (m.o.h.): 300-375
BM verdi: Viktig (B)	Besøkt i felt:

Områdeskildring: Lokaliteten ligg i nordsida på Helgehornet. Lengst nede er det middealdrande tre med m.a. noko lungenever. Oppe i bergveggen er det sparsamt men delvis kalkkrevjande fjellplantar som raudsildre, gulsildre, fjellsmelle og svarttopp, samt fuktkrevjande og oseaniske/suboseaniske mosar. Forutan signalartane under, kan dronningmose og heimose nemnast.

Basert på skildring av G. Gaarder (A/S Olivin 2002)

Spesielle artar: Signalartane prakttvebladmose, gullhårmose, pelssåtemose.

Avgrensing og prioritering: Avgrensinga av lokaliteten følgjer A/S Olivin (2002). Sidan det er registrert prakttvebladmose samt ei rekke andre signalartar på lokaliteten, får den verdien viktig (B).

Truslar/konflikt og forvaltning: Lokaliteten ligg rett utanfor tiltaksområdet for A/S Olivin sine utvidingsplanar, men vert truleg ikkje direkte råka av planane.

Muntlege kjelder:

Skriftlege kjelder: A/S Olivin 2002

Åheim: Åhaugen	8
Naturtype: Naturbeitemark	UTM (EUREF89): LP 215 802
Vegetasjonstypar:	Kartblad M711: 1119 III Vanylven
	Areal: 109 daa
	Høgd (m.o.h.): 120-180
BM verdi: Svært viktig (A)	Besøkt i felt: 29.05.02 MV

Områdeskildring: Lokaliteten ligg mellom Almklovdalen og Sunndalen i sørvendte bakkar. Området er ein gammal gard (Bruk nr. 62/1) som tidlegare vert slått, men som no vert beita av storfe. Dei sentrale delane verkar oppgjødsle og mindre interessante, men kantområda er rike på naturengartar (27 registrerte artar).

Basert på skildring av G. Gaarder (A/S Olivin 2002)

Spesielle artar: Den raudlista arten solblom (DC - hensynskrevjande), samt observasjonar av den raulista hakkespetta kvitryggspett (V - sårbar).

Avgrensing og prioritering: Avgrensinga følgjer A/S Olivin (2002). Lokaliteten er framleis i hevd, og er for å ligge i Møre og Romsdal rik på naturengplantar. Funn av den raudlista arten solblom aukar verdien. I tillegg vurderast potensialet for raudlista beitemarkssopp som høgt. Lokaliteten får difor verdien svært viktig (A).

Truslar/konflikt og forvaltning: Lokaliteten vert direkte råka av A/S Olivin sine planar om å anlegge anleggsveg og nytt deponi for avdekkingsmasse på dei sørlege og søraustlege delane av lokaliteten. Dette vil ha ein stor negativ innverknad på det biologiske mangfaldet på lokaliteten. A/S Olivin kan truleg med små endringar i planane redusere dei negative konsekvensane for det biologiske mangfaldet på lokaliteten. Vidare må ein for å ta vare på det biologiske mangfaldet oppretthalde skjøtsel med husdyrbeiting, samt ikkje anna gjødsling enn det husdyra tilfører lokaliteten. Beitemarkssopp verkar bra av di floraen er artsrik, og det er svært viktig at dette vert opprettheldt også etter eit eventuelt inngrep. Det har nyleg vore ein del rydding i austkant, og dette er truleg positivt for det biologiske mangfaldet. Lokaliteten bør undersøkast for beitemarkssopp.

Muntlege kjelder: Landbrukskontoret i Vanylven

Skriftlege kjelder: A/S Olivin 2002

Åheim: Nygård	57
Naturtype: Rik edellauvskog	UTM (EUREF89): LP 211 801
Vegetasjonstypar:	Kartblad M711: 1119 III Vanylven
	Areal: 18 daa
	Høgde (m.o.h.): 55-130
BM verdi: Lokalt viktig (C)	Besøkt i felt: 29.07.03 MV

Områdeskildring: Lokaliteten ligg ovanfor Nygård opp mot Åhaugen (lok. nr. 8) og vender mot sør/sør-vest. Tresjiktet består hovudsakleg av rogn, rognasal, hassel, gråor og bjørk. Det er relativt fattig lågurtvegetasjon i feltsjiktet, men olivin i grunnen gjev i tillegg grønburkne og dominans av hengjeaks.

Spesielle artar: På lokaliteten er det ein relativt stor bestand av den nasjonale ansvarsarten rognasal.

Avgrensing og prioritering: Avgrensinga er gjort for å femne mest mogleg av rognasalbestanden, samt områda med rikast feltsjikt. Lokaliteten får verdien lokalt viktig (C).

Truslar/konflikt og forvaltning: Lokaliteten ligg nær A/S Olivin sine planlagde nye tiltak men vil truleg ikkje verte direkte påverka. Det har nyleg vore hogst/ beiterydding på delar av lokaliteten, og rognasal har vorte fjerna. Ved framtidig hogst/ rydding bør ein la rognasal stå att.

Muntlege kjelder:

Skriftlege kjelder:

Åheim: Almklov	9
Naturtype: Rik edellauvskog	UTM (EUREF89): LP 242 785
Vegetasjonstypar: Alm-lindeskog (D4), Bergsprekk og bergvegg (F2), Gråor-heggeskog (C3)	Kartblad M711:
	Areal: 2 daa
	Høgde (m.o.h.): 225-260
BM verdi: Viktig (B)	Besøkt i felt: 17.07.02 MV

Områdeskildring: Lokaliteten ligg nede i Almklova, oppe i dei sørvestvendte berghamrane. Øverst oppe er det innslag av alm (regional raudlisteart), ask og hassel, men lengre nede er det dominans av gråor-heggeskog, og i opnare, tørre parti er det engpreg grunna sauebeite. Andre registrerte artar er storklokke, kratthumleblom, hengeaks, brunrot og skogsvinerot.

Spesielle artar: Alm er oppført under kategori 3 - sårbar på den regionale raudlista (Gaarder og Jordal 2003).

Avgrensing og prioritering: Lokaliteten ligg oppe i sida på ei kløft, og er naturleg avgrensa til begge sider av bratte hamrar. Lokaliteten inneheld alm og ask, og skal då etter DN-handboka (DN 1999a) førstast som rik edellauvskog. Lokaliteten er liten, vert vurdert som relativt dårleg utvikla, men får verdien viktig (B).

Truslar/konflikt og forvaltning: Det er ein del hjort i området. Hardt hjortebeite kan føre til manglande gjenvækst av alm, og dyra kan også gjennom gnag skade og drepe store almetre (Jordal 1997, Jordal og Gaarder 1998b, Gaarder og Jordal 2003).

Muntlege kjelder:

Skriftlege kjelder:

Åheim: Almklovdalen	10/1511-65-3/1511-180-0
Naturtype: Olivinfuruskog	UTM (EUREF89): 208-242 791-812
Vegetasjonstypar: Ultrabasisk og tungmetallforgifta mark, ultrabasisk utforming (F6a)	Kartblad M711: 1119 III Vanylven
BM verdi: Svært viktig (A)	Areal: 1920 daa
	Høgde (m.o.h.): 55-300
	Besøkt i felt:

Områdeskildring: Lokaliteten ligg i Almklovdalen/Gusdalen, og olivinområda er kledd med furuskog og står tydeleg fram mot omliggjande gneisområde med dunbjørk og anna lauvskog. Det meste av skogen er lyngdominert, men er likevel rik på urtar og gras, t.d. blåtopp, hengjeaks, kornstorr, småtviblad, vaniljerot, olavsstake og raudflangre. På laus forvitningsgrus av olivin opptrer ein heilt spesiell rasmarkvegetasjon.

Spesielle artar: På olivingrunn er det ein heilt spesiell flora av plantar som er genetisk tilpassa til å vekse på berggrunn med eit høgt innhald av tungmetall, t.d. serpentinvariantar av aurskrinneblom (nasjonal ansvarsart), fjellarve og fjelltjereblom, strandsmelle og raud jonsokblom. Av andre interessante artar er raudflangre nemnt av Bjørndalen og Brandrud (1989). Vaniljerot er oppført under kategori 4 - omsynskrevjande på den regionale raudlista (Gaarder og Jordal 2003).

Avgrensing og prioritering: Avgrensinga følgjer A/S Olivin (2002). Trass i at lokaliteten inneheld delområde som ikkje burde få høgare verdi enn viktig (B), vert lokaliteten oppfatta som relativt homogen, og det er ikkje avgrensa spesielt viktige område. Ei rikmyr (lok. nr. 16) er derimot skilt ut som ein eigen lokalitet, og naturreservatet Raudehaugen (sjå Kapittel 4.2) utgjer ein del av lokaliteten. Olivinfuruskog ved Hellebust er somme stadar skilt ut som eigen lokalitet av di denne lokaliteten var føreslått verna i verneplan barskog Møre og Romsdal, men denne fall ut grunna frykt for erstatningssøksmål (Fylkesmannen i Møre og Romsdal 1993). Denne delokaliteten er av fylkesmannen vurdert til å ha internasjonal verneverdi (Fylkesmannen i Møre og Romsdal 1997). DN-handboka (1999a) kategoriserar olivinfuruskog som en utforming av naturtypen kystfuruskog, men i fylkestilpassa faktaark for Møre og Romsdal (Gaarder *et al.* 2001) vert olivinfuruskog skilt ut som eigen naturtype, og dette vert følgeleg også gjort i dette arbeidet. Olivinfuruskogane er internasjonalt sett unike (Gaarder *et al.* 2001, Bjørndalen og Branderud 1989) og difor svært verneverdige. Lokaliteten utgjer, saman med Tjørnanakken i Bjørkedalen, Volda, dei største kjende lokalitetane med olivinfuruskog i Norden (DN 1992). Delar av lokaliteten er relativt fattig, og det har truleg vore plukkhogst på heile lokaliteten. Kjerringhaugen, eit delområde, har truleg vore avskoga i ei periode. Av di lokaliteten samla sett er artsrik, naturtypen er sjeldsynt, og størrelsen sjølv etter inngrep er stor, vert lokaliteten samla vurdert som svært viktig (A).

Truslar/konflikt og forvaltning: I Vanylven er olivinfuruskogane utsett for bergverksdrift med uttak av olivinstein, og dette har truleg alt øydelagt svært verdfulle førekomstar. Rundt halvparten av olivinfuruskogane i Almklovdalen er allereie vekk, og 10 % til ligg innanfor dei gamle konsesjonsgrensene. Ved utviding av konsesjonsgrensene vil ytterlegare 10 % forsvinne, så truleg vil berre 30 % av den opprinnelege olivinfuruskog i Almklovdalen stå att (A/S Olivin 2002). Lokaliteten var ein gong den største kjende førekomsten av olivinfuruskog i verda, vil den i framtida verte ein lokalitet av middels størrelse. Av områda som forsvinn er truleg fleire av dei rikaste botanisk sett. Vidare har olivinfuruskogane vore noko utsett for skogsdrift, dels med treslagsskifte til gran, og i mindre grad oppdyrking. Gruppene lav, sopp og mose burde ha vorte studert nærare på olivingrunn av di desse er lite granska. Etter den nye KU-rapporten til A/S Olivin (2002) kan moment tolkast som at konfliktnivået ved delokaliteten Hellebust er redusert, og denne bør revurderast ved supplering av barskogvernet i Fylket.

Muntlege kjelder:

Skriftlege kjelder: Bjørlykke 1938, Balle og Bertelsen 1976, Bjørndalen og Brandrud 1989, Direktoratet for Naturforvaltning 1992, Fylkesmannen i Møre og Romsdal 1993, 1997, A/S Olivin 2002

Åheim: Lia	11
Naturtype: Slåtteeng	UTM (EUREF89): LP 230 788
Vegetasjonstypar:	Kartblad M711: 1119 III Vanylven
	Areal: 10 daa
	Høgde (m.o.h.): 190-220
BM verdi: Lokalt viktig (C)	Besøkt i felt: 17.06.02 MV

Områdeskildring: Lokaliteten ligg i bakkane sydvest og ovanfor Hellebust (Bruk nr. 60/1), og er ei relativt artsrik slåtteeng i tidleg gjengroingsfase. Det har ikkje vore jordarbeiding på lokaliteten så lenge ein kan hugse. Slåtteenga er framleis relativt rik på naturengartar, m.a. prestekrage, blåklokke, småengkall, harerug, smalkjempe, jordnøtt, kystmaure, lækjeveronika og tepperot.

Spesielle artar:

Avgrensing og prioritering: Bakkane ovanfor gardsvegen er utvalgte då desse er mest artsrike og har lengst skjødse. Lokaliteten er relativt stor og naturengpreget er framleis tydeleg. Lokaliteten har truleg framleis eit stort restaureringspotensial, men grunna teikn på gjengroing får lokaliteten verdien lokalt viktig (C).

Truslar/konflikt og forvaltning: For å ta vare på det biologiske mangfaldet må ein ta opp igjen tradisjonell skjødse med lite gjødsling og sein slått, Både jordarbeiding og gjødsling, men også opphøyrte hevd og gjengroing vil ha ein negativ innverknad. Lokaliteten har truleg framleis eit stort restaureringspotensial. I framtida kan lokaliteten verte truga av utbyggingar, tilplantingar og andre bruksendringar.

Muntlege kjelder: Landbrukskontoret i Vanylven

Skriftlege kjelder:

Åheim: Hellebust	12
Naturtype: Slåtteeng	UTM (EUREF89): LP 236 791
Vegetasjonstypar:	Kartblad M711: 1119 III Vanylven
	Areal: 2,3 daa
	Høgde (m.o.h.): 105
BM verdi: Svært viktig (A)	Besøkt i felt: 24.07.02 MV og KJG

Områdeskildring: Lokaliteten vert kalla Holmen og ligg som namnet seier på ein holme i elva på Hellebust, aust og nedanfor Almklovnakken. Holmen har lang og god hevd med sein slått og litt beiting vår og haust, og har elles ikkje vore gjødsle eller pløgd så langt ein kan hugse attende. Lokaliteten får truleg tilført noko næring frå elva. Vegetasjonen har eit typisk slåtteengpreg, med registrerte artar som småengkall, smalkjempe, gulaks, tiriltunge, tepperot, harerug, firkantperikum, følblom og blåknapp, samt beitemarksoppen tua køllesopp (ikkje kontrollbestemt).

Spesielle artar: Den raudlista arten Solblom (DC - hensynskrevjande).

Avgrensing og prioritering: Lokaliteten avgrensar seg sjølv ved at den ligg på ein holme, men også små område inn på hovedjorda har naturengpreg. Ein mindre holme ved sidan av som ikkje vert skjøtta, er heilt dominert av mjødur. Grunna lang og god hevd, samt funn av raudlisteart gjer at lokaliteten får verdien svært viktig (A).

Truslar/konflikt og forvaltning: For å ta vare på det biologiske mangfaldet må ein oppretthalde tradisjonell skjødse med lite gjødsling og sein slått, Både jordarbeiding og gjødsling, men også opphøyrte hevd og gjengroing vil ha ein negativ innverknad. I framtida kan lokaliteten verte truga av utbyggingar, tilplantingar og andre bruksendringar. Lokaliteten bør undersøkast nærare av spesialistar på beitemarksopp.

Muntlege kjelder: Landbrukskontoret i Vanylven

Skriftlege kjelder:

Åheim: Hellebostmyrane/ GUSDALSSELVA	13
Naturtype: Kroksjøar, flomdammar og meandrerande elveparti	UTM (EUREF89): LP 231 799
Vegetasjonstypar:	Kartblad M711: 1119 III Vanylven
	Areal: 105 daa
	Høgde (m.o.h.): 100-110
BM verdi: Viktig (B)	Besøkt i felt:

Lokaliteten ligg nedanfor Hellebust, der Kvennhuselva og GUSDALSSELVA renn saman, og utgjer ei større elveslette med tilhøyrande kroksjøar, meandrerande elveparti og flomdammar. Beitepåverknad gjev delar av elvesletta preg av naturbeitemark. Det er lite areal med myr, og myrområda er hovudsakleg fattig- og intermediær myr. Av interessante plantefunn på lokaliteten er nålesivaks og nebbstorr. Området er også eit viktig leveområde for våtmarksfugl, m.a. stransnipe, enkeltbekkasin og sivspurv er registrert.

Basert på skildring av G. Gaarder (A/S Olivin 2002)

Spesielle artar: Dei regionalt sjeldne artane nebbstorr og nålesivaks. Nålesivaks er oppført under kategori 4 - omsynskrevjande på den regionale raudlista (Gaarder og Jordal 2003).

Avgrensing og prioritering: Meandrerande system endrar seg over tid, og ved avgrensing er det difor lagt inn ei bufferson. Lokaliteten er regionalt sett stor. I tillegg er det eit godt beitetrykk (truleg for det meste storfe) som hindrar at lokaliteten gror igjen. I fylkesmannen sin Naturbase er området utpeika som viktig hekkeplass for ender og vadefugl (lokal verneverdi) (Fylkesmannen i Møre og Romsdal 1997), men funn av ein del regionalt mindre vanlege planteartar aukar verdien. Totalt får lokaliteten verdien viktig (B).

Truslar/konflikt og forvaltning: Av potensielle truslar vil kanalisering og steinsetting redusere elva si evne til å danne nye flomdammar og kroksjøar. Naturtypen gror snøgt igjen dersom beiting opphøyrer. Overgjødsling og tilsig frå landbruket kan vere ein trussel, og lokaliteten er noko påverka av olivindrifta i dalen.

Muntlege kjelder:

Skriftlege kjelder: Fylkesmannen i Møre og Romsdal 1997, A/S Olivin 2002

Åheim: Ekremseter	14
Naturtype: Slåtteeeng	UTM (EUREF89): LP 238 804
Vegetasjonstypar:	Kartblad M711: 1119 III Vanylven
	Areal: 19 daa
	Høgde (m.o.h.): 280-300
BM verdi: Viktig (B)	Besøkt i felt: 03.06.02 MV, 24.07.02 MV, KJG

Områdeskildring: Lokaliteten ligg på olivingrunn på det nordlegaste bruket på Ekremseter, og er ei lite gjødsla slåtteeeng med mange naturengplantar, m. a. mykje småengkall og i tillegg marinøkkel (regional raudlisteart), storblåfjør, harerug, tiriltunge, gulaks, jonsokkoll, gjerdevikke, følblom, kystmaure, kystgrisøyre, jordnøtt og smalkjempe. Det vart funne beitemarkssopp/vokssopp (ubestemte) på delar av enga, og det er truleg bakkar og kantområde som ikkje har vore gjødsla i særleg grad.

Spesielle artar: Den gode naturengindikatoren marinøkkel, som er oppført under kategori 3 - sårbar på den regionale raudlista (Gaarder og Jordal 2003).

Avgrensing og prioritering: Lokaliteten er naturleg avgrensa av elva mot nord og av gjerde mot utmarka ovanfor og nedanfor. Grensa sørover er drege etter skjøn. Lokaliteten kunne førast som naturtypen ultrabasisk og tungmetallrik mark i låglandet, som av DN (2002) er kategorisert som livskraftig til noko truga (LC-VU), men lokaliteten er i staden ført som slåtteeeng, der slåtteeenger på olivingrunn er ei sjeldan utforming. Lokaliteten er relativt stor, lite gjødsla og har lang og god hevd.

Lokaliteten var artsrik, og det vart funne eit godt innslag av naturengplantar. Desse momenta gjer at verdien av lokaliteten vert vurdert som viktig (B), men det kan verte aktuelt å endre verdien etter nærare undersøkingar.

Truslar/konflikt og forvaltning: For å ta vare på det biologiske mangfaldet må ein oppretthalde tradisjonell skjødse med lite gjødsling og sein slått, Både jordarbeiding og gjødsling, men også opphøyr hevd og gjengroing vil ha ein negativ innverknad. I framtida kan lokaliteten verte truga av utbyggingar, tilplantingar og andre bruksendringar. Lokaliteten bør undersøkast nærare av spesialistar på beitemarkssopp.

Muntlege kjelder: Karl Johan Grimstad, Landbrukskontoret i Vanylven

Skriftlege kjelder:

Åheim: Ekremseter	15
Naturtype: Naturbeitemark	UTM (EUREF89): LP 239 805
Vegetasjonstypar:	Kartblad M711: 1119 III Vanylven
	Areal: 30 daa
	Høgde (m.o.h.): 300-340
BM verdi: Viktig (B)	Besøkt i felt: 24.07.02 MV og KJG

Områdeskildring: Lokaliteten ligg på olivingrunn på det nordlegaste bruket på, og er vest-sørvestvendt naturbeitemark med lang hevd og godt beitetrykk. Lokaliteten vart undersøkt for beitemarkssopp tidleg i soppesongen, og det vart funne ein del beitemarkssopp (ikkje kontrollbestemte).

Spesielle artar:

Avgrensing og prioritering: Lokaliteten er naturleg avgrensa av elva mot nord og av gjerde inn mot innmarka nedanfor. Dei andre grensene er drege etter skjøn. Lokaliteten kunne førast som naturtypen ultrabasisisk og tungmetallrik mark i låglandet, som av DN (2002) er kategorisert som livskraftig til noko truga (LC-VU), men lokaliteten er i staden ført som naturbeitemark, der naturbeitemarker på olivingrunn er ei sjeldan utforming. Lokaliteten er relativt stor og har lang og god hevd. Samstundes vart lokaliteten undersøkt tidleg i soppesongen, og potensialet for raudlista beitemarkssopp vert vurdert som stort (K. J. Grimstad pers. medd.). Området får difor førebels verdien viktig (B), men det kan vere aktuelt å endre verdien etter at spesialistar på beitemarkssopp har undersøkt lokaliteten nærare.

Truslar/konflikt og forvaltning: For å ta vare på det biologiske mangfaldet må ein oppretthalde tradisjonell skjødse med sauebeiting, samt ikkje bruk av anna gjødse enn det husdyra tilfører. Beitetrykket bør vere på same nivå som i dag. Ein bør rydde litt skog og kratt. Lokaliteten bør undersøkast nærare av spesialistar på beitemarkssopp.

Muntlege kjelder: Karl Johan Grimstad, Landbrukskontoret i Vanylven

Skriftlege kjelder:

Åheim: Berge	16
Naturtype: Rikmyr	UTM (EUREF89): LP 229 806
Vegetasjonstypar:	Kartblad M711: 1119 III Vanylven
	Areal: 12 daa
	Høgde (m.o.h.): 245-290
BM verdi: Viktig (B)	Besøkt i felt:

Områdeskildring: Lokaliteten ligg vest for Skjellhammaren og har små rikmyrer knytt til rike parti langs bekken som kjem frå Skjevaton/Slivatn. Området vert beita av storfe slik at dei lågvoksne rikmyrsartane har gode vilkår. Registrerte kravfulle og rikmyrstilknytte artar er, forutan signalartane under, gulsildre, myrsaulauk og tvebostorr.

Basert på skildring av G. Gaarder (A/S Olivin 2002)

Spesielle artar: Signalartane breiull, hårstorr, loppestorr, småsivaks og svarttopp.

Avgrensing og prioritering: Avgrensing av lokaliteten følgjer A/S Olivin (2002). Rikmyrer er sjeldne i Vanylven, og lokaliteten inneheld nok rikmyrsindikatorar til at den får verdien viktig (B).

Truslar/konflikt og forvaltning: Lokaliteten vil høgst truleg forsvinne heilt om få år. Den ligg innanfor A/S Olivin sitt planlagte utvidingsområde for dagbrotet i Gusdalen, og bekken frå Skjevvatn er tenkt ført vekk frå brotet austover langs ein pall.

Muntlege kjelder:

Skriftlege kjelder: A/S Olivin 2002

Åheim: Gusdal Øvre	17
Naturtype: Slåtteeng	UTM (EUREF89): LP 211 809
Vegetasjonstypar:	Kartblad M711: 1119 III Vanylven
	Areal: 3,3 daa
	Høgde (m.o.h.): 60-65
BM verdi: Viktig (B)	Besøkt i felt:

Områdeskildring: Lokaliteten ligg på Gusdal, og består av små slåtteenger i bakkane ovanfor vegen til Almklovdalen. Desse slåtteengene er i dag i tidleg gjengroingsfase, men er til dels ganske artsrike med eit godt innslag av ulike naturengplantar, m.a. den gode naturengindikatoren marinøkkel (regional raudlisteart), og i tillegg mykje av den regionalt uvanlege arten dunhavre (regional raudlisteart). Engsamfunna her har tørrengpreg, truleg dels som følgje av sandflukt frå dagbrotet.

Basert på skildring av G. Gaarder (A/S Olivin 2002)

Spesielle artar: Marinøkkel (kategori 3 – sårbar) og dunhavre (kategori 4 - omsynskrevjande) er lista i den regionale raudlista (Gaarder og Jordal 2003).

Avgrensing og prioritering: Avgrensing av lokaliteten følgjer A/S Olivin (2002). Det er naturengartar på fleire enger rundt Gusdal, men den avgrensa lokaliteten vart av G. Gaarder (A/S Olivin 2002) vurdert som den mest artsrike og interessante. Lokaliteten kunne også ha vore ført under naturtypen vegkantar, men er i dette arbeidet ført under naturtypen slåtteeng. Lokaliteten er lite skjøtta og i tidleg gjengroing, men slåtteengpreget er framleis tydeleg. Lokaliteten har vidare eit så godt innslag av naturengplantar at verdien vert vurdert som viktig (B).

Truslar/konflikt og forvaltning: Lokaliteten vert lite skjøtta og er i ferd med å gro att. Skal ein ta vare på det biologiske mangfaldet må ein oppretthalde tradisjonell skjødtsel, med sein slått og lite gjødsling.

Muntlege kjelder:

Skriftlege kjelder: A/S Olivin 2002

Åheim: Gusdal Nedre	58
Naturtype: Slåtteeng	UTM (EUREF89): LP 209 809
Vegetasjonstypar:	Kartblad M711: 1119 III Vanylven
	Areal: 1,8 daa
	Høgde (m.o.h.): 50-60
BM verdi: Lokalt viktig (C)	Besøkt i felt:

Områdeskildring: Lokaliteten ligg på Gusdal, og består av små slåtteenger i bakkane ovanfor vegen til Almklovdalen. Desse slåtteengene er i dag i ferd med å gro igjen, men det er framleis eit godt

innslag av ulike naturengplantar, m.a. den regionalt uvanlege arten dunhavre (regional raudlisteart). Engsamfunna her har tørrengpreg, truleg dels som følgje av sandflukt frå dagbrotet.

Spesielle artar: Dunhavre er lista i den regionale raudlista (Gaarder og Jordal 2003) som kategori 4 - omsynskrevjande.

Avgrensing og prioritering: Lokaliteten kunne også ha vore ført under naturtypen vegkantar, men er i dette arbeidet ført under naturtypen slátteeng. Lokaliteten er ikkje skjøtta og i gjengroing, men er vurdert til å ha restaureringspotensial. Verdien vert vurdert som lokalt viktig (C).

Truslar/konflikt og forvaltning: Lokaliteten er ikkje skjøtta og i gjengroing, men er vurdert til å ha restaureringspotensial. Skal ein ta vare på det biologiske mangfaldet må ein oppretthalde tradisjonell skjødsl, med sein slått og lite gjødsling.

Muntlege kjelder:

Skriftlege kjelder:

Åheim: Gusdalsvatnet	18
Naturtype: Andre viktige naturtypar: Innsjø på olivingrunn	UTM (EUREF89): LP 205 805
Vegetasjonstypar:	Kartblad M711: 1119 III Vanylven
BM verdi: Viktig (B)	Areal: 709 daa
	Høgde (m.o.h.): 51
	Besøkt i felt:

Områdeskildring: Lokaliteten ligg i Gusdalen, og er ein oligotrof innsjø som ligg delvis på olivingrunn, og som får tilført olivinsand frå dagbrota i områda rundt. Vatnet har vore undersøkt av Bjørlykke (1938), Malme (1978) og Gaarder (A/S Olivin 2002). I innsjøen er det registrert glansglattkrans (DC), den mindre vanlege småtjønnaks, samt vanlegare artar som tusenblad, flotaks og tjønnaks. På lokaliteten er det fleire sandstrender. Desse er naturleg førekommande, men har truleg auka grunna sedimentering av tilførte olivinpartiklar frå dagbrota i området.

Basert på skildring av G. Gaarder (A/S Olivin 2002)

Spesielle artar: Den raudlista kransalgen glansglattkrans *Nitella flexilis* (DC - omsynskrevjande).

Avgrensing og prioritering: I avgrensinga er vasskantvegetasjonen og sandstrendene teke med, og G. Gaarder vurderer sandstrendene som framleis interessante (A/S Olivin 2002). Innsjøar på olivingrunn er ein sjeldan naturtype, og av di det er registrert ein raudlista kransalgeart i vatnet får lokaliteten verdien viktig (B).

Truslar/konflikt og forvaltning: Den raudlista kransalgen er knytt til oligotrofe vatn, og det biologiske mangfaldet på lokaliteten er difor truga av eutrofiering frå jordbruket. Vidare har bergverksdrifta i området truleg hatt ein negativ innverknad på lokaliteten. Grunna sedimentering frå dagbrota i området har sandstrendene auka mykje dei siste 50 åra, og dette har truleg hatt ein negativ innverknad på plantelivet på sandstrendene.

Muntlege kjelder:

Skriftlege kjelder: Bjørlykke 1938, Malme 1974, 1978, A/S Olivin 2002

Åheimselva	19/1511-131-2
Naturtype: Viktig bekkedrag	UTM (EUREF89): LP 183-193 810-828
Vegetasjonstypar:	Kartblad M711: 1119 III Vanylven
BM verdi: Svært viktig (A)	Areal: 107 daa
	Høgde (m.o.h.): 0-50
	Besøkt i felt:

Områdeskildring: Åheimselva er elvestrekningen frå Gusdalsvatnet og ned til sjøen, med ei lengd på ca. 3 km, og er ei til dels meandrerande, stiltflytande elv med ein del strykparti. Elva går stort sett i sitt opprinnelege løp gjennom jordbrukslandskap, med dyrka mark på begge sider. Kantvegetasjon manglar mange stadar. Botnssubstratet varierer mellom grus og stein av ulik storleik. I nedre del er det områder kor det vert avdekt leire, men i øvre del opp mot Gusdalsvatnet er elva meir grovsteina. Det finst fleire kulpar i elva, m.a. Krikhølen og Gusshølen. Ved mykje nedbør ser ein tydeleg partikkelavrenninga frå dagbrota og deponia i Gusdalen og Sunndalen. Åheimselva er lakseførande.

Basert på skildringa i A/S Olivin (2002)

Spesielle artar: Den raudlista og freda arten elvemusling (V – sårbar, liste III i Bern-konvensjonen), samt ei eiga laksestamme.

Avgrensing og prioritering: Nedre del av elva går over i vågosen på Åheim (lok. nr. 20). Avgrensinga mellom lokaliteten og vågosen nedanfor er prøvd gjort der saltvasspåverknaden sluttar, ca. 500 meter ovanfor brua i Åheim sentrum. Fylkesmannen i Møre og Romsdal har vurdert at lokaliteten har lokal verneverdi (Fylkesmannen i Møre og Romsdal 1997), men størrelse, grad av inngrep, samt biologiske verdiar med m.a. sårbar raudlisteart gjer at lokaliteten får verdien svært viktig (A).

Truslar/konflikt og forvaltning: Åheimsvassdraget er regulert ved at ein øvre del vart overført til Åmela. Reguleringa medførte at vassføringa i vassdraget vart redusert med ca. 10 % ved utløpet av Gusdalsvatnet (A/S Olivin 2002). Som ein konsekvens av dette har populasjonen av elvemusling truleg avteke sidan 1975 (A/S Olivin 2002). Forureiningstilstanden i vassdraget vart sist undersøkt i 1997. Begroingstilstanden var god, men tilstanden av termotolerante koliforme bakteriar vart vurdert som meget dårleg (Relling og Otnes 2000b, A/S Olivin 2002). Grunnen til dette er truleg avrenning frå landbruket og spredte avløp. Vassdraget er også prega av bergverksaktiviteten i nedslagsfeltet, og det er stor avrenning av olivinpartiklar, men også sprengstoffrestar til vassdraget. Sedimentering kan vere forklaringa på funn av døde muslingar (A/S Olivin 2002), og er uansett ein stor trussel mot det biologiske mangfaldet i elva.

Muntlege kjelder: Magne Myklebust

Skriftlege kjelder: Lindstrøm og Relling 1994, Fylkesmannen i Møre og Romsdal 1997, Relling og Otnes 2000b, A/S Olivin 2002

Åheim	20/1511-131-1
Naturtype: Brakkvasspoll	UTM (EUREF89): LP 180 833
Vegetasjonstypar:	Kartblad M711: 1119 III Vanylven
	Areal: 422 daa
	Høgde (m.o.h): ca. 0
BM verdi: Viktig (B)	Besøkt i felt: 04.06.02 MV

Områdeskildring: Lokaliteten er ein avskjerma vågos med et stort gruntvassområde der Åheimselva renn ut. Dominerande substrat er grovsand og grus. Større strandområde er det berre på sør- og austsida av elveutløpet. Lokaliteten grensar mot dyrkamark. Lokaliteten har stor arts- og samfunnsdiversitet, både med tanke på bakre fuktengtypar og volltypar (desse samfunna har berre små areal), men også på grunn av eit svært rikt fugleliv (både hekkande, rastande og overvintrande artar). Lokaliteten har vore undersøkt for botaniske verdiar av Holten *et al.* (1986a, 1986b), og vart då funne å vere middels artsrikt (66 artar). Forutan eit heller trivielt artsutval, er det registrert artar som heifrytle og sverdlilje.

Spesielle artar: Rognasal er ein nasjonal ansvarsart, og dunhavre er oppført som kategori 4 – omsynskrevjande i den regional raudlista (Gaarder og Jordal 2003).

Avgrensing og prioritering: Avgrensinga mellom vågosen og elva ovanfor er prøvd gjort der saltvasspåverknaden sluttar, ca. 500 meter ovanfor brua i Åheim sentrum. Ved avgrensing er det prøvd å ta med områda som er har størst naturverdiar, m.a. eit artsrikt strandberg ytterst på Tue. Elveoslandskapet er prioritert (Klasse 2B⁷) i fylkesplanen for elveoslandskap i fylket (godkjend

⁷ Klasse 2B tyder at det er gjort ein del inngrep i elveoslandskapet.

10.06.94 i Miljødept.), og Fylkesmannen i Møre og Romsdal her gjeve lokaliteten verdien regionalt viktig. DN (2002) vurderer generelt havstrandeng og –sump som noko truga (VU), og Fylkesmannen i Møre og Romsdal vurderar at lokaliteten har regional verneverdi (Fylkesmannen i Møre og Romsdal 1997). Lokaliteten er vurdert som middels råka av inngrep, og Holten *et al.* (1986a, 1986b) peikar på at verdien er redusert grunna inngrep og forureining. Området er fortsatt både botanisk og spesielt ornitologisk interessant. Lokaliteten vert vurdert til verdien viktig (B).

Truslar/konflikt og forvaltning: Forureningstilstanden i vassdraget vart sist undersøkt i 1997. Begroingstilstanden var god, men tilstanden av termotolerante koliforme bakteriar vart vurdert som meget dårleg (Relling og Otnes 2000b). Lokaliteten er generelt truga av utfyllingar og utbyggingar, samt i mindre grad forureining. Datagrunnlaget for lokaliteten er vurdert som godt. Fylkesplanen for elveoslandskap i fylket (godkjend 10.06.94 i Miljødept.) inneheld retningsliner for forvaltning av brakkvassdeltaet, og tilrår m.a. korleis lokaliteten bør sikrast for framtida gjennom arealdelen til Vanylven kommune (Fylkesmannen i Møre og Romsdal og Møre og Romsdal Fylkeskommune 1994: 12). Det er knytt viktige friluftinteresser til elvestrekninga. Ein del ulovleg utfylling har funne stad på austsida, og mindre restaureringstiltak kan vere aktuelle for å betre vassutskiftinga i vågosen (Vanylven kommune pers. medd.).

Muntlege kjelder: Magne Myklebust

Skriftlege kjelder: Holten *et al.* 1986a, 1986b, Lindstrøm og Relling 1994, Fylkesmannen i Møre og Romsdal og Møre og Romsdal Fylkeskommune 1994, Fylkesmannen i Møre og Romsdal 1995, 1997, Oterhals 1996, Relling og Otnes 2000b, A/S Olivin 2002

Åheim: Holmen	21
Naturtype: Hagemark	UTM (EUREF89): LP 190 811
Vegetasjonstypar:	Kartblad M711: 1119 III Vanylven
	Areal: 8 daa
	Høgde (m.o.h.): 30-60
BM verdi: Lokalt viktig (C)	Besøkt i felt: 27.05.02 MV

Områdeskildring: Lokaliteten ligg på vestsida av Åheimselva eit par kilometer ovanfor Åheim sentrum, og er eit gammalt kulturlandskap med naturbeitemark, skogsbeite og ei gammal styva selje med mykje daud ved. Marka er stort sett dyrka, men det finst kantområde som truleg er lite gjødsla. Sambeiting med storfe, hest og sau var vanleg fram til 1990. Sidan har lokaliteten vore beita av storfe og sau. Lokaliteten har vore undersøkt for naturengplantar (10 artar) og beitemarkssopp (2 poeng).

Basert på skildring av G. Gaarder og J. B. Jordal (1997)

Spesielle artar:

Avgrensing og prioritering: Lokaliteten er ein mellomting mellom beitemark og skog, og vert ført under naturtypen hagemark grunna den gamle styva selja. Lokaliteten er ikkje funne å vere spesielt artsrik, men av di lokaliteten framleis hevdast, samt at den inneheld den gamle styva selja, får lokaliteten verdien lokalt viktig (C).

Truslar/konflikt og forvaltning: For å ta vare på det biologiske mangfaldet må ein oppretthalde tradisjonell skjødsel med beiting, samt ikkje bruk av anna gjødsel enn det husdyra tilfører. Ein må ikkje sage ned den gamle styva selja.

Muntlege kjelder: Landbrukskontoret i Vanylven

Skriftlege kjelder: Landbrukskontoret i Vanylven 1993, Jordal og Gaarder 1997, Fylkesmannen i Møre og Romsdal 1999

Aheim: Tusshornet	22
Naturtype: Nordvendte kystberg	UTM (EUREF89): LP 173 819
Vegetasjonstypar:	Kartblad M711: 1119 III Vanylven
	Areal: 20 daa
	Høgde (m.o.h.): 50-300
BM verdi: Viktig (B)	Besøkt i felt:

Områdeskildring: Lokaliteten ligg i ei nordvestvendt bratt og delvis skogkledd fjellside opp mot Tusshornet. Av tre dominerte lysor, dunbjørk og rogn. Lokaliteten er variert med mange mikrohabitat, t.d. steinar, trestammar, små bergkløfter og sigevasspåverka område, og lokaliteten er rik på mose og truleg også andre kryptogamar. Mosefloraen på lokaliteten ha vore undersøkt av Løe (1999). Det vart registrert 26 moseartar, og av desse er dei viktigaste signalartane lista under.

Basert på skildring av G. W. Løe (1999)

Spesielle artar: Den raudlista bregna hinnebregne (*Hymenophyllum wilsonii*) (V - sårbar), samt signalartane pelssåtemose (*Campylopus atrovirens*) og krusfellmose (*Nechera crispa*).

Avgrensing og prioritering: Lokaliteten er vanskeleg å avgrense, og dette er gjort på skjønn etter Løe (1999). Av di det er funne hinnebregne på lokaliteten verd verdien sett til viktig (B).

Truslar/konflikt og forvaltning: Ingen kjente truslar.

Muntlege kjelder:

Skriftlege kjelder: Løe 1999

Aheim: Torvik	23
Naturtype: Rik edellauvskog	UTM (EUREF89): LP 188 842
Vegetasjonstypar: Kysthasselkratt (D2c), bergsprekk og bergvegg (F2)	Kartblad M711: 1119 III Vanylven
	Areal: 3,5 daa
	Høgde (m.o.h.): 35-75
BM verdi: Lokalt viktig (C)	Besøkt i felt: 10.07.02 MV

Områdeskildring: Mindre lokalitet i den brattlendte, skogkledd fjellsida ovanfor hovudvegen, med tresjikt som er dominert av hassel, men med til dels store innslag av annan lauvskog, m.a. dunbjørk og kirsebær (forvilla?). Feltsjiktet var relativt fattig, men med innslag av signalartar som kusymre, hengjeaks og flangre (*Epipactis spp.*).

Spesielle artar:

Avgrensing og prioritering: Lokaliteten er relativt liten, og vert vurdert som dårleg utvikla edellauvskog. Lokaliteten får difor verdien lokalt viktig (C).

Truslar/konflikt og forvaltning: Ei høgspenteleidning går i nedre del av lokaliteten. Det vert med jamne mellomrom rydda under denne.

Muntlege kjelder:

Skriftlege kjelder:

Aheim: Vikabogen	24
Naturtype: Kalkrike område i fjellet	UTM (EUREF89): LP 209 860
Vegetasjonstypar: Ultrabasisisk og tungmetallforgifta mark, ultrabasisisk utforming (F6a)	Kartblad M711: 1119 III Vanylven
	Areal: 30 daa
	Høgde (m.o.h.): 115-300
BM verdi: Lokalt viktig (C)	Besøkt i felt: 17.06.02 MV

Områdeskildring: Lokaliteten ligg nordvendt, i bratt lende ovanfor Vikebogen, og er ein delvis overdekkta olivinførekost med oppsprukne knausar og karakteristisk rasmærkevegetasjon. Lokaliteten er ikkje spesielt artsrik, men med dominans av gulsildre og raud jonsokblom, samt grønburkne og aurskrinneblom (nasjonal ansvarsart).

Spesielle artar: For raud jonsokblom og aurskrinneblom (nasjonal ansvarsart) er eigne rasar skilde ut på ultrabasisk grunn (Lid og Lid 1998).

Avgrensing og prioritering: Områda med olivinblokker i underkant er teke med av di sigevatr ovanfrå gjev rikare forhold med mykje gulsildre. Olivinforekomstar i låglandet er ei relativt sjeldan utforming, og naturtypen er av DN (2002) kategorisert som livskraftig til noko truga (LC-VU). Lokaliteten vert vurdert som lokalt viktig (C).

Truslar/konflikt og forvaltning: Lokaliteten er delvis planta til med furu. I underkant er det planta til med gran.

Muntlege kjelder:

Skriftlege kjelder: Bjørlykke 1938,

Sylte: Ekremsdalen	25
Naturtype: Låglandsmyr	UTM (EUREF89): LP 220 840
Vegetasjonstypar:	Kartblad M711: 1119 III Vanylven
	Areal: 131 daa
	Høgde (m.o.h.): 50-60
BM verdi: Viktig (B)	Besøkt i felt: 23.06.02 MV

Områdeskildring: Lokaliteten ligg inst i botnen i Ekremsdalen, og er ei relativt fattig låglandsmyr med ein mosaikk av fattig fastmattemyr, blautmyr- og sumpparti, samt eit meanderande elvelaup. Lokaliteten har truleg eit rikt fugleliv.

Spesielle artar:

Avgrensing og prioritering: Ved avgrensing er det fokusert på å kartleggje eit større parti intakt låglandsmyr, ikkje på å kartleggje mosaikken i myra. Lokaliteten ligg på grensa mellom sør- og mellomboreal sone, i sterk oseanisk seksjon (O3h) (Moen 1998). Sjeldenhets, størrelse, geografisk plassering, samt eit variert miljø med innslag av blautmyr, gjer at lokaliteten vert vurdert til verdien viktig (B).

Truslar/konflikt og forvaltning: Naturtypen har vore svært utsett for grøfting og oppdyrking eller tilplanting med skog. Omfanget av slike inngrep har etter kvart avteke, men har føregått i Ekremsdalen til midten på 1990-tallet. Tidlegare var det vanleg med uttak av torv til brensel i Vanylven (torvstikking), men dette er no helt opphøyr. Det bør i framtida ikkje gjerast fleire inngrep i lokaliteten.

Muntlege kjelder:

Skriftlege kjelder:

Sylte: Syltehornet	26
Naturtype: Nordvendte kystberg	UTM (EUREF89): LP 235 83-84
Vegetasjonstypar: Berg og rasmærke	Kartblad M711: 1119 III Vanylven
	Areal: 78 daa
	Høgde (m.o.h.): 40-300
BM verdi: Viktig (B)	Besøkt i felt:

Områdeskildring: **Områdeskildring:** Lokaliteten ligg i ei nordvestvendt bratt og delvis skogledd fjellside opp mot Tusshornet. Av tre dominerte lysor, dunbjørk, osp og rogn. Lokaliteten er variert med mange mikrohabitat, t.d. steinar, trestammar, små bergkløfter og sigevasspåverka område, og lokaliteten er rik på mose og truleg også andre kryptogamar. Mosefloraen på lokaliteten har vore undersøkt av Løe (1999). Det vart registrert 28 moseartar, og av desse er dei viktigaste signalartane lista under.

Basert på skildring av G. W. Løe (1999)

Spesielle artar: Den raudlista bregna hinnebregne (*Hymenophyllum wilsonii*) (V - sårbar), samt signalartane pelssåtemose (*Campylopus atrovirens*) og krusfellmose (*Nechera crispa*).

Avgrensing og prioritering: Lokaliteten er vanskeleg å avgrense, og dette er gjort på skjønn etter Løe (1999). Av di det er funne hinnebregne på lokaliteten verd verdien sett til viktig (B).

Truslar/konflikt og forvaltning: Ingen kjente truslar.

Muntlege kjelder:

Skriftlege kjelder: Løe 1999

Sylte: Ferehola	28
Naturtype: Rikmyr	UTM (EUREF89): LP 237 821
Vegetasjonstypar:	Kartblad M711: 1119 III Vanylven
	Areal: 253 daa
	Høgde (m.o.h.): 395
BM verdi: Viktig (B)	Besøkt i felt: 09.06.02, 16.07.02 MV

Områdeskildring: Lokaliteten ligg sør for Nonshornet mellom Syltedalen og Almklovdalen, og er ei kystnær og rik fjellmyr med tilsig av vatn frå olivinførekostar i sidene rundt (m.a. frå lok. nr. 28). Vegetasjonen på myrkantane har eit godt innslag av rikmyrsartar, m.a. skavgras, mykje gulsildre og signalartane lista under. Midten på myra er fattigare med mykje flaskestorr og bukkeblad.

Spesielle artar: Signalartane bjønnbrodd, svarttopp, gulstorr, breiull og gullmose.

Avgrensing og prioritering: Det er prøvd å avgrense dei viktigaste delane av nedbørsfeltet til myra, av di det er olivinførekostane fleire stadar i nedbørsfeltet som gjev dei rike forholda. Rikmyra kunne også ha vore oppført som kalkrike område i fjellet, men det er i dette kartleggingsarbeidet valt å føre desse under naturtypen rikmyrer. Rikmyrer er sjeldne i Vanylven, og lokaliteten inneheld nok rikmyrsindikatorar til at den får verdien viktig (B).

Truslar/konflikt og forvaltning:

Muntlege kjelder:

Skriftlege kjelder:

Sylte: Raudesanden	27
Naturtype: Kalkrike område i fjellet	UTM (EUREF89): LP 239-242 820-822
Vegetasjonstypar: Ultrabasisisk og tungmetallforgifta mark, ultrabasisisk utforming (F6a)	Kartblad M711: 1119 III Vanylven
	Areal: 121 daa
	Høgde (m.o.h.): 160-414
BM verdi: Svært viktig (A)	Besøkt i felt: 16.06.02 MV, 25.07.03 MV og KJG

Områdeskildring: Lokaliteten ligg sør for Nonshornet mellom Syltedalen og Almklovdalen, og er ein olivinførekost i dagen, med både berg og stein, men også med forvitningsgrus og karakteristisk rasmarksvegetasjon, samt område med beitepåverknad i form av naturenger på olivingrunn. Av

registrerte artar kan nemnast aurskrinneblom (nasjonal ansvarsart), fjelltjereblom, strandsmelle, småsmelle, dvergjamne.

Småbekkar renn over området og dannar rikare bekkefar i underkant. Ei rikmyr (lok. nr. 27) får sigevatn frå m.a. denne lokaliteten. På dei fuktige områda i underkant av lokaliteten veks det brunburkne, vårmarihand, nattfiol, skogmarihand, mykje gulsildre, svarttopp, hengjeaks, kranskonvall og liljekonvall. Langs elva som renn ned i Syltedalen (med olivinblokker i grunnen) er det svært rik vegetasjon med m.a. raudsildre, gulsildre, svarttopp, loppestorr, slirestorr, heistorr, stjernestorr, rusiv, fjellsmelle og fjelltistel.

Spesielle artar: Den sjeldne olivinspesialisten brunbrukne er raudlista (R – sjeldan). Artar med serpentinvariantar, m.a. aurskrinneblom (nasjonal ansvarsart), fjellarve og fjelltjereblom og strandsmelle.

Avgrensing og prioritering: Ved avgrensing er det teke med interessante område som grensar inn til olivinførekomsten. Naturtypen er av DN (2002) vurdert som hensynskrevjande til noko truga (LR-VU), og beitepåverka olivinområde er ei sjeldan utforming. Lokaliteten er relativt stor, har ein interessant flora, m.a. raudlisteart og er eit viktig viltområde. Lokaliteten vert difor vurdert som svært viktig (A).

Truslar/konflikt og forvaltning: Tidlegare vart det teke ut mineral her (Myklebust pers. medd.), men dette har truleg ikkje hatt stor innverknad på vegetasjonen. Sauebeiting har medført grasdominans, og held truleg røsslyng attende. Beitinga bør difor oppretthaldast.

Muntlege kjelder: Karl Johan Grimstad, Magne Myklebust

Skriftlege kjelder:

Sylte: Raudegrotet / Skinasvædet	29
Naturtype: Kalkrike område i fjellet	UTM (EUREF89): LP 264 840
Vegetasjonstypar: Ultrabasisisk og tungmetallforgifta mark, ultrabasisisk utforming (F6a), rasmarek (F1), bergsprekk og bergvegg (F2)	Kartblad M711: 1119 III Vanylven
BM verdi: Viktig (B)	Areal: 52 daa
	Høgde (m.o.h.): 500-600
	Besøkt i felt: 28.05.02, 08.06.02 MV

Områdeskildring: Lokaliteten ligg nord for Øverberget, oppover mot Storehornet, under sør-sørausthellende hamrar, og er ein mosaikk av ulike vegetasjonstypar. Mest dominerande er beitepåverka vegetasjon på olivingrunn, med tørre naturenger med tynt jordsmonn. Mykje laus forvittringsgrus av olivin som dannar karakteristisk rasmarekvegetasjon. I øvre del av lokaliteten er det sørvendte bergveggar. I tillegg til artane nemnt under er det funne m.a. brudespore, grønkurle, vanleg nattfiol, marinøkkel, gulsildre og grønburkne.

Spesielle artar: Artar med serpentinvariantar, m.a. aurskrinneblom (nasjonal ansvarsart), fjellarve og strandsmelle, samt naturengindikatoren marinøkkel, som er oppført under kategori 3 – sårbar i den regionale raudlista (Gaarder og Jordal 2003).

Avgrensing og prioritering: Ved avgrensing er det teke med interessante område som grensar inn til olivinførekomsten. Naturtypen er av DN (2002) vurdert som hensynskrevjande til noko truga (LR-VU), og beitepåverka olivinområde er ei sjeldan utforming. Lokaliteten er relativt stor og har dessutan ein interessant flora. Lokaliteten vert vurdert som viktig (B).

Truslar/konflikt og forvaltning: Sauebeiting har medført grasdominans, og held truleg røsslyng attende. Beitinga bør difor oppretthaldast.

Muntlege kjelder:

Skriftlege kjelder:

Sylte: Videlva	30
Naturtype: Kroksjøar, flomdammar og meandrerande elveparti	UTM (EUREF89): LP 248 838
Vegetasjonstypar:	Kartblad M711: 1119 III Vanylven
BM verdi: Lokalt viktig (C)	Areal: 59 daa
	Høgde (m.o.h.): 95-110
	Besøkt i felt: 15.06.02 MV

Områdeskildring: Lokaliteten ligg på Syltedalen, og er eit sakteflytande og meandrerande elveparti med rik kantsone og lite inngrep, som grensar inn mot ei låglandsmyr utan vesentlege inngrep. Elva kjem frå lok. nr. 31, og lokaliteten utgjer saman med denne eit viktig område for våtmarksfugl. Vegetasjonen på lokaliteten er ikkje studert i detalj, men det er registrert litt meir krevjande artar som t.d. sverdlilje.

Spesielle artar:

Avgrensing og prioritering: I avgrensinga er den urørte låglandsmyra som ligg inn til elva teke med. Det samme er ei overflatedyrka halvøy i elveløpet som truleg vart slått i gamle dagar, men som no veks igjen. Grunnen til dette er at det er viktig å oppretthalde elva si evne til å danne nye flomdammar og kroksjøar i framtida. Verdien vert heva av di lokaliteten grensar til lok. nr. 31, og difor utgjer ein del av eit større våtmarksområde, men grunna lite undersøkingar får lokaliteten i denne omgongen ikkje høgare verdi enn lokalt viktig (C).

Truslar/konflikt og forvaltning: Øvste delen av lokaliteten er steinsett, og dette reduserer elva si evne til å danne nye flomdammar og kroksjøar. Overgjødsling og tilsig frå landbruket kan vere ein trussel. Det bør ikkje gjerast nye inngrep i elveløpet, eller i dei urørte myrområda som ligg inntil elva.

Muntlege kjelder:

Skriftlege kjelder:

Sylte: Støylsvatnet	31/1511-7-0
Naturtype: Rik kulturlandskapssjø	UTM (EUREF89): LP 249 834
Vegetasjonstypar:	Kartblad M711: 1119 III Vanylven
BM verdi: Lokalt viktig (C)	Areal: 34 daa
	Høgde (m.o.h.): 110
	Besøkt i felt: 25.05.02, 10.07.02 MV

Områdeskildring: Lokaliteten ligg på Syltedalen og er eit lite, grunt og frodig vatn med stiltflytande tilløpselv gjennom frodige myrparti i sør. Vatnet har frodig vegetasjonsbelte. Det er rik fuglefauna i området med hekkande ender og vadefugl, og lokaliteten er samstundes ein viktig rasteplass for vassfugl og småfugl.

Spesielle artar:

Avgrensing og prioritering: Lokaliteten er avgrensa slik at den rike vegetasjonen rundt vatnet og ved innløpet er teke med. Fylkesmannen i Møre og Romsdal har vurdert at lokaliteten har regional verneverdi (Fylkesmannen i Møre og Romsdal 1997). Lokaliteten har ein rik fuglefauna, men er ikkje grundig studert. Av di det ikkje er registrert raudlisteartar på lokaliteten får lokaliteten i denne omgong verdien lokalt viktig (C).

Truslar/konflikt og forvaltning: Overgjødsling frå landbruket er ein trussel, og kan føre til algeoppblomstring, tilgroing og oksygenvinn. Andre truslar er utfylling og oppdyrking, og dessutan tilgroing av sivbelte dersom beiting opphøyrer. Ein bør undersøke lokaliteten nærare.

Muntlege kjelder: Magne Myklebust

Skriftlege kjelder: Fylkesmannen i Møre og Romsdal 1997

Sylte	32/1511-9-0
Naturtype: Brakkvassdelta	UTM (EUREF89): LP 234 846
Vegetasjonstypar:	Kartblad M711: 1119 III Vanylven
	Areal: 108 daa
	Høgde (m.o.h.): 0-5
BM verdi: Viktig (B)	Besøkt i felt: 28.05.02 MV

Områdeskildring: Lokaliteten er eit brakkvassdelta med ei lita og noko eksponert strand på grov grus og stein ved utløpet av Sylteelva, samt ei oppgrunning i sjøen utanfor. Det langgrunne elveoslandskapet er viktig for sjø- og vadefugl. Lokaliteten er undersøkt for botaniske verdiar av Holten *et al.* (1986a, 1986b), og vart funne å vere artsfattig (36 artar). Av registrerte artar er m.a. strandkryp, saltsev, strandkjempe, fjørsaltgras og saltbendel.

Spesielle artar:

Avgrensing og prioritering: Ved avgrensing er det prøvd å ta med områda som er har størst naturverdiar. Er prioritert (Klasse 2A8) i fylkesplanen for elveoslandskap i fylket (godkjend 10.06.94 i Miljødept.) DN (2002) vurderer generelt havstrandeng og –sump som noko truga (VU), og Fylkesmannen i Møre og Romsdal vurderar at lokaliteten har regional verneverdi (Fylkesmannen i Møre og Romsdal 1997). Lokaliteten er vurdert til å vere utan særlege inngrep i Fylkesplanen for elveoslandskap i fylket, men egne observasjonar tyder på at utfyllingar har øydelagt størsteparten av den naturlege vegetasjonen og dei botaniske verdiane er følgeleg mindre viktige. Derimot er lokaliteten viktig for fuglelivet i trekktida og om vinteren, Lokaliteten vert på grunnlag av desse momenta gjeve verdien viktig (B).

Truslar/konflikt og forvaltning: Lokaliteten er generelt truga av utfyllingar og utbyggingar, samt i mindre grad forureining. Fylkesplanen for elveoslandskap i fylket (godkjend 10.06.94 i Miljødept.) inneheld retningsliner for forvaltning av brakkvassdeltaet, og tilrår m.a. korleis lokaliteten bør sikrast for framtida gjennom arealdelen til Vanylven kommune (Fylkesmannen i Møre og Romsdal og Møre og Romsdal Fylkeskommune 1994: 12). Eigne observasjonar tyder på at det er ein del begroing i elveosen, truleg grunna kloakkutslepp i nedre del av elva, men dette er no under utbetring (Vanylven kommune pers. medd.).

Muntlege kjelder:

Skriftlege kjelder: Holten *et al.* 1986a, 1986b, Fylkesmannen i Møre og Romsdal og Møre og Romsdal Fylkeskommune 1994, Fylkesmannen i Møre og Romsdal 1996, 1997, Oterhals 1996

Sylte: Bøstranda	33
Naturtype: Naturbeitemark	UTM (EUREF89): LP 235 873
Vegetasjonstypar:	Kartblad M711: 1119 III Vanylven
	Areal: 23 daa
	Høgde (m.o.h.): 40-100
BM verdi: Viktig (B)	Besøkt i felt: 24.07.02 MV og KJG

Områdeskildring: Lokaliteten ligg i Bøstranda (Bruk nr. 19/3), og er ei naturbeitemark der det ikkje har vorte nytta kunstgjødsel i beita ovanfor garden. Desse beita er nokså steinete, men steingardar og røyser syner at det har vore noko overflatedyrking. Det er spreidde buskar og treklynger i beitet. Dei siste par tiåra har det berre vore beitt med sau. På lokaliteten er det registrert 14 naturengplantar og beitemarkssopp som utgjer 21 poeng etter systemet til Jordal og Gaarder (1995), m.a. den raudlista beitemarkssoppen raud honningvokssopp (V).

Basert på ei skildring av Jordal og Gaarder (1997, 1998)

⁸ Klasse 2A tyder at elveoslandskapet er vurdert til å vere utan særlege inngrep.

Spesielle artar: Den raudlista beitemarkssoppen raud *honningvokssopp* *Hydrocube splendidissima* (V - sårbar). Denne arten er vurdert som norsk/ skandinavisk ansvarsart i raudlista for Møre og Romsdal (Gaarder og Jordal 2001).

Avgrensing og prioritering: Lokaliteten er avgrensa slik at heile det overflatedyrka området er teke med. Lokaliteten har lang hevd og beitetrykket er bra. Sidan lokaliteten har forkomst av raudlisteart og i tillegg 21 poeng etter Jordal & Gaarder (1995) sitt system for å verdsette enger etter forkomst av beitemarkssopp, får lokaliteten verdien viktig (B).

Truslar/konflikt og forvaltning: For å ta vare på det biologiske mangfaldet må ein oppretthalde tradisjonell skjødse med sauebeiting, samt ikkje bruk av anna gjødse enn det husdyra tilfører. Beitetrykket bør vere på same nivå som i dag. Ein bør rydde litt skog og kratt.

Muntlege kjelder: Landbrukskontoret i Vanylven

Skriftlege kjelder: Landbrukskontoret i Vanylven 1993, Fylkesmannen i Møre og Romsdal 1995, 1999, Jordal og Gaarder 1997, 1999

Sylte: Bøstranda	34
Naturtype: Rik edellauvskog	UTM (EUREF89): LP 238 877
Vegetasjonstypar: Lavurt-edellauvskog, rike kysthasselkratt (D2c), blåbær-edellauvskog, blåbær hasselkratt (D1d)	Kartblad M711: 1119 III Vanylven
BM verdi: viktig (B)	Areal: 16 daa
	Høgde (m.o.h.): 100-210
	Besøkt i felt: 02.07.02 MV

Områdeskildring: Lokaliteten ligg opp mot hamrane under Storenausen i Bøstranda og er dominert av hasselkratt, men har innslag av ask, dunbjørk og selje. Lokaliteten inneheld gamle og til dels grove hasseltre og bjørker, ein del daud ved, samt signalartar som sanikel, myske og kusymre.

Spesielle artar: Signalartar på rik edellauvskog, m.a. myske og sanikel.

Avgrensing og prioritering: DN-handboka (DN 1999a) stadfestar at alle edellauvskogar med innslag av ask skal først som rik edellauvskog. Rikt kysthasselkratt (D2c) er av DN (2002) vurdert som sterkt truga (EN). Lokaliteten vert under eitt vurdert som velutvikla edellauvskog og får verdien viktig (B).

Truslar/konflikt og forvaltning: Det har vore planta gran i underkant av lokaliteten, og desse granene skuggar i dag ut delar av edellauvskogen over. Platanlønn har også etablert seg på lokaliteten.

Muntlege kjelder:

Skriftlege kjelder:

Fiskå: Tunheim	35
Naturtype: Naturbeitemark	UTM (EUREF89): LP 219 883
Vegetasjonstypar:	Kartblad M711: 1119 III Vanylven
	Areal: 19 daa
	Høgde (m.o.h.): 45-105
BM verdi: Lokalt viktig (C)	Besøkt i felt: 24.07.02 MV og KJG

Områdeskildring: Lokaliteten ligg sørvestvendt på innsida av Tunheimshornet, og er ei overflatedyrka naturbeitemark som truleg har lang hevd, men der no beitetrykket av sau er noko lågt. Lokaliteten var ikkje særleg artsrik då den vart vitja, verken på naturengplantar eller på beitemarkssopp, men det var då tidleg i soppsesongen.

Spesielle artar:

Avgrensing og prioritering: Lokaliteten er relativt liten og vert avgrensa av gjerde ned mot innmarka og av steingardar ovanfor. Størrelse, hevd og artsriksdom gjer at lokaliteten vert vurdert som lokalt viktig (C).

Truslar/konflikt og forvaltning: For å ta vare på det biologiske mangfaldet må ein oppretthalde tradisjonell skjødse med sauebeiting, samt ikkje bruk av anna gjødse enn det husdyra tilfører. Beitetrykket bør aukast litt i forhold til i dag.

Muntlege kjelder:

Skriftlege kjelder:

Fiskå: Tunheimshornet	36
Naturtype: Rik edellauvskog	UTM (EUREF89): LP 215 885
Vegetasjonstypar: Lavurt-edellauvskog, rike kysthasselkratt (D2c), blåbær-edellauvskog, blåbær hasselkratt (D1d), bergsprekk og bergvegg, basefattig utforming (F2b)	Kartblad M711: 1119 III Vanylven
BM verdi: Viktig (C)	Areal: 40 daa
	Høgde (m.o.h.): 50-125
	Besøkt i felt:

Områdeskildring: Lokaliteten ligg opp mot hamrane under Tunheimshornet, og er dominert av hasselkratt, med innslag av ask, dunbjørk, selje og rogn. Lokaliteten var dominans av gras, særleg krattlodnegras (truleg gammal beitepåvirknad), men signalartane kusymre, mysje og sanikel vart også funne. Lokaliteten inneheld gamle, til dels grove hasseltre, samt seljer og dunbjørker, og ein del daud ved.

Spesielle artar:

Avgrensing og prioritering: Avgrensinga følgjer hamrane i overkant. DN-handboka (DN 1999a) stadfestar at alle edellauvskogar med innslag av ask skal førast som rik edellauvskog. Lokaliteten er middels stor, og vert samla vurdert som så lite utvikla at den får verdien lokalt viktig (C).

Truslar/konflikt og forvaltning: Det har vore planta gran i underkant av lokaliteten, og desse granene skuggar i dag ut delar av edellauvskogen over. Platanlønn har også etablert seg på lokaliteten, og kan kome til å fortrenge hasselkratta.

Muntlege kjelder:

Skriftlege kjelder: Fylkesmannen i Møre og Romsdal 1997

Fiskå: Storeidsmyrane	37
Naturtype: Låglandsmyr	UTM (EUREF89): LP 225 905
Vegetasjonstypar:	Kartblad M711: 1119 III Vanylven
	Areal: 101 daa
	Høgde (m.o.h.): 40
BM verdi: Lokalt viktig (C)	Besøkt i felt:

Områdeskildring: Lokaliteten ligg på Storeide, og er ei relativt fattig låglandsmyr. Lokaliteten er truleg eit gammal, gjengrodd innsjø som var demd opp av grunnfjell som stikk opp i dagen.

Spesielle artar:

Avgrensing og prioritering: Avgrensinga er gjort mot dyrka mark rundt lokaliteten. Lokaliteten ligg i eit intensivt drive kulturlandskap, og er av dei siste restane av skikkeleg utvikla låglandsmyr i området. Av di det er grove nokre grøfter på lokaliteten, vert den vurdert som lokalt viktig (C).

Truslar/konflikt og forvaltning: Naturtypen har vore svært utsett for grøfting og oppdyrking eller tilplanting med skog. Omfanget av slike inngrep har etter kvart avteke, men har føregått i området fram

til midten på 1990-tallet. Tidlegare var det vanleg med uttak av torv til brensel i Vanylven (torvstikking), men dette er no helt opphøyr. Det bør i framtida ikkje gjerast inngrep i lokaliteten.

Muntlege kjelder:

Skriftlege kjelder:

Fiskå: Storeide	38
Naturtype: Rik edellauvskog	UTM (EUREF89): LP 235 907
Vegetasjonstypar: Lavurt-edellauvskog, rike kysthasselkratt (D2c)	Kartblad M711: 1119 III Vanylven
	Areal: 6 daa
	Høgde (m.o.h.): 55-80
BM verdi: Lokalt viktig (C)	Besøkt i felt:

Områdeskildring: Lokaliteten ligg ovanfor vegen på Storeide langs Skogaelva og er ein kulturpåverka (beita) kysthasselkog på delvis overflatedyrka mark. Lokaliteten er grasdominert, med m.a. mykje krattlodnegras, men har også gode innslag av kusymre.

Spesielle artar:

Avgrensing og prioritering: Rikt kysthasselkratt (D2c) er av DN (2002) vurdert som sterkt truga (EN), men lokaliteten vert vurdert som så dårleg utvikla at den får verdien lokalt viktig (C).

Truslar/konflikt og forvaltning: Det har vore tilplanting med gran enkelte stadar på lokaliteten. Desse kan på sikt konkurrere ut hasselkratta. Dersom beitinga opphøyrer vil dette truleg ha ein negativ innverknad på artsmangfaldet.

Muntlege kjelder:

Skriftlege kjelder:

Fiskåelva	39
Naturtype: Viktig bekkedrag	UTM (EUREF89): LP 209-225 898-904
Vegetasjonstypar:	Kartblad M711: 1119 III Vanylven
	Areal: 23 daa
	Høgde (m.o.h.): 0-40
BM verdi: Lokalt viktig (C)	Besøkt i felt: 28.05 MV

Områdeskildring: Fiskåelva er ei roleg og stilleflytande elv med nokre mindre strykparti. Elva renn frå Eide og vestover ut i havet ved Øyra i eit intensivt dreve kulturlandskap, og det øvre løpet er stadvis steinsett og kanalisert med lite kantvegetasjon. I dei nedre delane er det derimot til dels velutvikla kantvegetasjon kring elva. Det er påvist hekkande fugl, m.a. fleire par fossekallar, og det er bekkeare i elva.

Spesielle artar:

Avgrensing og prioritering: Lokaliteten grensar i vest mot lok. nr. 40, og kantvegetasjon er teke med i avgrensinga. Elva har truleg viktige miljøverdiar, men grunna dei relativt store inngrepa vert verdien vurdert som lokalt viktig (C) .

Truslar/konflikt og forvaltning: Forurensingstilstanden i vassdraget vart sist undersøkt i 1997. Begroingstilstanden var mindre god, og tilstanden av termotolerante koliforme bakteriar vart vurdert som dårleg (Relling og Otnes 2000b). Lokaliteten er såleis truga av eutrofiering grunna tilsig frå landbruket, samt av fjerning av kantvegetasjon. Det bør ikkje gjerast inngrep i lokaliteten, og den har truleg eit godt restaureringspotensial.

Muntlege kjelder: Stig Ersvåg

Skriftlege kjelder: Fylkesmannen i Møre og Romsdal og Møre og Romsdal Fylkeskommune 1994, Lindstrøm og Relling 1994, Relling og Otnes 2000b

Fiskå: Øyra	40/1511-58-2
Naturtype: Brakkvasspoll	UTM (EUREF89): LP 208 898
Vegetasjonstypar:	Kartblad M711: 1119 III Vanylven
	Areal: 411 daa
	Høgde (m.o.h.): ca. 0
BM verdi: Viktig (B)	Besøkt i felt: 06.06.02 MV

Områdeskildring: Lokaliteten er ein eksponert vågos med et stort gruntvassområde og svært eksponerte grus- og til dels sandstrender der Fiskåelva renn ut. Den vestre delen av deltaet mot Fiskåholmen er utbygd, og lokaliteten har elles utfyllingar foran kant mot dyrkamark. Det er registrert mange rastande og overvintrande vassfugl i området, m.a. gråstrupedykkar, skarv, stökkender, ærfugl, sjørørre, havelle og silender. Lokaliteten er undersøkt for botaniske verdier av Holten *et al.* (1986a, 1886b) og vart vurdert som middels artsrik (52 artar).

Spesielle artar:

Avgrensing og prioritering: Ved avgrensing er det prøvd å ta med områda som er har størst naturverdier. Elveoslandskapet er prioritert (Klasse 2A⁹) i fylkesplanen for elveoslandskap i fylket (godkjend 10.06.94 i Miljødept.). DN (2002) vurderer generelt havstrandeng og –sump som noko truga (VU), og Fylkesmannen i Møre og Romsdal vurderar at lokaliteten har regional verneverdi (Fylkesmannen i Møre og Romsdal 1997). Lokaliteten er vurdert til å vere utan særlege inngrep sjølv om Holten *et al.* (1986a, 1886b) påpeikar at den botaniske verdien er redusert grunna inngrep. Området har spesiell verdi for fuglelivet under trekket og om vinteren. Lokaliteten vert på grunnlag av desse momenta gjeve verdien viktig (B).

Truslar/konflikt og forvaltning: Lokaliteten er generelt truga av utfyllingar og utbyggingar, samt i mindre grad forureining. Forureiningstilstanden i vassdraget vart sist undersøkt i 1997. Begroingstilstanden var mindre god, og tilstanden av termotolerante koliforme bakteriar vart vurdert som dårleg (Relling og Otnes 2000b). Elvedeltaet høyrer med til dei utvalde som er med i eit nasjonalt pionerprosjekt der målet er å følgje utviklinga i slike område, samt å etablere eit verkty- og vedtaksgrunnlag for bruk i offentleg miljøforvaltning. Fylkesplanen for elveoslandskap i fylket (godkjend 10.06.94 i Miljødept.) inneheld retningslinjer for forvaltning av brakkvassdeltaet, og tilrår m.a. korleis lokaliteten bør sikrast for framtida gjennom arealdelen til Vanylven kommune (Fylkesmannen i Møre og Romsdal og Møre og Romsdal Fylkeskommune 1994: 12). Diverse inngrep har redusert den botaniske verdien.

Muntlege kjelder: Stig Ersvåg

Skriftlege kjelder: Holten *et al.* 1986a, 1886b, Fylkesmannen i Møre og Romsdal og Møre og Romsdal Fylkeskommune 1994, Lindstrøm og Relling 1994, Oterhals 1996, Fylkesmannen i Møre og Romsdal 1997, Relling og Otnes 2000b

Fiskå: Strand	41
Naturtype: Rik edellauvskog	UTM (EUREF89): LP 18-19 908
Vegetasjonstypar: Lavurt-edellauvskog, rike kyst-hasselkratt (D2c), blåbær-edellauvskog, blåbær hasselkratt (D1d), gråor-heggeskog, rasmark (F1)	Kartblad M711: 1119 III Vanylven
	Areal: 119 daa
	Høgde (m.o.h.): 180-225
BM verdi: Viktig (B)	Besøkt i felt:

Områdeskildring: Lokaliteten ligg på Strand, opp mot hamrane under Nykelen. Tresjiktet er dominert av hassel, men har innslag av bjørk og selje. På delar av lokaliteten er feltsjiktet relativt rikt på artar,

⁹ Klasse 2A tyder at elveoslandskapet er vurdert til å vere utan særlege inngrep.

med fleire signalartar på edellauvskog, m.a. kusymre, myske og sanikel, samt andre typiske artar som jordnøtt, vivindel, jordnøtt og hundegras.

Spesielle artar: Indikatorar på rik edellauvskog, m.a. kusymre, myske og sanikel.

Avgrensing og prioritering: I underkant er lokaliteten avgrensa av øvre urakant, og oversida av bratte hamrar. Lokaliteten inneheld enkelte fattigare parti edellauvskog, men desse er teke med av di dei er ein del av ei større eining. Rikt kysthasselkratt (D2c) er av DN (2002) vurdert som sterkt truga (EN). Lokaliteten har totalt sett velutvikla edellauvskog og får verdien viktig (B).

Truslar/konflikt og forvaltning: Treslagskifte, t.d. tilplanting med gran har vore eit problem i mange sørhellingar i kommunen. Platanlønn, som spreier seg raskt i området, kan konkurrere ut hasselkratta.

Muntlege kjelder:

Skriftlege kjelder:

Åram: Sandviksanden	42
Naturtype: Sanddyner og sandstrender	UTM (EUREF89): LP 145 966
Vegetasjonstypar: Ettårig melde-tangvoll (V1), fleirårig gras/urte-tangvoll (V2), fordyne (V3), primærdyne (V7), strandberg (X1),	Kartblad M711: 1119 III Vanylven
BM verdi: Viktig (B)	Areal: 16 daa
	Høgde (m.o.h.): 0-5
	Besøkt i felt: 05.06.02 MV

Områdeskildring: Lokaliteten er ei svært eksponert sandstrand i Sandvik som vender mot vest ut mot havet. Den vegetasjonsfri ytre sandstranda er dominert av finsand. Innover mot dyrkamark er det ei relativt smal sone med restar av sanddynevegetasjon. Mot sør og nord er det element av stein- og blokkstrand med strandbergfragment. Nord for strandberga er det ei anna sandstrand med rullesteinfjøre og små tangvollar. Lokaliteten har vore undersøkt av Holten *et al.* (1986a, 1986b), og vart funne middels artsrik (60 artar).

Spesielle artar: Dei regionalt sjeldsynte artane sandstorr og saltstorr. Sandstorr veks på sanddynevegetasjon av sørleg type og er oppført under kategorien 3 – sårbar i den regionale raudlista (Gaarder og Jordal 2003).

Avgrensing og prioritering: Ved avgrensing av lokaliteten er også den noko mindre sandstranda nord for Sandviksanden teke med. Det er langt vekt på å få med heile sandstrand- og sanddynesystemet, frå sandstranda og inn på dyrkamarka bakanfor. DN (2002) vurderer sanddyner generelt som noko truga (VU). Lokaliteten er unik i Vanylven, og også som relativt sjeldan i regional samanheng. Relativt store førekomstar av karakterarten sandstorr aukar verdien, og trass i enkelte inngrep er lokaliteten vurdert som viktig (B).

Truslar/konflikt og forvaltning: Frå før er lokaliteten noko påverka av oppdyrking i bakkant, og moloen i sør har truleg påverka eksposisjonsgraden for den sørlege delen av lokaliteten. Ferdslar i framtida kan medføre slitasje og følgjeleg negativ innverknad på dei ømfintlege dynesystema. Ein reguleringsplan som omfattar delar av lokaliteten er under utarbeiding. Det er viktig å ta vare på dei bakre delane av sanddynene for å oppretthalde samanhengen i økosystemet, og omsynet til desse momenta, samt miljøet meir generelt bør innarbeidast i reguleringsplanen.

Muntlege kjelder:

Skriftlege kjelder: Holten *et al.* 1986a, 1986b

Åram: Nystøylhornet	43
Naturtype: Nordvendte kystberg	UTM (EUREF89): LP 162 992
Vegetasjonstypar:	Kartblad M711: 1119 III Vanylven
	Areal: 105 daa
	Høgde (m.o.h.): 180-350
BM verdi: Viktig (B)	Besøkt i felt:

Områdeskildring: Lokaliteten er trelaus og ligg nordvestvendt oppe i fjellsida mellom Nystølhornet og Kragsethornet. Delar av lokaliteten er eit bratt og fuktig gjøl som vender mot nord. Lokaliteten har vore undersøkt av Løe (1999).

Spesielle artar: Den raudlista bregna hinnebregne (*Hymenophyllum wilsonii*) (V - sårbar) og signalarten pelssåtemose (*Campylopus atrovirens*).

Avgrensing og prioritering: Lokaliteten er vanskeleg å avgrense, og dette er gjort på skjønn etter Løe (1999). Av di det er funne hinnebregne på lokaliteten verd verdien sett til viktig (B).

Truslar/konflikt og forvaltning: Ingen kjente truslar.

Muntlege kjelder:

Skriftlege kjelder: Løe 1999

Åram	44
Naturtype: Naturbeitemark	UTM (EUREF89): LQ 181 003
Vegetasjonstypar:	Kartblad M711: 1119 III Vanylven
	Areal: 7 daa
	Høgde (m.o.h.): 20-40
BM verdi: Viktig (B)	Besøkt i felt: 24.07.02 MV og KJG

Områdeskildring: Lokaliteten ligg ovanfor husa på garden Åram og er ei nordaustvendt naturbeitemark med lang hevd og godt beitetrykk. Lokaliteten har vorte hevda i minst tre generasjonar, og den vart slått fram til 1950-tallet. Sidan har det berre vore beiting på lokaliteten. Lokaliteten vart undersøkt for beitemarkssopp og naturengplantar. Lokaliteten var relativt rik på naturengplantar, m.a. kornstorr, smalkjempe, tepperot, tiriltunge, blåklokke, gulaks, lækjevironika, jordnøtt og kystmaure. Av beitemarkssopp vart det funne mellom anna skarlagensvokssopp, gul vokssopp, honningvokssopp, kantarellvokssopp, grøn vokssopp, seig vokssopp, engvokssopp, samt diverse raudskivesopp (ikkje kontrollbestemte).

Spesielle artar:

Avgrensing og prioritering: Lokaliteten er relativt stor og har lang og god hevd. Samstundes var lokaliteten rik på beitemarkssopp allereie tidleg i soppsesongen, og potensialet for raudlista beitemarkssopp vert vurdert som stort (K. J. Grimstad pers. medd.). Området får difor førebels verdien viktig (B), men det kan vere aktuelt å endre verdien etter at spesialistar på beitemarkssopp har undersøkt lokaliteten nærare.

Truslar/konflikt og forvaltning: For å ta vare på det biologiske mangfaldet må ein oppretthalde tradisjonell skjødse med sauebeiting, samt ikkje bruk av anna gjødse enn det husdyra tilfører. Beitetrykket bør vere på same nivå som i dag. Ein bør rydde litt skog og kratt. Lokaliteten bør undersøkast nærare av spesialistar på beitemarkssopp.

Muntlege kjelder: Karl Johan Grimstad

Skriftlege kjelder:

Åram: Brandalsfeltet	45
Naturtype: Kalkrike område i fjellet	UTM (EUREF89): LP 20 98
Vegetasjonstypar: Ultrabasisk og tungmetallforgifta mark - ultrabasisk utforming (F6a)	Kartblad M711: 1119 III Vanylven
	Areal: 3,3daa
	Høgde (m.o.h.): 200-220
BM verdi: Lokalt viktig (C)	Besøkt i felt: 05.07.02 MV og SH

Områdeskildring: Lokaliteten ligg ovanfor Brandal mot Krabbestihornet, og er dominert av karakteristisk rasmarkvegetasjon på olivingrunn. Lokaliteten er relativt fattig med mykje grønburkne, og fjellsmelle, men også aurskrinneblom (nasjonal ansvarsart). I fuktige parti mot nord-vest var det mykje gulsildre.

Spesielle artar: Aurskrinneblom (nasjonal ansvarsart) er skildra med ein eigen rase på tungmetallrik grunn (Lid og Lid 1998).

Avgrensing og prioritering: Naturtypen er av DN (2002) vurdert som hensynskrevjande til noko truga (LR-VU). Bra førekomst av kalkindikatorar, samt art med serpentinvariant gjer at lokaliteten får verdien lokalt viktig (C).

Truslar/konflikt og forvaltning:

Muntlege kjelder:

Skriftlege kjelder: Bjørlykke 1938,

Åram: Brandal	46
Naturtype: Naturbeitemark	UTM (EUREF89): LP 201 977
Vegetasjonstypar:	Kartblad M711: 1119 III Vanylven
	Areal: 2,4daa
	Høgde (m.o.h.): 160-180
BM verdi: Lokalt viktig (C)	Besøkt i felt: 24.07.02 MV og KJG

Områdeskildring: Lokaliteten ligg sørvestvendt ovanfor Li og er ei overflatedyrka naturbeitemark som truleg har lang hevd, men der no beitetrykket av sau er noko lågt. Områda ligg ovanfor innmarka (som gror igjen) og er eit kantområde mellom innmarka og skogkanten. Lokaliteten vart undersøkt for beitemarkssopp og naturengplantar. Beitetrykket var noko lågt, og lokaliteten var ikkje særleg rik på naturengplantar, men artar som smalkjempe, tepperot, lækjevionika, blåklokke, gulaks, jordnøtt og kystmaure vart funne. Av beitemarkssopp vart det funne mellom anna stripa vokssopp og engvokssopp (ikkje kontrollbestemte).

Spesielle artar:

Avgrensing og prioritering: Lokaliteten vert avgrensa av gjerde ned mot innmarka og skogkanten ovanfor. Lokaliteten er liten, men verkar relativt rik på beitemarkssopp (K. J. Grimstad pers. medd.). Størrelse, hevd og artsrikdom gjer at lokaliteten inntil vidare vert vurdert som lokalt viktig (C).

Truslar/konflikt og forvaltning: Skal ein ta vare på det biologiske mangfaldet på lokaliteten, bør bruken av sauebeite halde fram som før, beita bør ikkje gjødslast, og beitetrykket bør aukast noko i forhold til i dag. Ein bør rydde litt skog og kratt. Lokaliteten bør undesøkast nærare av ekspertar på beitemarkssopp.

Muntlege kjelder: Karl Johan Grimstad

Skriftlege kjelder:

Åram: Bjørlykke	56
Naturtype: Nordvendte kystberg	UTM (EUREF89): LP 244 967
Vegetasjonstypar:	Kartblad M711: 1119 III Vanylven
	Areal: 118 daa
	Høgde (m.o.h.): 60-220
BM verdi: Viktig (B)	Besøkt i felt: 27.07.03 MV

Områdeskildring: Lokaliteten ligg nordvendt oppe under Bjørlykkehornet. Lokaliteten er variert med mange mikrohabitat, t.d. store steinar, trestammar, små bergkløfter og sigevasspåverka område. Av registrerte artar er ei blanding av fjellartar, myrartar, engartar og strandbergartar: hinnebregne, kystmaigull, gulsildre, raudsildre, svartopp, rosenrot, dvergjamne, småtveblad, fjelltistel, skogmarihand, enghumleblom, blåklokke, mjøduert, fjellmarikåpe, fjellsyre, skogstorkenebb og turt.

Spesielle artar: Den raudlista bregna hinnebregne (*Hymenophyllum wilsonii*) (V - sårbar).

Avgrensing og prioritering:

Truslar/konflikt og forvaltning: Ingen kjente truslar.

Muntlege kjelder:

Skriftlege kjelder:

Eidså: Sandnes	55
Naturtype: Rik edellauvskog	UTM (EUREF89): LP 249-254 940-945
Vegetasjonstypar:	Kartblad M711: 1119 III Vanylven
	Areal: 181 daa
	Høgde (m.o.h.): 260-460
BM verdi: Lokalt viktig (C)	Besøkt i felt:

Områdeskildring: Lokaliteten ligg søraustvendt i fjellsida under berghamrar ovanfor Sandnes. Vegetasjonen er rik edellauvskog med fattigare parti. Tresjiktet er dominert av hassel og gamle bjørker og ospesholt, men med innslag av artar som rogn, selje, hegg og alm. Mange av trea er gamle og lokaliteten inneheld mykje dau ved i form av læger og gadd. Feltsjiktet er forholdsvis fattig og inneheld artar som kusymre, jordnøtt, krattlodnegras, markjordbær, gjerdevikke, kvirbladistel, legeveronika, blåbær, linnea, stankstorkenebb, firkantperikum, gulaks, storfrytle, men og edellauvskogindikatorar som korallrot, firblad og trollurt.

Spesielle artar: Alm er oppført under kategori 3 - sårbar på den regionale raudlista (Gaarder og Jordal 2003).

Avgrensing og prioritering: Alm er rapportert frå lokaliteten, man av di dette ikkje er stadfesta vert dette ikkje lagt til grunn ved verdsetjing. Lokaliteten er såpass dårlig utvikla at den førebels får verdien lokalt viktig (C). Denne kan endrast dersom ein får stadfesta alm på lokaliteten.

Truslar/konflikt og forvaltning: Nedre del av lokaliteten er planta til med gran. Det er mykje hjort i området. Hardt hjortebeite kan føre til manglande gjenvekst av alm, og dyra kan også gjennom gnag skade og drepe store almetre (Jordal 1997, Jordal og Gaarder 1998b, Gaarder og Jordal 2003).

Muntlege kjelder: Karl Johan Grimstad

Skriftlege kjelder:

Eidså: Årstad	47
Naturtype: Naturbeitemark	UTM (EUREF89): LP 26 92
Vegetasjonstypar:	Kartblad M711: 1119 III Vanylven
	Areal: 26 daa
	Høgde (m.o.h.): 20-70
BM verdi: Lokalt viktig (C)	Besøkt i felt:

Områdeskildring: Lokaliteten ligg i den austvendte lifoten ved Eidså og er langstrekke naturbeite som framleis vert beita. Beita vert gjødsla, men det finst truleg ein del ugjødsla parti. Beita er brattlendte og

somme stadar utgjer dei ein mosaikk med skog. Marka er kalkfattig og varierer frå tørr til fuktige sig. Lokaliteten har vore undersøkt for naturengplantar (12 artar) og beitemarkssopp (10 poeng).

Basert på ei skildring av Jordal og Gaarder (1997, 1999)

Spesielle artar:

Avgrensing og prioritering: Avgrensing av lokaliteten er gjort etter skjønn, samt etter Jordal og Gaarder (1997, 1999). Av di beita vert gjødsle ein del og dessutan ikkje særleg artsrike, får lokaliteten verdien lokalt viktig (C).

Truslar/konflikt og forvaltning: For å ta vare på det biologiske mangfaldet må ein oppretthalde tradisjonell skjøtsel med husdyrbeiting, samt ikkje bruk av anna gjødsel enn det husdyra tilfører. Ein bør difor slutte å gjødsle lokaliteten.

Muntlege kjelder: Landbrukskontoret i Vanylven

Skriftlege kjelder: Landbrukskontoret i Vanylven 1993, Jordal og Gaarder 1997, 1999

Syvde: Oselva	48/1511-177-0
Naturtype: Brakkvassdelta	UTM (EUREF89): LP 290 883
Vegetasjonstypar:	Kartblad M711: 1119 III Vanylven
	Areal: 31 daa
	Høgde (m.o.h.): ca. 0
BM verdi: Viktig (B)	Besøkt i felt:

Områdeskildring: Lokaliteten er eit klassisk vifteforma brakkvassdelta med oppgrunning i sjøen utanfor der Oselva renn ut i Syvdsfjorden. Vestsida av lokaliteten er sterkt utbygd og elva har eit kanalisert elvelaup, men på høgre side av elvemunningen, ved Notaplassen, er det mindre urørte strandenger. Vassdraget er laks- og sjøaureførende.

Spesielle artar:

Avgrensing og prioritering: Ved avgrensing er det prøvd å ta med dei områda som har størst naturverdiar. Elveoslandskapet er prioritert (Klasse 2B¹⁰) i fylkesplanen for elveoslandskap i fylket (godkjend 10.06.94 i Miljødept.). DN (2002) vurderer generelt havstrandeng og –sump som noko truga (VU), og Fylkesmannen i Møre og Romsdal vurderar at lokaliteten har regional verneverdi (Fylkesmannen i Møre og Romsdal 1997). Lokaliteten er vurdert som middels råka av inngrep. Lokaliteten vert på grunnlag av desse momenta gjeve verdien viktig (B).

Truslar/konflikt og forvaltning: Forureinings situasjonen i vassdraget vart sist undersøkt i 1997. Begroingstilstanden vart vurdert som meget god, og tilstanden av termotolerante koliforme bakteriar var god (Relling og Otnes 2000b). Lokaliteten er generelt truga av utfyllingar og utbyggingar. Elvedeltaet høyrer med til dei utvalde som er med i eit nasjonalt pionerprosjekt der målet er å følgje utviklinga i slike område samt å etablere eit verkty- og vedtaksgrunnlag for bruk i offentleg miljøforvaltning. Den er også med i den nasjonale elvedeltadatabasen (DN 2002). Fylkesplanen for elveoslandskap i fylket (godkjend 10.06.94 i Miljødept.) inneheld retningsliner for forvaltning av brakkvassdeltaet og tilrår m.a. korleis lokaliteten bør sikrast for framtida gjennom arealdelen til Vanylven kommune (Fylkesmannen i Møre og Romsdal og Møre og Romsdal Fylkeskommune 1994: 12). Det er knytt viktige friluftsiinteresser til elvestrekninga.

Muntlege kjelder:

Skriftlege kjelder: Fylkesmannen i Møre og Romsdal og Møre og Romsdal Fylkeskommune 1994, Lindstrøm og Relling 1994, Fylkesmannen i Møre og Romsdal 1997, Relling og Otnes 2000b, Direktoratet for Naturforvaltning 2002

¹⁰ Klasse 2B tyder at det er gjort ein del inngrep i elveoslandskapet.

Syvde: Sjørdalen	49
Naturtype: Rik edellauvskog	UTM (EUREF89): LP 27-29 85-86
Vegetasjonstypar: Lavurt-edellauvskog, rike kyst-hasselkratt (D2c), blåbær-edellauvskog, blåbær hasselkratt (D1d), gråor-heggeskog, høgstaude-strutseving-unforming (C3a), rasmark (F1)	Kartblad M711: 1119 III Vanylven Areal: 297 daa Høgde (m.o.h.): 15-300 Besøkt i felt: 10.07.02 MV, 14.08.02 MV og KJG
BM verdi: Viktig (B)	

Områdeskildring: Lokaliteten ligg syd-sydaustvendt i fjellsida frå Sjørdalsvatnet og oppover mot Blåfelden/Svartetua og er dominert av gamle, relativt lysopne hasseldominerte skogar med innslag av alm (regional raudlisteart), samt osp, selje og dunbjørk. Feltsjiktet inneheld mange stadar edellauvskogindikatoren myske, men også artar som firblad, brunrot og skogsvinerot. Grønburkne vart funne på blokker av olivin. I meir eller mindre opne rasmarker er det rasmarkvegetasjon. Jøla og andre fuktigare parti er dominerte av lysor og rik høgstaudevegetasjon, m.a. skogsvikke, strutseving og storklokke. Trea er gamle med mykje daud ved, samt lav (m.a. lungenever, gryporelav), mose og sopp. Lokaliteten inneheld også mykje gammal osp, eit av ospeholta med olivin i grunnen. Grove osper (opp til ei famn i omkrins), og mykje daud ved, både på levande osper, men også i form av læger og gadd. Nær nokre små sva og hamrar i eit av jøla vart det funne m.a. skogmarihand og gulsildre. Nederste partia er dominert av graminidar, spesielt krattlodnegras, truleg grunna tidlegare beiting.

Spesielle artar: Alm er oppført under kategori 3 - sårbar på den regionale raudlista (Gaarder og Jordal 2003).

Avgrensing og prioritering: Avgrensing er vanskeleg, men gjort etter skjønn. Lokaliteten inneheld alm og skal då etter DN-handboka (DN 1999a) i alle høve førast som rik edellauvskog. Rikt kysthasselkratt (D2c) er av DN (2002g) vurdert som sterkt truga (EN). Vekt er lagt på at dei ulike vegetasjonstypene utgjer ei større eining. Størrelsen på lokaliteten, alderen på trea, dei store innslaga av daud ved, samt det til tider relativt rike feltsjiktet gjer at lokaliteten får verdien viktig (B).

Truslar/konflikt og forvaltning: Det er mykje hjort i området. Hardt hjortebeite kan føre til manglande gjenvekst av alm, og dyra kan også gjennom gnag skade og drepe store almetre (Jordal 1997, Jordal og Gaarder 1998b, Gaarder og Jordal 2003).

Muntlege kjelder:

Skriftlege kjelder:

Syvde: Vik	50/1511-11-0
Naturtype: Brakkvassdelta	UTM (EUREF89): LP 301 892
Vegetasjonstypar:	Kartblad M711: 1119 III Vanylven Areal: 30 daa Høgde (m.o.h.): ca. 0 Besøkt i felt: 06.06.02 MV
BM verdi: Viktig (B)	

Områdeskildring: Lokaliteten er eit klassisk brakkvassdelta med ei mindre oppgrunning i sjøen utanfor der Vikelva renn ut i Syvdsfjorden. Der Vikelva renn ut ligg Vikøyrane, eit område med bankar utsett for aktive fluviale prosessar, og der det enno er mindre urørte strandenger. Dette området, saman med dei maritime gruntvassområda er viktige for fugl, både for matauk og som hekkeplass, og området er vurdert av DN (2002) som middels viktig for vilt. Vassdraget er laks og sjøaureførande.

Spesielle artar:

Avgrensing og prioritering: Ved avgrensing er det prøvd å ta med dei områda som har størst naturverdiar. Elveoslandskapet er prioritert (Klasse 2B¹¹) i fylkesplanen for elveoslandskap i fylket (godkjend 10.06.94 i Miljødept.). DN (2002) vurderer generelt havstrandeng og –sump som noko truga

¹¹ Klasse 2B tyder at det er gjort ein del inngrep i elveoslandskapet.

(VU), og Fylkesmannen i Møre og Romsdal vurderar at lokaliteten har regional verneverdi (Fylkesmannen i Møre og Romsdal 1997). Lokaliteten er vurdert som middels råka av inngrep. Lokaliteten vert på grunnlag av desse momenta gjeve verdien viktig (B).

Truslar/konflikt og forvaltning: Forureinings situasjonen i vassdraget vart sist undersøkt i 1997. Begroingstilstanden vart vurdert som god, men tilstanden av termotolerante koliforme bakteriar var mindre god (Relling og Otnes 2000b). Lokaliteten er generelt truga av utfyllingar og utbyggingar, samt i mindre grad forureining. På Vikøyrane veks dei innførte artane rynkerose og parkslirekne, og desse artane kan på sikt fortrenge heimleg vegetasjon. Elvedeltaet høyrer med til dei utvalde som er med i eit nasjonalt pionerprosjekt der målet er å følgje utviklinga i slike område samt å etablere eit verkty- og vedtaksgrunnlag for bruk i offentleg miljøforvaltning. Den er også med i den nasjonale elvedeltadatabasen (DN 2002g). Fylkesplanen for elveoslandskap i fylket (godkjend 10.06.94 i Miljødept.) inneheld retningslinjer for forvaltning av brakkvassdeltaet, og tilrår m.a. korleis lokaliteten bør sikrast for framtida gjennom arealdelen til Vanylven kommune (Fylkesmannen i Møre og Romsdal og Møre og Romsdal Fylkeskommune 1994: 12). Det er knytt friluftssinteresser til området av di det ligg ein lokal badeplass der elva renn ut.

Muntlege kjelder:

Skriftlege kjelder: Fylkesmannen i Møre og Romsdal og Møre og Romsdal Fylkeskommune 1994, Lindstrøm og Relling 1994, Fylkesmannen i Møre og Romsdal 1997, Relling og Otnes 2000b, Direktoratet for Naturforvaltning 2002

Synde: Landsverk	51
Naturtype: Naturbeitemark	UTM (EUREF89): LP 33 88
Vegetasjonstypar:	Kartblad M711: 1119II Volda
	Areal: 68 daa
	Høgde (m.o.h.): 115-225
BM verdi: Viktig (B)	Besøkt i felt:

Områdeskildring: Lokaliteten ligg i Norddalen i den bratte fjellsida på austsida av dalen, og har hatt stort beitetrykk av geit, samt av sau haust og vår. Det er ikkje beitt av storfe på 30 år. Den vestvendte dalsida er grasrik og prega av tidlegare steinskred. Ovanfor dei grasrike beita ligg felt med einer, urer, hamrar og skog. Daud einer indikerar at det truleg har vore eit hardt beitetrykk i området. Lokaliteten har vore undersøkt og funne å vere eit middels artsrikt geitabeite. Lokaliteten har vore undersøkt for naturengplantar (14 artar) og beitemarkssopp (9 poeng).

Basert på skildring av Jordal og Gaarder (1997, 1999)

Spesielle artar: Det raudlista beitemarkssoppen raud honningvokssopp (V - sårbar), av Gaarder og Jordal (2001) vurdert som nasjonal ansvarsart.

Avgrensing og prioritering: Avgrensing av lokaliteten er gjort ut frå ei vurdering av det beitepåverka landskapet kombinert med koordinatane oppgjeve av Jordal og Gaarder (1997, 1999). Sidan lokaliteten framleis er i hevd, og at det dessutan er registrert ein raudlista beitemarkssopp der, gjer at lokaliteten får verdien viktig (B).

Truslar/konflikt og forvaltning: For å ta vare på det biologiske mangfaldet må ein oppretthalde tradisjonell skjødse med geitebeiting, samt ikkje bruk av anna gjødse enn det husdyra tilfører. Beitetrykket bør vere på same nivå som i dag.

Muntlege kjelder: Landbrukskontoret i Vanylven

Skriftlege kjelder: Landbrukskontoret i Vanylven 1993, Jordal og Gaarder 1997, 1999

Syvde: Skåraura	52
Naturtype: Rik edellauvskog	UTM (EUREF89): LP 28-29 925-91
Vegetasjonstypar: Lavurt-edellauvskog, rike kysthasselkratt (D2c), blåbær-edellauvskog, blåbær-hasselkratt (D1d), rasmark (F1)	Kartblad M711: 1119 III Vanylven
BM verdi: Viktig (B)	Areal: 315 daa
	Høgde (m.o.h.): 25-300
	Besøkt i felt: 05.07.02 MV og SV

Områdeskildring: Lokaliteten ligg mellom Oppsal og Skår, eit stykke oppe i fjellsida under Vardegga. Tresjiktet er dominert av hassel, men har innslag av bjørk og selje. Feltsjiktet er rikt på edellauvskogindikatorar, m.a. breiflangre, ramslauk, myske, vanlig nattfiol, kusymre, hengjeaks og krossved.

Spesielle artar: Indikatorar på rik edellauvskog, m.a. myske og sanikel, ramslauk, kusymre og breiflangre.

Avgrensing: I underkant er lokaliteten avgrensa av øvre urakant, og oversida av ei linje trekt langs bratte hamrar ytterst i lokaliteten. Lokaliteten inneheld enkelte fattigare parti edellauvskog, men desse er teke med av di dei er ein del av ei større eining. Også nokre område med rasmark er teke med av di ein elles måtte ha splitta opp lokaliteten i mange småområde. Rikt kysthasselkratt (D2c) er av DN (2002) vurdert som sterkt truga (EN). Lokaliteten har samla sett velutvikla edellauvskog får verdien viktig (B).

Truslar/konflikt og forvaltning: Treslagskifte gjennom tilplanting med gran har vore eit problem mange stadar i kommunen. Platanlønn, som har etablert seg på lokaliteten, kan kome til å konkurrere ut hasselkratta. Det vert med jamne mellomrom rydda under høgspenteleidninga som går i nedre del av lokaliteten.

Muntlege kjelder:

Skriftlege kjelder:

Syvde: Breiteig	53
Naturtype: Naturbeitemark	UTM (EUREF89): LP 278 947
Vegetasjonstypar:	Kartblad M711: 1119 III Vanylven
	Areal: 9 daa
	Høgde (m.o.h.): 0-35
BM verdi: Viktig (B)	Besøkt i felt: 07.07.02 MV

Områdeskildring: Lokaliteten ligg i utmark på austsida av Syvdsfjorden, nokre hundre meter nord for garden Breiteig. Ovanfor vegen er dette eit parti med steinete rasmarker og grasmark innimellom. Nedanfor vegen er det eit overflatedyrka beite med spreidde tre og rosebuskar. Lokaliteten er truleg lite gjødsla og inneheld ein god del naturengplantar, m.a. mykje blåklokke og vanlig nattfiol. Lokaliteten har vore undersøkt for naturengplantar og beitemarkssopp (11 poeng). Av registrerte artar er m.a. *Hygrocybe flavipes/lacmus* (DC) og raud åmeklubbe.

Basert på skildring av G. Gaarder og J. B. Jordal (1993, 1999)

Spesielle artar: Den raudlista sopparten *Hygrocybe flavipes/lacmus* (DC – omsynskrevjande).

Avgrensing og prioritering: Avgrensing av lokaliteten er gjort etter skjøn, samt etter koordinatane oppgjeve av Jordal og Gaarder (1993, 1999). Lokaliteten er i tidleg gjengroing, men registrert raudlista beitemarkssopp gjer at lokaliteten får verdien viktig (B).

Truslar/konflikt og forvaltning: For å ta vare på det biologiske mangfaldet må ein oppretthalde tradisjonell skjøtsel med sauebeiting, samt ikkje bruk av anna gjødsel enn det husdyra tilfører. Beitetrykket bør aukast noko i forhold til i dag.

Muntlege kjelder: Landbrukskontoret i Vanylven

Skriftlege kjelder: Jordal og Gaarder 1993, 1999, Landbrukskontoret 1993

Synde: Breiteig	54
Naturtype: Rik edellauvskog	UTM (EUREF89): LP 277 944
Vegetasjonstypar: Lågurt-edellauvskog, rike kysthasselkratt (D2c)	Kartblad M711: 1119 III Vanylven
	Areal: 42 daa
	Høgde (m.o.h.): 5-75
BM verdi: Viktig (B)	Besøkt i felt: 09.06.02 MV

Områdeskildring: Lokaliteten ligg på innsida av elva, samt på oppsida av garden på Breiteig, og er ein kulturpåverka (beita) kysthasselskog med innslag av dunbjørk. Lokaliteten er nytta som skogsbeite, og somme stadar går hasselskogen over i små parti naturbeitemark. Feltsjiktet er artsrikt med mange typiske artar frå kysthasselkratt, t.d. mykje kusymre, jordnøtt, hundegras, krattmjølke og skog- og stankstorkenebb, samt mange naturengartar, m.a. vanleg nattfiol. Av grasartar var det mykje krattlodnegras.

Spesielle artar:

Avgrensing og prioritering: I avgrensinga av lokaliteten er nokre opne beitemarker (truleg gamle utslåttmarker) teke med for å unngå ei oppsplitting av lokaliteten i fleire mindre. Rikt kysthasselkratt (D2c) er av DN (2002) vurdert som sterkt truga (EN). Lokaliteten har velutvikla edellauvskog og får verdien viktig (B).

Truslar/konflikt og forvaltning: Det har vore tilplanting med gran enkelte stadar på lokaliteten. Desse kan på sikt konkurrere ut hasselkratta. Dersom beitinga opphøyrer vil dette truleg ha ein negativ innverknad på artsmangfaldet.

Muntlege kjelder:

Skriftlege kjelder:

6.2 Uprioriterte, uteletne og ikkje-oppsøkte lokalitetar

6.2.1 Uprioriterte lokalitetar

Her er ein kort presentasjon av lokalitetar som er vurderte i samband med kartleggingsarbeidet, men der det ikkje har vorte påvist store nok biologiske verdiar til at dei har vorte prioriterte. Ved nærare undersøkingar kan likevel nokre av desse lokalitetane vise seg verdifulle.

Tue

Stort, gammalt tre. På ei naturbeitemark nedover mot sjøen nord for gardane på Tue (Bruk nr. 71/2) står eit stort og gammalt frittstående seljetre. Selja er svært gammal og over to famner i omkrins. Ho har noko daud ved, men nokre daude greiner har vorte fjerna. Det vart ikkje funne interessante lav- eller moseartar på treet. Treet vert av dette ikkje prioritert.

Slagnes kyrkje

Kyrkja vart undersøkt for flaggermus av K. J. Grimstad og underteikna, utan at det vart funne noko.

Hatlenseset

Fattig edellauvskog. Lokaliteten vert vurdert som liten og dårleg utvikla, og er i denne omgong ikkje prioritert.

Sylteskogen

Gammal bjørkeskog med innslag av fattig edellauvskog, særleg hassel. Lokaliteten vert vurdert som liten og dårleg utvikla, og er i denne omgong ikkje prioritert.

Vidnes

Fattig edellauvskog. Lokaliteten vert vurdert som liten og dårleg utvikla, og er i denne omgong ikkje prioritert.

Aram bunkersanlegg

Naturbeitemark. På lokaliteten ligg eit gammalt bunkerskompleks frå 2. verdskrigen. Bunkersane er undersøkt for flaggermusekskrement, men det vart ikkje funne noko. Naturbeitemarka kan vere interessant å undersøke for beitemarkssopp, av di beitetrykket er relativt bra.

Flånå

Kalkrikt område i fjellet. Lokaliteten ligg nordvendt oppe i fjellsida mot Bjørlykkehornet, og er ein liten olivinførekost nær ei grunnvasskjelde. Av registrerte plantar er raudsildre og gulsildre, samt mykje grønburkne på olivinknausane. Området er ikkje prioritert i denne omgong, men kan ved nærare undersøkingar få auka verdien. **Skriftlege kjelder:** Bjørlykke 1938

Koparnesvigen

Kulturlandskap. Her vart det funne kvitkurle (DC) i 1888. Lokaliteten har ikkje vorte besøkt under dette arbeidet, og sjansen for gjenfunn vert vurdert som liten. **Skriftlege kjelder:** Gaarder og Jordal 2001, Fylkesmannen i Møre og Romsdal 2002

Eidså

Kulturlandskap. Ifølge J. R. Landmark var det solblom i mengder. Det har ikkje vore gjenfunn i området. **Skriftlege kjelder:** Gaarder og Jordal 2001, Fylkesmannen i Møre og Romsdal 2002

Syvde kyrkje

Kyrkja vart undersøkt for flaggermus av K. J. Grimstad og underteikna, utan at det vart funne noko.

6.2.2 Uteletne lokalitetar

Her er ein kort presentasjon av lokalitetar som er vurderte i samband med kartleggingsarbeidet, og som har klare naturverdiar, men som av fell utanfor metodikken i DN-handboka (DN 1999a). Desse lokalitetane må verte fanga opp gjennom anna kartleggingsarbeid, t.d. viltkartlegginga.

Tunheimshornet

I utskrift frå Naturbasen (15.04.1997) heiter det om lokaliteten: *"Brattlendt og markert fjellformasjon. Rundt det meste av fjellet er det frodig skog med sterkt innslag av edellauvskogartar og krevjande plantesamfunn, særleg på sørsida. I det brattaste område har ein koloni hegar tilhald."* (Fylkesmannen i Møre og Romsdal 1997). Vidare vurderar fylkesmannen at lokaliteten har lokal verneverdi. Viltverdiene må her fangast opp av viltkartlegginga, men delar av denne lokaliteten går inn i prioritert lok. nr. 36.

Flugevågsholmane

I utskrift frå Naturbasen (15.04.1997) heiter det om lokaliteten: *"Dette er ei gruppe holmar og skjer utanfor Flugevåg i ytre del av Vanylvsfjorden, også kalla Flugevågsholmane. Velavgrensa eining med eit variert artsutval og ei totalmengde av hekkande fugl på om lag 150 par. Området er aktuelt for nærare vurdering i samband med ein framtidig verneplan for sjøfugl i fylket."* (Fylkesmannen i Møre og Romsdal 1997). Lokaliteten er vidare skildra i Folkestad og Loen (1998) og gjeve verdien 3. Fylkesmannen vurderer at lokaliteten har regional verneverdi.

Rovdeskjeret

I utskrift frå Naturbasen (15.04.1997) heiter det om lokaliteten: *"Lite og hovudsakleg snautt skjer som er hekkeplass for sjøfugl, først og fremst terner. Skjeret er og kvileplass ofr andre sjøfuglar, m.a. ærfugl. Skjeret har kulturhistorisk tilknytning som rettarstad."* (Fylkesmannen i Møre og Romsdal 1997). Vidare vurderar fylkesmannen at lokaliteten har lokal verneverdi.

Rovde (truleg i Sande kommune)

I databasen over litteratur om naturen i Møre og Romsdal (Jordal og Gaarder 2001) er det referert til ein sommarekskursjon til Sunnmøre i regi av Norsk botanisk forening i 1964 (Wischmann 1965). I litteraturbasen er fleire interessante plantefunn registrert for Vanylven, t.d. engmariland, hjartegras, skogkarse og vestlandsvikke. Dette er truleg ein feiltakelse. Wischmann refererer til lokaliteter i Rovde som den gong var eiga kommune. Noko seinare vart kommunen delt, og den sørlege delen vart integrert i Vanylven kommune, medan den nordlege delen vart ein del av Sande kommune. Slik har det oppstått ei mistyding ved at ein automatisk koplar Rovde til Vanylven kommune.

6.2.3 Ikkje-oppsøkte lokalitetar

Her er ein kort presentasjon av lokalitetar som ikkje har vorte oppsøkt, men som kan vise seg å ha verdi når det gjeld biologisk mangfald.

Almklovdalen/Sundal

Kalkrike område i fjellet/ ultrabasiske og tungmetallrike mark i låglandet. Mellom desse to dalføra er det mange små område med olivinstein som ikkje har vorte oppsøkt. Mange av desse er truleg lite forvitra og fattige, men bør likevel undersøkast.

Tagsetnakken

Mindre parti olivinstein på nordaustsida av Taksetnakken. I fast fjell er olivinsteinen synleg i 5 – 10 m høgde og ca 40 m langt. Under feltet er skråninga dekkja av lausblokker av olivinstein ca 50 m nedover. **Skriftlege kjelder:** Bjørlykke 1938

Kilebrekka

Kulturlandskap (fjellbeite). M. og R. Nordhagen fann i 1970 kystengkall ved overgangen Syvdsbotn-Sylte, høgt oppe i veisvingen ved ein kjeldebekk. Lokaliteten har ikkje vorte vurdert under dette arbeidet. **Skriftlege kjelder:** Gaarder og Jordal 2001, Fylkesmannen i Møre og Romsdal 2002

Sylteelva/Lundehaugen

Viktig bekkedrag i kulturlandskapet med kantsone av til dels gamal svartor. Det er registrert lav på lokaliteten (KJG), samt hekkande spettmeis. I naturbasen er neste delen av elva teke med i avgrensinga av brakkvassdeltaet (Fylkesmannen i Møre og Romsdal 1997). Lokaliteten er i dette arbeidet ikkje vurdert.

Sildevika

Naturbeitemark. Har vore undersøkt av Jordal og Gaarder. Dei fann ein del naturengplantar, men ingen beitemarkssopp. Lokaliteten bør oppsøkast igjen. **Skriftlege kjelder:** Jordal og Gaarder 1993, 1999

Brandal

Kulturlandskap. M. og R. Nordhagen fann i 1970 kystengkall Mellom Koparnes og Åram ved utstraumande grunnvatn og artsrik vegetasjon. Lokaliteten har ikkje vorte vurdert under dette arbeidet. **Skriftlege kjelder:** Gaarder og Jordal 2001, Fylkesmannen i Møre og Romsdal 2002

Bjørlykkehornet

Lite olivinsteinfelt 600 m.o.h. med eksposisjon mot vest. Mest vegetasjonslaust. **Skriftlege kjelder:** Bjørlykke 1938

Sendeberget

Nordvendt. Parti med olivinstein som ligg om lag 400 m.o.h., omtrent midt mellom Koparnes og Brandal. Det vart tidlegare teke ut stein for å lage slipesteinar. Mest vegetasjonslaust. **Skriftlege kjelder:** Bjørlykke 1938

Sørdalen

Naturbeitemark. Ligg i bratt lende og heller mor søraust. Stor lokalitet og godt beitetrykk. Bør undersøkast av ekspertar på beitemarkssopp.

Norddalselva

Viktig bekkedrag. Elv i kulturlandskap med frodige vegetasjonskantar. Lokaliteten har ikkje vore vurdert i dette arbeidet, men kan vise seg verdifull for det biologiske mangfaldet.

Videildvassdraget

Vassdraget vart undersøkt i 1988 i samband med kartlegging av verneverdiar i vassdraget. Dolmen (1990) karakteriserte vassdraget som klart, men til tider humuspåverka, svakt surt og med relativt låg leiingsevne (konduktivitet). Artsmangfaldet var relativt lite, bortsett frå ein rik streinflugefauna. Tettleiken av dyr var liten til middels. **Skriftlege kjelder:** Dolmen 1991, Relling og Otnes 2000b

Årskagelva

Brakkvassdelta. Lokaliteten har truleg mindre intakte strandenger på vestsida, elles er den sterkt utfyllt og oppdyrka. Lokaliteten har truleg ein viss verdi for fuglelivet i området. Vassdraget er sjøaureførande. **Skriftlege kjelder:** DN 2002g.

7 Tilrådingar

7.1 Tilrådingar for arealplanlegginga

7.1.1 Generelt for kommunal forvaltning og arealplanlegging

Lokalitetar som i dette arbeidet er kartlagt som svært viktige (A) eller som viktige (B) bør gjevast høgaste prioritet i arealplanlegginga. Også for lokalitetar som er vurderte som lokalt viktige (C) er det viktig å ta omsyn til av di verdsetjinga ofte baserar seg på mangel på kunnskap og ikkje på mangel på naturverdiar knytt til desse lokalitetane. Vidareføringar av dette arbeidet, t.d. informasjon til grunneigarar og interesserte, samt oppdatering og oppfølgande arbeid, må kommunen arbeide vidare med etter at denne rapporten er ferdig. Det vidare arbeidet med biologisk mangfald er det naturleg å sjå i samanheng med LA21-arbeidet som pågår i Vanylven kommune (sjå Boks 4).

7.1.2 Skjødelsavhengige lokalitetar

Den kommunale arealplanlegginga bør best mogleg sikre det biologiske mangfaldet gjennom rett skjødse. På skjødelsavhengige lokalitetar i kulturlandskapet (t.d. slåtteenger og naturbeitemarkar) har den kommunale landbruksforvaltninga eit spesielt ansvar for å sikre riktig skjødse best mogleg. I tillegg til å stå for kontakt og å gje informasjon og råd om skjødse, bør dei ulike verkemidla skildra i kapittel 1.6.4 nyttast i størst mogleg grad.

7.2 Tilrådingar til vidare feltarbeid

7.2.1 Kunnskapsstatus

Lite studerte område i Vanylven kommune

Tidlegare undersøkingar i Vanylven kommune har ofte konsentrert seg om dei Sør-vestlege delane i kommunen (Åheim og omegn) grunna dei spesielle naturforholda der. I det vidare arbeidet bør difor også mindre studerte delar av kommunen, t.d. dei Nord-austlege delane (Rovde og omegn) kartleggast nærare.

Lite studerte naturtyper i Vanylven kommune

Etter dette kartleggingsarbeidet er gammal og ny kunnskap om naturtypene i Vanylven kommune systematisert, og gjennom arbeidet er det kome fram at ikkje alle naturtyper er like godt kartlagt. Olivinområda i Vanylven kommune (og naturtypene som desse fell inn under) må karakteriserast som godt kartlagt. Naturtypene havstrand/kyst, edellauvskog, kulturlandskap, ferskvatn/våtmark og myr er vurdert som middels godt kartlagt. Her har truleg dei største og viktigaste områda kome med, men det kan framleis finnast nye lokalitetar. Naturtypen nordvendte berg er vurdert som dårlig kartlagt.

Lite studerte organismegrupper i Vanylven kommune

Mange av dei prioriterte naturtypelokalitetane er dårleg undersøkt for ein del organismegrupper, t.d. lav, mose, sopp og insekt. Vidare undersøkingar bør inkludere desse organismegruppene.

7.2.2 Vidare undersøkingar

Under er det gjeve konkrete tilrådingar for vidare undersøkingar:

Viltkartlegging – revisjon

Det vil vere naturleg å vidareføre viltområdekartlegginga i samband med den kommunale kartlegginga av biologisk mangfald (Fylkesmannen i Møre og Romsdal 2001). Viltbasen og viltkartet for Vanylven kommune inneheld mykje gammal og til dels feilaktig informasjon, og treng difor å oppdaterast. Ei løysing vil vere å ta utgangspunkt i DN-handbok-11 om viltkartlegging og oppdatere viltkartet på raudlisteartar sidan dette er eit sentralt element også i kartlegging av viktige naturtypar etter DN-handboka (1999a). Ein kan tydeleg sjå at desse to innfallsvinklane til biologisk mangfald på mange område overlappar, mens dei på andre område ikkje gjer det. Under arbeidet med å kartleggje viktige naturtypar kom det klart fram kor viktig det er å sjå vilt- og naturtypekartlegging i samanheng. Enkelte område som utan tvil er svært viktig for det biologiske mangfaldet vart ikkje fanga opp av metodikken til naturtypekartlegginga (DN 1999a) og må difor fangast opp av viltkartlegginga (DN 2000).

Kartlegging av kransalgar

I Vanylven er det fleire innsjøar på olivingrunn, og dette er ein sjeldan naturtype. Desse innsjøane er oftast næringsfattige, og i dei to innsjøane som har vorte undersøkte er den raudlista kransalgen glansglattkrans *Nitella flexilis* (DC - omsynskrevjande) funne. Denne arten er sårbar for næringstilførsel frå områda rundt. Sjansen for å finne denne kransalgearten også i dei andre innsjøane på olivingrunn er vurdert som stor, og desse innsjøane bør difor undersøkast. Dei mest aktuelle lokalitetane er:

- Grynnevatnet
- Helgehornsvatnet
- Eidevatnet

Kulturlandskap

Under dette arbeidet er det registrert fleire slåtteenger og naturbeitemarkar som ikkje har vore undersøkt før. Fleire av desse burde vore undersøkt av ekspertar på beitemarkssopp, av di potensialet til å finne raudlista soppartar er vurdert som stort. Sjå også dei enkelte lokalitetane (kapittel 7.1). Aktuelle lokalitetar er:

- Åram (naturbeitemark)
- Ekremseter (naturbeitemark og slåtteeng)
- Hellebust (slåtteeng)
- Åhaugen (naturbeitemark)
- Sjørdalen (naturbeitemark)

Rik edellauvskog og olivinfuruskog

I det vidare arbeidet bør sopp- og lavfloraen i rik edellauvskog og olivinfuruskog kartleggast nærare.

Ikkje-undersøkte lokalitetar

Under dette arbeidet er det kome fram lokalitetar som ikkje har vorte oppsøkt, men som kan vise seg å ha verdi når det gjeld biologisk mangfald (sjå kapittel 6.2.3). Desse lokalitetane bør oppsøkast for å vurdere kor vidt dei bør prioriterast.

8 Kjelder

Skriftlege kjelder

A/S Olivin 2002. Konsekvensutredning. Uttaksområdene i Gusdalen og Sunndalen. Asplan Viak AS og A/S Olivin.

Agenda21 2002.. Nasjonalt nettsted for lokal agenda 21. Idebanken.
URL: <http://www.agenda21.no/> [Sist oppdatert 09.05.2002].

Balle, O. & Bertelsen, A., 1976: Rapport fra hovedfagsekskursjon 1975. Økologi. Univ. i Bergen, Botanisk Museum. Upubl.

Bibsys 2002. URL: <http://www.bibsys.no/> [Bibliotekdatabase]

Biotechnologinemda 2002. Genmodifiserte organismer (GMO).
URL: <http://www.bion.no/tema/gmo.shtml#g5> [Lasta ned 20.06.02].

Bjørlykke, B. 1938. Vegetasjon på olivinstein på Sunnmøre. Nytt mag. Naturv. 79: 51 – 125.
(Publisering av hovedfagsoppgåve ved UiO)

Bjørndalen, J. E. og Brandrud, T. E. 1989. Verneverdige kalkfuruskooger. Direktoratet for Naturforvaltning, rapport nr. 10 – 1989.

Blikra, L. H., Larsen, Aa, A. og Sønstegaard, E. 1994. Vanylven – Volda – Ørsta – Sykkylven. I: Follestad, B. A., Larsen, E., Blikra, L. H., Longva, O., Anda, E., Sønstegaard, E., Reite, A. og Aa, A. R. 1994. Løsmassekart over Møre og Romsdal fylke. Beskrivelse og kartvedlegg: Løsmassekart M 1:250.000. Skrifter 112. NGU, Trondheim: 28 – 30.

Botanisk Museum 2002a. Norske namn på lav.
URL: http://www.nhm.uio.no/botanisk/bot-mus/lav/bml_vern.htm [Sist oppdatert 06.01.1997].

Botanisk Museum 2002b. Soppdatabasen.
URL: <http://www.nhm.uio.no/botanisk/bot-mus/sopp/soppdb.htm> [Sist oppdatert 08.05.02].

Botanisk Museum 2002c. Lavherbariet 1998.
URL: <http://www.toyen.uio.no/botanisk/bot-mus/lav/> [Søk 12.07.02].

Bredesen, B., Gaarder, G. og Haugan, R. 1993. Siste sjanse. Om indikatorarter for skoglig kontinuitet i barskog, Øst-Norge. NOA-Rapport 1 – 1993.

Brende, B. 2002. Det brenner i livets bibliotek. I: Dagbladet, tirsdag 11. juni 2002.
URL <http://www.dagbladet.no/kultur/2002/06/11/337144.html> [Lasta ned 09.07.02]

Bryant, P. J. 2002. Biodiversity and Conservation: A Hypertext Book. School of Biological Sciences, University of California, Irvine. URL: <http://darwin.bio.uci.edu/~sustain/bio65/Titlepage.htm#Table of contents> [Lasta ned 31.07.2002].

CBD 1992a. Convention on Biological Diversity. Convention text.
URL: <http://www.biodiv.org/convention/articles.asp> [Lasta ned 17.07.02].

CBD 2002b. Parties to the Convention on Biological Diversity. URL:
<http://www.biodiv.org/world/parties.asp> [Sist oppdatert 15.03.02]

CICERO 2002. Konsekvenser av klimaendringer.
URL: <http://o2.uio.no/background/konsekvenser.html> [Sist oppdatert 13.06.02].

Direktoratet for Naturforvaltning 1992a. Barskog i Vest-Norge. Utkast til verneplan. DN–Rapport nr. 9 – 1992.

Direktoratet for Naturforvaltning 1992b. Truete arter i Norge. DN-rapport 1992-6.

Direktoratet for Naturforvaltning 1995a. Inngrepsfrie naturområder i Norge. Registrert med bakgrunn i avstand fra tyngre tekniske inngrep. DN-rapport 1995 – 6

Direktoratet for Naturforvaltning 1998. Plan for overvåking av biologisk mangfold. DN-rapport 1998-1. URL: <http://www.dirnat.no/wbch3.exe?d=1836> [Lasta ned 08.08.02].

Direktoratet for Naturforvaltning 1999a. Kartlegging av naturtypar – verdsetting av biologisk mangfold. DN-handbok 1999-13. 238 s.

Direktoratet for Naturforvaltning 1999b. Nasjonal rødliste for truede arter i Norge 1998. DN- rapport 1999 – 3.

Direktoratet for Naturforvaltning 1999c. kommunenes kartlegging av biologisk mangfold. Forekomster av lokal verdi – hvordan registrere? DN. Brev til Fylkesmannen datert 03.06.99

Direktoratet for Naturforvaltning 2000. Viltkartlegging. DN-håndbok 11. Revidert 2000. URL: <http://www.dirnat.no/wbch3.exe?ce=3434> [Lasta ned 25.05.02].

Direktoratet for Naturforvaltning 2000a. Veileder for kartproduksjon – tema biologisk mangfold. DN – notat 2000 – 5.

Direktoratet for Naturforvaltning 2002a. Hva er biologisk mangfold? URL: <http://www.dirnat.no/wbch3.exe?p=2030> [Lasta ned 15.07.02].

Direktoratet for Naturforvaltning 2002b. Marine introduserte artar. URL: <http://www.dirnat.no/wbch3.exe?p=1848> [Lasta ned 15.06.02].

Direktoratet for Naturforvaltning 2002c. Hvorfor skal vi kartlegge og overvåke biologisk mangfold? URL: <http://www.dirnat.no/wbch3.exe?p=2031> [Lasta ned 15.07.02].

Direktoratet for Naturforvaltning 2002d. Kartlegging av biologisk mangfold. <http://www.dirnat.no/wbch3.exe?d=1689>

Direktoratet for Naturforvaltning 2002e. Klassifisering av truede og hensynskrevende naturtypar. Brev til Miljødepartementet og Fylkesmennenes Miljøvern avdelinger, datert 03.06.02.

Direktoratet for Naturforvaltning 2002f. Oversikt over truede vegetasjonstypar i naturtypene i DN-håndbok 13-1999. DN-notat, datert 03.07.02.

Direktoratet for Naturforvaltning 2002g. Elvedelta – status og overvåking. URL: <http://www.naturforvaltning.no/wbch3.exe?p=1890>
URL: <http://www.statkart.no/skme/produkt/delta/delta-mr.htm> [Sist oppdatert 24.05.02].

Dolmen, D., 1991 Ferskvannsbiologiske og hydrografiske undersøkelser av 20 vassdrag i Møre og Romsdal 1988 (Verneplan IV). Rapport Zool. Ser. 1989-3. UNIT, Vitensk.muséet.

Fiskaa, H. M. 1965. Bygdebok for Vanylven. Ålmenn bygdesoge. Utgjeven av Vanylven Sogelag. Rich. Andvord, Oslo

Follestad, B. A., Larsen, E., Blikra, L. H., Longva, O., Anda, E., Sønstegaard, E., Reite, A. og Aa, A. R. 1994. Løsmassekart over Møre og Romsdal fylke. Beskrivelse og kartvedlegg: Løsmassekart M 1:250.000. Skrifter 112. NGU, Trondheim.

Fremstad, E. & Elven, R., 1996: Fremmede planter i Norge. Platanlønn (*Acer pseudoplatanus* L.). I: *Blyttia* 54:61-78.

Fremstad, E. & Elven, R., 1997: Fremmede planter i Norge. De store Fallopi-artene. I: *Blyttia* 55:3-14.

Fremstad, E. 1997. Vegetasjonstypar i Norge. NINA Temahefte 12.

Fremstad, E. og Kålås, J.A. 2001. TOV 2000. Nytt program for overvåking av biologisk mangfold på

land – basert på videreutvikling av dagens TOV. NINA Oppdragsmelding 701

Fremstad, E. Og Moen, A. (red.) 2001. Truede vegetasjonstypar i Norge. Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet, Vitenskapsmuseet. Rapport botanisk serie 2001-4. URL: www.ntnu.no/vmuseet/botavd/rapp2001_4.pdf [Lasta ned 20.06.02].

Fylkesmannen i Møre og Romsdal 1996. Miljøtilstanden i Møre og Romsdal 1996. Rapport nr. 6 – 1996.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal 1997. Naturvernområde. Utskrift frå Naturbasen 15.04.97

Fylkesmannen i Møre og Romsdal 2000. Viltområde i Vanylven. Utskrift frå Naturbasen 15.12.2000

Fylkesmannen i Møre og Romsdal 2001. Naturbase – vilt, nye viltområdekart. Brev til kommunane, datert 10.01.01.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal og Møre og Romsdal Fylkeskommune 1994. Fylkesdelplan for elveoslandskap i Møre og Romsdal (Vedteken i Fylkestinget 20.04.94). URL: <http://www.mr-fylke.org/web/web/mrfknm.nsf/sider/36-0-0.html> [Sist oppdatert 26.02.2002].

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Landbruksavdelinga 2000a. Strategi for arbeidet med kulturlandskap i Møre og Romsdal 2000 – 2003. Vedteke i Kulturlandskapsgruppa 22.05.2000. Rapport 2 – 2000: 20 s

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Landbruksavdelinga 2002a. Om oppgåva "Areal- og kulturlandskapstillegg". URL: <http://www.fm-mr.stat.no/> [Lasta ned 10.07.02].

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernavdelinga (udatert). Utkast til verneplan for barskog i Vest-Norge. Tilråding frå miljøvernavdelinga, Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernavdelinga 1998a. Naturgeografiske regionar i Møre og Romsdal (kart). Statens kartverk, Møre og Romsdal 1998.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernavdelinga 1998b. Nasjonal inndeling i landskapregioner (kart). Statens kartverk, Møre og Romsdal 1998.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernavdelinga 2000b. Kartlegging av biologisk mangfold i kommunane og miljøregistreringar i produktiv skog. Brev til kommunane datert 23.10.2000

Gjershaug, J. O., Thingstad, P. G., Eldøy, S. & Byrkjeland, S. (red.), 1994: Norsk fugleatlas. Hekkefuglenes utbredelse og bestandsstatus i Norge. Norsk Ornitologisk Forening. Klæbu.

Gjærevoll, O. 1973. Plantegeografi. Universitetsforlaget, Oslo/Bergen/Tromsø.

Gaarder, G. og Jordal, J. 2001. Rødlistearter i Møre og Romsdal 2001. Planter, moser, kransalger, sopp, lav og sommerfugler. Fylkesmannen i Møre og Romsdal Rapport 2001- 01.

Gaarder, G., Holtan, D. og Jordal, J. B. 2001. Kartlegging av naturtypar – fylkestilpassede faktaark for Møre og Romsdal. Rapport 2001 – 2.

Haugset, T, Alfredsen, G. Og Lie, M. H. 1996. Nøkkelibiotoper og artsmangfold i skog. Siste Sjanse, Naturvernforbundet i Oslo og Akershus.

Holten, J. I., Frisvoll, A. A. Og Aune, E. I. 1986a. Havstrand i Møre og Romsdal. Flora, vegetasjon og verneverdier. Økoforsk rapport 1986: 3A.

Holten, J. I., Frisvoll, A. A. Og Aune, E. I. 1986b. Havstrand i Møre og Romsdal. Flora, vegetasjon og verneverdier. Økoforsk rapport 1986: 3B.

Hågvar, S. 1995a. Sikring av nøkkelibiotoper i kommunene. Biolog (13), 3-4: 23-25.

Hågvar, S. 1995c. La naturen gå i arv. Veileder for bevaring av biologisk mangfold i kommunene.

Norges Naturvernforbund.

Hågvar, S. og Berntsen, B. (red.) 2001. Norsk naturarv. Våre naturverdier i internasjonalt lys. Andresen og Butenschøn.

Jordal, J. B. 2000. Biologisk mangfold i Aukra kommune. URL: <http://www.fm-mr.stat.no/index.htm> [Lasta ned 28.05.02].

Jordal, J. B. og Gaarder, G. 1993. Soppfloraen in en del naturbeitemarkar og naturenger i Møre og Romsdal og Trøndelag. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernavdelinga. Rapport nr. 9 1993.

Jordal, J. B. og Gaarder, G. 1997. Biologiske undersøkelser i kulturlandskapet i Møre og Romsdal i 1995-96. Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Jordal, J. B. og Gaarder, G. 1998a. Biologiske undersøkingar i kulturlandskapet i Møre og Romsdal i 1997-98. Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Jordal, J. B. og Gaarder, G. 1999. Biologiske undersøkingar i kulturlandskapet i Møre og Romsdal 1992-1998. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, landbruksavdelinga, Molde.

Jordal, J. B. og Gaarder, G. 2001. Database over litteratur om naturen i Møre og Romsdal. Fylkesmannen i Møre og Romsdal.
URL <http://www.fm-mr.stat.no> [sist oppdatert 08.03.2002]

Jordal, J.B. og Gaarder, G. 1998b. Rødlisterarter i Møre og Romsdal - planter, sopp og lav. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, miljøvernavdelinga. Rapport nr. 3/98. 109 s.

Landbrukskontoret i Vanylven 1993. Registrering av verdifulle kulturlandskap i vanylven kommune. Brev til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 14.01.93.

Larsen, E., og Longva, O. 1994. Sande - Herøy – Ulstein – Hareid. I: Follestad, B. A., Larsen, E., Blikra, H., Longva, O., Anda, E., Sønstegaard, E., Reite, A. og Aa, A. R. 1994. Løsmassekart over Møre og Romsdal fylke. Beskrivelse og kartvedlegg: Løsmassekart M 1:250.000. Skrifter 112. NGU, Trondheim: 21 – 22.

Levende Skog 1998. Foreløpig standardutredning for område: Treslagsforedling – valg av treslag. Delsprosjekt 2, januar 1998.
URL: <http://www.levendeskog.no/html/Treslag.html> [Lasta ned 08.06.02].

Lid og Lid 1998. Norsk flora. 6. Utgåve ved Reidar Elven. Det norske samlaget, Oslo.

Lindstrøm, E.A. og Relling, B. 1994. Overvåking av små og mellomstore landbruksforurensende vassdrag i Møre og Romsdal. Undersøkelser i 1992 og 1993. NOVA-Rapport O-94117 for Miljøvernavdelingen, Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Lovdata 2002a. FOR 1984-11-16 nr 1895: Forskrift om freding for Helgehornvatnet naturreservat, Vanylven kommune, Møre og Romsdal. URL <http://www.lovdata.no/for/lf/mv/xv-19841116-1895.html> [Oppdatert juni 2002].

Lovdata 2002b. FOR 1984-11-16 nr 1896: Forskrift om freding for Raudehaugen naturreservat, Vanylven kommune, Møre og Romsdal. URL <http://www.lovdata.no/for/lf/mv/xv-19841116-1896.html> [Oppdatert juni 2002].

Lovdata 2002c. FOR 1988-05-27 nr 380: Forskrift om vern av Storevik naturreservat med tilgrensande dyrelivsfredning, Sande kommune, Møre og Romsdal. <http://www.lovdata.no/for/lf/mv/xv-19880527-0380.html> [Oppdatert juni 2002].

Løe, G. W. 1999. Population studies on three rare hepatic species in the genus *Herbertus* s. F. Gray. Thesis in botany, plant ecological studies in biodiversity for the degree Candidatus Scientiarum. Departement of Botany, NTNU, Trondheim. Upublisert.

Malme, L., 1974: Botaniske undersøkelser i tre innsjøer i olivinområder på Sunnmøre. Norsk inst.

vannforskn. 0-66070

Malme, L., 1978: Makrofyttvegetasjonen i tre innsjøer i olivinområder på Sunnmøre. *Blyttia* 36:19-26.

Meteorologisk Institutt 2002. Månedsverdier – parametervis m/statistikk for perioden 1990 - 2002. Stasjon 59610 Fiskåbygd.

Miljøverndepartementet 1992. Norsk oversettelse av Konvensjonen om biologisk mangfold: St. prp. nr. 56 (1992-93).

Miljøverndepartementet 1996. Miljøpolitisk redegjørelse 1996. Miljøvernminister Torbjørn Berntsens redegjørelse for Stortinget april 1996.

Miljøverndepartementet 1997a. Regional planlegging og arealpolitikk. St. meld. nr. 29 (1996-97). URL: <http://odin.dep.no/md/norsk/publ/stmeld/022005-040001/index-dok000-b-n-a.html> [Lasta ned 05.06.02].

Miljøverndepartementet 1997b. Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling – Dugnad for framtida. St. meld. nr. 58 (1996-97). URL: <http://odin.dep.no/md/norsk/publ/stmeld/022005-040003/index-dok000-b-n-a.html> [Lasta ned 05.06.02].

Miljøverndepartementet 1998. Norway's national report on implementation of the Convention on Biological Diversity. T 1229. URL: <http://www.biodiv.org/world/map.asp?ctr=no> [Lasta ned 05.06.02].

Miljøverndepartementet 1999. Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand. St. meld. Nr. 8 (1999-2000). URL <http://odin.dep.no/md/norsk/publ/stmeld/022005-040006/index-dok000-b-n-a.html> [Lasta ned 05.06.02].

Miljøverndepartementet 2001a. Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand. St.meld. nr. 24 (2000-2001) . URL:<http://odin.dep.no/md/norsk/publ/stmeld/022001-040007/index-dok000-b-n-a.html> [Lasta ned 05.06.02].

Miljøverndepartementet 2001b. Biologisk mangfold. Sektoransvar og samordning. St. meld. Nr. 42 (2000-2001). URL: <http://odin.dep.no/md/norsk/publ/stmeld/022001-040007/index-dok000-b-n-a.html> [Lasta ned 05.06.02].

Miljøverndepartementet 2002x. Fredrikstaderklæringen. URL: <http://odin.dep.no/md/norsk/publ/rapporter/022005-990313/> [Lagt inn 17. juni 1998].

Moen, A. 1998. Nasjonalatlas for Norge: Vegetasjon. Statens Kartverk, Hønefoss.

NGH 2001. Hvorfor, hvem og hvor? Nordisk Genbank Husdyr URL: <http://www.dep.no/ld/norsk/dep/utvalg/p10000218/020041-990020/index-dok000-b-n-a.html> [Sist oppdatert 19.11.2001].

NGU 2002. Geologiske kart på nett. Berggrunnsgeologidatabasen. Norges Geologiske Undersøkelser. URL: <http://www.ngu.no/> [elektronisk rasterutgåve av N 250 berggrunn-kartblada Ulsteinvik og Florø].

Nisk 2002. Miljøregistrering i skog. URL: http://www.nisk.no/Forskning/Skogzoologi/Mis/Default.cfm?P_id=88 [Lasta ned 05.06.02].

Nitare, J. (Red.) 2000. Signalarter. Indikatorer på skyddsvärd skog. Flora över kryptogamer. Skogstyrelsen, Jörrnkping, Sverige.

Norsk Landbruksmuseum 1998. Husdyrraser. URL: <http://www.nlm.nlh.no/husdyr.html> [Lasta ned 05.06.02].

Prosus 2002. Lokal agenda 21. Program for forskning og utredning for et bærekraftig samfunn. Senter for utvikling og miljø, UiO.

URL: http://www.prosus.uio.no/bu/la_21/index.htm [Lasta ned 05.06.02].

Relling, B. og Otnes, B. 2000a. Miljøkartleggingar i fjordar og kystfarvatn i Møre og Romsdal pr. 01.01. Fylkesmannen i Møre og Romsdal – Miljøvernavdelinga. Rapport 2000:02.

Relling, B. og Otnes, B. 2000b. Miljøkartleggingar i vassdrag i Møre og Romsdal pr. 01.01.2000. Fylkesmannen i Møre og Romsdal – Miljøvernavdelinga. Rapport 2000:03.

Røhnbæk, Ø. 1995. Miljø og jus. Oversikt over norsk miljørett med innføring i jus og forvaltningsrett. Universitetsforlaget, Oslo.

SFT 2001. FNs klimapanel: Alvorlige konsekvenser av klimaendringer.
URL: <http://www.sft.no/nyheter/dbafile4157.html> [Lagt ut 22.02.01].

SFT 2002. Miljøstatus i Norge.
URL: <http://miljostatus.no/>

Sommarfugldatabasen
URL: <http://www.toyen.uio.no/norlep/> [Sist oppdatert 03.01.01]

Statens kartverk 2002. SOSI. Databeskrivelse – biologisk mangfold.
URL: <http://www.statkart.no/standard/sosi/html/sosi.htm> [Lasta ned 25.06.02].

Statistisk Sentralbyrå 2002. Regional statistikk. Vanylven.
URL: <http://www.ssb.no/kommuner/region.cgi?nr=15> [Lasta ned 05.06.02]

Støen, H. A. 1995. Hva gjør vi når de viktigste områdene er identifisert? I: Biolog 13(3-4): 49.

UNEP and WCMC 2002. Biodiversity and climate change. Impacts on biodiversity.
URL: <http://www.unep-wcmc.org/climate/impacts.htm> [Sist oppdatert 01.10.01].

Utenriksdepartementet 1993. Om samtykke til ratifikasjon om en konvensjon om biologisk mangfold av 22. Mai 1992. St. prp. Nr. 56, 1992-1993.

Vanylven kommunestyre 2001. Saksprotokoll: Lokal Agenda 21 – Fredrikstaderklæringa kommunal tilslutning. Sak 0032/01. 25.06.2001.

Wesenberg, J. 2000. Fremmede arter i norsk flora – og litt om introduksjoner generelt. SABIMA – Samarbeidsrådet for biologisk mangfold.
URL: http://www.sabima.no/utinaturen/20001107_introduserte_planter.htm [Lasta ned 06.10.2003]

Wischmann, F. 1965. Sommerekskursjon til Sunnmøre, 12.-19.7.1964. Blyttia 23: 33-35

Muntlege kjelder

Karl Johan Grimstad
6062 Brandal
Tlf: 41 40 66 78

Magne Myklebust
6144 Sylte
Tlf: 70 02 20 15

Stig Ersvåg
6143 Fiskåbygd
Tlf: 70 02 20 54